

Kandidatnummer: 652

AVDELING FOR HELSE- OG SOSIALFAG



HØGSKOLEN I BERGEN

Mastergradsoppgåve i samfunnsarbeid

**Stad, samvær,  
samarbeid, samtale, samhald**

Ein feltstudie av ulike kvinnefellesskap på to asylmottak

Av Tove Klepsvik



Innleveringsdato: 24-10-2011

Institutt for vernepleie og sosialt arbeid

MA-SAA Haust 2008

## **Forord**

Det e pitlamann utrolig,  
men me ser jo at di kan:  
ud av kalla, hara jorå  
komme snøklokkene fram!

Det e det fina med våren,  
og det e et klart bevis:  
nytt håb kan spira  
onna møje snø å is.

Men mange myste håbe  
når samfunne bler kaldt,  
og kjærligheden drebes  
i konkurransen øve alt.

Se; snøklokker i hagen,  
vokse alltid flerr i lag,  
di vett å holla samen,  
når di strekke seg mod dag.

Av Gunnar M. Roaldkvam

Takk te adle, familie og vener for dei gode samtalene og bebuarane på asylmottaka som tok så vennleg i mot meg. Ein særskild takk til rettleiar høgskolelektor Kjell Henriksbø og førsteamanuensis Tobba Therkildsen Sudmann for gode innspel, og til målmann og bror Erik Klepsvik for språkvask.

<b>Innhold</b>	
<b>Samandrag .....</b>	<b>5</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>6</b>
<b>Del 1 .....</b>	<b>7</b>
<b>Bakgrunn.....</b>	<b>7</b>
Innleiing .....	7
Asylsøkarar.....	8
Å bu på asylmottak .....	10
Forskingsspørsmål .....	14
Min ståstad .....	15
<b>Framgangsmåte .....</b>	<b>18</b>
Tilgang .....	18
Førebuinger .....	20
Introduksjon til feltet.....	21
Ulike roller .....	22
Portvakter .....	23
Å forstå kva som skjer .....	24
Å skriva for å forstå .....	27
Etiske refleksjonar .....	29
Metoderefleksjon .....	31
Truverdet .....	31
Fellesskap og samfunnsarbeid .....	32
Oppsummering.....	36
Framlegg til vidare studiar .....	37
<b>Del 2 .....</b>	<b>39</b>
<b>Døra .....</b>	<b>40</b>
Ei dør på ein stad .....	40
På dørstokken.....	43
Døra som ikkje kan låsast .....	44
Døra som kan låsast.....	46
<b>Stad .....</b>	<b>49</b>
Her vil eg bu .....	49
By eller land?.....	50
Asylmottaka.....	52
Gata .....	52
Ein heim .....	56
Ulike fellesskap på ulike asylmottak .....	60
<b>Kjønn .....</b>	<b>63</b>
Kjønn som biologi .....	64
Kjønn som identitet .....	67
Kjønn som symbol .....	68
Kjønn som struktur .....	70
Kjønnet både fangar og gjev handlingsrom .....	71
<b>Saman .....</b>	<b>73</b>
Språkfellesskap .....	73
Heimlandsfellesskap .....	80
Matlagingsfellesskap.....	82
Trusfellesskap.....	84

<b>Omsorgsfellesskap .....</b>	<b>88</b>
<b>Nykelpersonfellesskap .....</b>	<b>89</b>
<b>Pålagt fellesskap .....</b>	<b>90</b>
<b>Samvær, samarbeid, samtale, samhald.....</b>	<b>94</b>

Tilvisingar

Vedlegg

# **Samandrag**

## **Stad, samvær, samarbeid, samtale, samhald**

Mastergradsoppgåve i samfunnsarbeid. Høgskolen i Bergen. 2011

Skrive av Tove Klepsvik

tove@torg.is

Dette er ein feltstudie av ulike kvinnefellesskap på to asylmottak i Noreg. Studien syner korleis ein kan forstå ulike fellesskap ut frå lokalisering, kjønn og kvardagshandlingar. Feltarbeidet vart gjort på to ulike asylmottak i Noreg, kor det eine var lokalisiert i ein by, medan det andre var lokalisiert i distriktsnoreg.

Studien er samansett av ulike essay som har fleire perspektiv på fellesskap. Essayet *Døra* er eit essay eg skreiv før feltarbeidet og handlar om strukturelle tilhøve. Essayet *Stad* skildrar korleis både plasseringa av dei einskilde romma i eit asylmottak og geografisk lokalisering gjev føringar for ulike fellesskap. Mine funn syner at eit asylmottak lokalisiert i eit distrikt har andre fellesskap enn eit asylmottak lokalisiert i by. Eit asylmottak med fellesrom i sentrum av kvinneavdelinga gjev føringar for tettare fellesskap enn eit asylmottak med sams opphaldstad i enden av ein korridor. Essayet *Kjønn* argumenterer for korleis kjønn både fangar og mogeleggjer fellesskap fordi kvinnene vert verna ved at dei bur i eigne kvinneavdelingar. Det at dei bur saman og difor utfører ein del av dei daglege gjeremåla saman er med på å utvikla ei kjensle av fellesskap. Essayet *Saman* skildrar dei ulike identitetane og gjeremåla som bind kvinnene saman og lagar fellesskap.

Nøkkelord: Fellesskap, asylmottak, saman, kvinner, kjønn.

# **Abstract**

Master thesis in Community Work, Department of Health and Social Studies, Bergen University College. 2011

Written by: Tove Klepsvik  
tove@torg.is

A field study of various female communities at two reception centres in Norway. The paper shows how one can understand the different communities in view of location, gender and everyday actions. The field work was performed at two separate reception centres in Norway, one located in a city and the other one was in a rural location.

The paper is composed of several essays that focus on different views on communities. The essay “Døra” (The Door) is an essay I wrote prior to the field work, it discusses structural conditions. “Stad” (The Place) describes how both the arrangement of the rooms in the reception centre and the geographic location of the centre itself affects various communities. My findings show that a reception centre in a rural area has different communities from a centre located in a city. A reception centre with a common room located centrally in the womens quarters contributes to a closer community than a centre with the common room at the end of a hallway. The essay “Kjønn” (Gender) discusses how gender both limits and creates possibilities for community due to the women being protected by living in separate female quarters. Living together and therefore doing many everyday activities together contributes to create a feeling of community. The essay “Saman” (Together) describes the various identities and activities that unite the women and how these form communities.

Keywords: Community, reception centres, together, women, gender

# **Del 1**

## **Bakgrunn**

Fyrsteintrykket som nordmenn får når dei vitjar eit asylmottak er ofte einsarta. Bygningar som er gamle og treng vedlikehald. Asylsøkarar som bur som sild i tønne, med mange som delar kjøken, bad og toalett. ”Så kummerleg dei har det,” sa mine medstudentar då dei var på vitjing på asylmottaket der eg arbeider. ”Kva slags liv har dei her?” undra dei på.

## ***Innleiing***

Tema for denne studien er fellesskap mellom kvinner på asylmottak. Relasjonsord som solidaritet, samhald, samhørighet, fellesskap og liknande vert mykje mindre nytta no enn tidligare.<sup>1</sup> Det syner at ulike tider og ulike tradisjonar snakkar ulikt om fellesskap. Det fins mange slags fellesskap. Vetlesen<sup>2</sup> seier at nokre assosierer fellesskap med noko positivt som gjer at me kan leva eit godt liv, medan andre igjen assosierer fellesskap med noko klaustrofobisk som hindrar den einskilde i å leva eit fritt liv. For meg er fellesskap noko me treng fordi eg legg til grunn at menneske er sosiale vesen som me i samfunnsarbeid ser på på dette viset:

Sosiale fellesskap bygger på at hvert enkelt individ er i stand til å vurdere sin egen situasjon, orientere seg mot andre mennesker og sine omgivelser, og være i stand til å handle og samhandle på bakgrunn av dette.<sup>3</sup>

Samfunnsarbeid vert definert på forskjellige vis.<sup>4</sup> Fellesnemnaren for dei fleste definisjonane er at samfunnsarbeid er kollektiv handling for å betra tilhøve i eit samfunn. Turunen og Bracht skil mellom tre ulike typar samfunnsarbeid; lokalutvikling, samfunnsplanlegging og samfunnsaksjon. Lokalutvikling handlar om kvalifisering, sjølvhjelp og integrering i eit lokalsamfunn. I denne studien vert det synt gjennom dei ulike kvardagshandlingane som kvinnene gjer saman på asylmottaka.

---

<sup>1</sup> (Nafstad, Blakar, and Vetlesen 2009:158)

<sup>2</sup> (Vetlesen 2009:20)

<sup>3</sup> (Sudmann TT og Henriksbø K 2009)

<sup>4</sup> (Turunen 2004:21,28; Bracht, Kingsbury, and Rissel 1999:86; Fisher 2007:51; Twelvetrees 2008:1)

Samfunnsplanlegging handlar om planlegging av offentleg eller privat service i eit lokalsamfunn, altså dei overindividuelle nivåa som studien peikar på når det gjeld korleis struktur påverkar danning av fellesskap. Oppgåva er sett saman av:

**Del 1**, som inneholder bakgrunnsinformasjon om asylsystemet i Noreg og presentasjon av forsking som handlar om korleis det er å bu på asylmottak. Dei fleste studiane og rapportane skildrar elende på asylmottaka medan mitt perspektiv var ei samfunnsarbeidstilnærming kor ein mellom anna ser etter vilkåra for samhandling. Eg presenterar forskingsspørsmålet som er: Korleis kan fellesskap (eller mangel på fellesskap) mellom kvinner på eit asylmottak forståast? Vidare gjer eg reie for det vitskapsteoretiske perspektivet mitt som er ei hermeneutisk tilnærming. I tillegg inneholder den første delen eit metodekapittel. Kapittelet inneholder ein presentasjon av deltakande observasjon som metode og det empiriske grunnlaget for studien som er eigne røynsler frå arbeid med kvinner på asylmottak i tillegg til feltarbeid på to ulike asylmottak i Noreg. Denne delen seier også nok om samfunnsarbeid og presenterar essensen av funna mine.

**Del 2** kor funna vert presentert i form av essay. Det første essayet Døra, skreiv eg før feltarbeidet. Eg vart tilsett på eit asylmottak for å skipa til aktivitetar for kvinnene, men kvar gong eg kom opp på kvinneavdelinga var det strukturelle tilhøve som merksemdu vart retta mot. Essayet Stad, skildrar korleis både plasseringa av dei einskilde romma i eit asylmottak og geografisk plassering gjev føringar for ulike fellesskap. Essayet Kjønn, argumenterer for korleis kjønn både fangar og gjev mogelegeheter for fellesskap fordi kvinnene vert vernt ved at dei bur i eigne kvinneavdelingar. Det at dei bur saman og difor gjer ein del av dei daglege gjeremåla saman er med på å utvikla ei kjensle av fellesskap. Det siste essayet, Saman skildrar dei ulike identitetane og gjeremåla som bind kvinnene saman og lagar fellesskap.

## **Asylsøkarar**

Ein personar som flytter frå eit land til eit anna vert kalla innvandrar i det landet han kjem til. Omgrepene flyktning vert nytta om ein person som får vern grunna frykt for forfølging. Overføringsflyktningar er ein person som kjem til Noreg etter at FN og UDI

har vald dei ut. Omgrepet asylsøkar vert nytta om ein person som på eiga hand kjem til Noreg og bed om asyl.

I Verdserklæringa om menneskerettar<sup>5</sup> er det proklamert at alle har rett til å søka asyl og nyta vern mot forfylging. Noreg har forplikta seg til å gje vern til menneske som er på flukt ved å signera Flyktningekonvensjonen.<sup>6</sup> Det inneber at når ein asylsøkar kjem til Noreg for å söka asyl må Noreg gje vern medan styremaktene undersøker om asylsökaren tilfredsstiller vilkåra for vern etter konvensjonen. Rett til vern som flyktning har dei som har velgrunna frykt for forfylging grunna rase, religion, nasjonalitet eller medlemskap i ei særskilt sosial gruppe eller har ei politisk oppfatning.

Det var 43,2 millionar menneske på flukt i verda ved utgangen av 2009.<sup>7</sup> Det er ein million fleire enn året før. Dei fleste av desse er i naboland eller dei er internt jaga.

Noreg har teke imot om lag 1000 overføringsflyktningar dei siste åra.<sup>8</sup>

Overføringsflyktningar flyttar direkte til kommunar og er ikkje innom noko asylmottak. I 2010 kom det 10 064 asylsøkarar til Noreg. Det var ein nedgang frå toppåret 2009. Dei fleste kom frå Eritrea, Somalia, Afghanistan, Russland, Etiopia, Irak og statslause.<sup>9</sup> Utlandingsdirektoratet handsama 13 000 asylsøknader i 2010. Av dei fekk om lag halvparten opphold. Dei som ikkje får opphold har plikt til å reisa ut frå Noreg. Nokre av desse søker frivillig retur, andre vert uttransporterte, medan andre igjen forsvinn, det vil sei at dei lever i skjul i Noreg. I tillegg er det nokre asylsøkarar med endeleg avslag som ikkje kan returneras dersom det er tvil om identiteten deira eller at landet dei kjem frå ikkje har returavtale med Noreg, eller at dei er statslause. Dei har rett til å bu på asylmottak.

Kort tid etter framkomst vert asylintervjuet av asylsökaren gjort. Dette dannar grunnlaget for om asylsökaren har rett til å få asyl. Medan asylsøknaden vert handsama må asylsökaren vente i eit asylmottak. Dette kan ta fleire år. Dersom søknaden vert godkjend får asylsökaren status som ein flyktning. Så byrjar den lange ventetida på å finna ein kommune som vil busetta flyktningen.<sup>10</sup>

---

<sup>5</sup> (committee 1948)

<sup>6</sup> (UNHCR 2007)

<sup>7</sup> (Flyktningehjelpen 2011)

<sup>8</sup> (Rasmussen 2009)

<sup>9</sup> (Engesland 2011)

<sup>10</sup> (Grimsmo 2010)

Dersom asylsøknaden vert avslått må asylsøkaren forlata Noreg. Det kan han gjera friviljug med hjelp frå migrasjonsbyrået International Organisation for Migration, dersom han ikkje gjer det kan han verta tvangreturnert. Ein asylsøkar kan òg få midlertidig opphold i Noreg. Det har vore gjort kollektivt, som med flyktningar frå Bosnia og Kosovo. Dersom ein får midlertidig opphold får ein det som regel for 6 månader om gongen og får ikkje busettingsløyve, difor vert ein buande på eit asylmottak.

## Å bu på asylmottak

Når ein asylsøkar har hatt asylintervju og er registrert som asylsøkar er det opp til den einskilde kor vedkommande vil bu medan han ventar på handsaming av søknaden. Det er Utlendingsdirektoratet si oppgåve å syta for ein stad å bu for menneske som kjem til Noreg for å söka asyl.<sup>11</sup> Utlendingsdirektoratet legg ut mottakstenester på anbod som dei ulike driftsoperatørarane konkurrerar om. Driftoperatørar kan vere kommunar, ideelle organisasjonar eller private selskap som driv asylmottak. Det er òg Utlendingsdirektoratet som fører tilsyn med dei ulike driftsoperatørane i tillegg til å ha ansvar for opplæringstilbod på prioriterte område for driftsoperatørar og mottakstilsette. I tillegg til å vera eit butilbod skal eit asylmottak ha bebuarretta arbeid som skal hjelpe til med å gje bebuarane ein meiningsfull kvardag. Til det og anna drift trengs det tilsette. Utlendingsdirektoratets krav til bemanning er ikkje talfesta men slår fast at bemanninga skal kvalitetssikra det faglege arbeidet, som består av leiing av asylmottaket, informasjonsarbeid retta mot asylsøkarar og samarbeidspartar, økonomistyring av asylmottaket og asylsøkarane og arbeid retta mot barn.<sup>12</sup> Det er opp til den einskilde driftsoperatør å tolka kva kvalitetssikringa av det faglege arbeidet tyder. Nokre driftsoperatørar krev ei særskilt utdanning til dei ulike stillingane.

I tillegg har Utlendingsdirektoratet ulike satsingsområde for asylmottaka. Tryggleik og retur har vore satsingsområde dei siste åra i tillegg til at det i 2010 og 2011 vart satsa på lokalsamfunnsarbeid forstått som samarbeid med lokale samarbeidspartar.<sup>13</sup>

---

<sup>11</sup> (Grimsmo 2008)

<sup>12</sup> (Mortensen 2010)

<sup>13</sup> (Mortensen 2011)

Det er om lag 120 asylmottak, inkludert mottak for einslege mindreårige og transittmottak i Noreg. Transittmottak er det fyrste mottaket ein asylsøkar kjem til før dei vert sende til eit ordinært asylmottak ein eller annan stad i Noreg. Dersom asylsøkaren ikkje har pengar eller nokon stad å bu, kan han bu på asylmottak, noko dei fleste vel. Då bur ein gratis og får pengar til å kjøpe mat og klede for. Dei som bur privat får ikkje pengar. Det er ulike satsar for utbetaling avhengig av asylstatus og alder.<sup>14</sup> Dei fleste asylsøkarane får om lag 3000 kr i månaden. I tillegg får dei dekka reiseutgifter til obligatorisk undervisning og til akutt helsehjelp. På transittmottaket får dei utlevert ein pakke med klede og ein kjøkkenpakke med utstyr til matlaging.

Det er gjort nokre studiar og rapportar om korleis det er å bu på asylmottak. Butilhøve, helsetilhøve og ventetida er noko som opptar asylsøkarane. Det er det dei fleste studiane omhandlar.

Det er ikkje noko krav om storleiken på romma som asylsøkarane får tildelt på asylmottaka. Som oftast bur dei to eller fleire på same rom. Som regel kjenner dei ikkje kvarandre på førehand. Det at dei bur trongt er peika på av Sivertsen<sup>15</sup> som peikar på faren for brakkesjuke. Brakkesjuke er eit tilhøve kor ein er trøytt og nedstemt, dette har ein funne hjå militærtilsette og innsette i fengsel.

Ein del studiar og rapportar handlar om helsetilhøva til asylsøkarane og kva det har å seia for den psykiske helsa å bu i asylmottak. Dijk<sup>16</sup> har skrive ein artikkel som inneheld data frå fyrste del av ein studie over to år frå nederlandske asylmottak kor målet for studien er å få innsikt i korleis asylsøkarane nærmar seg og taklar ymse helsetilhøve. Nederland sin asylpraksis er ikkje så ulik den norske. Førebels funn er at asylsøkarane uttrykker kjensler av ekstrem einsemd. Dei føler seg utestengd sosialt, juridisk, økonomisk og geografisk. Trugsmålet om å verta returnert til krig og elende er det altoverskyggande.

Andre studiar og rapportar er opptekne av asylsøkarane sin rettstryggleik i Noreg.

---

<sup>14</sup> (Mortensen 2011)

<sup>15</sup> (Sivertsen 2007)

<sup>16</sup> (van Dijk et al. 2002)

Brekke og Vevstad<sup>17</sup> samanliknar Noregs handsaming av asylsøkarar med andre EU land. Dei konkluderar med at Noreg stort sett er på linje med dei andre EU landa. Det er viktig sånn at asylmottaka, som allereie er overfylt, ikkje vert fullt opp av dublinarar. Ein dublinar er ein asylsøkar som kjem frå eit anna land som deltek i Dublinsamarbeiet for å søka asyl. I fylgje Dublinkonvensjonen 4.1.1.

Statene som deltar i Dublin-samarbeidet bevarer muligheten for å sende en asylsøker tilbake til en tredjestat etter første-asylstatsprinsippet, dersom dette er bestemt i nasjonal lov og ikke er i strid med FNs flyktningkonvensjon. Det vil således etter en tilknytning til Dublin-konvensjonens bestemmelser fortsatt være mulig å bortvise asylsøkere til sikre stater utenfor Dublin-området.<sup>18</sup>

Andre studiar og rapporter har fokusert på ventetida. Brekke.<sup>19</sup> skildrar korleis tida manglar kontinuitet med omsyn til fortid og framtid. Asylsøkarane meinte seg vera lite informert om opphaldet på asylmottaket og framdrifta av asylsøknaden. På same tid som dei visste at det berre var 50% sjanse for å få opphold såg dei ikkje på retur som ein mogelegheit.

Dei siste åra har ein vore oppteken av korleis det er for barn å vera på asylmottak. Sivertsen<sup>20</sup> skildrar dei ulike belastningane i asylmottaket som påverkar barn. Han skriv at det er tida i asylmottaket, foreldra si hjelpeøyse, foreldra sin sjukdom, butilhøvet og økonomien som er mest til last.

Vald mot kvinner har ein òg sett nærrare på. United Nations High Commissioner for Refugees peikar på at kvinner er særleg utsette for overgrep både før, under og etter flukt.<sup>21</sup> Nikolaisen<sup>22</sup> hevdar at vald mot kvinnelege asylsøkarar er større enn det registreringane fangar opp. Ei spørjeundersøking syner at asylmottaka ikkje er flinke nok til å rapporter vald. I tillegg skjer vald som ikkje vert registrert hos dei tilsette, særskilt gjeld det vald i nære relasjonar. Det hender at kvinner ikkje får forlata eiga bueining av ektemannen for å delta i aktivitetar. Rapporten peikar på alle nivå av

---

<sup>17</sup> (Brekke and Vevstad 2007)

<sup>18</sup> (Jensen 2011)

<sup>19</sup> (Brekke 2004)

<sup>20</sup> (Sivertsen 2007)

<sup>21</sup> (Lubbers 2003)

<sup>22</sup> (Per-Ivar Nikolaisen 2008)

mottaksdrifta, frå myndigheiter til personalet og sjølve organiseringa av arbeidet.

Rapporten avsluttar med fylgjande hovudutfordringar:

- Tiltak som ”treffer” vold i nære relasjoner og særlig overgrep frå partner.
- Ta kvinners grunnleggende utrygghet i mottak, i form av frykt for overgrep, på alvor.
- Samarbeidet mellom mottak og eksterne hjelpeinstanser i konkrete saker med vold mot kvinner.<sup>23</sup>

Andre studiar og rapportar har sett på asylsøkarar og deltaking i nærmiljøet.

Mellom anna har Drangsland<sup>24</sup> i studien: *Asylmottak som nærmiljø, en studie av relasjoner mellom asylmottak og lokalsamfunn i Ytre Arna* synt at det er ynskje om meir kontakt mellom asylsøkarane og lokalbefolkning, men i røynda er det liten kontakt.

Dette vert stadfesta av Viggen, med fleire for Direktoratet for forvaltning og IKT :<sup>25</sup>  
*Mens de venter....En kartlegging av informasjon til beboere i asylmottak.*

Stoknes<sup>26</sup> sin studie handlar om kva førestillingar som eksisterar på bygda, då på Bømlo, mellom anna om ”dei fleirkulturelle” på asylmottaket. Den syner at ”dei fleirkulturelle” har eit eige samfunn og er lite inkludert i nærmiljøet.

Mathisen<sup>27</sup> sin studie skildrar samhandlinga mellom bebruarane mot det identitetsskapande arbeidet.. Funna kjenner eg att frå min arbeidsplass. Dei kan samanfattas som:

- Tilbaketrekking, det vil sei at asylsøkjarane held seg vekke frå felles aktivitetar så som informasjonsmøte og dugnader.
- Vere saman med vener og familie som er busett i ein kommune.
- Kontakt og nære relasjonar med andre på mottaket.

Berg<sup>28</sup> si avhandling handlar om dei ulike stoppestadene i eksilet. Ho samanfattar det eg finn av forsking om asylsøkarar på asylmottak på fylgjande vis:

---

<sup>23</sup> (Per-Ivar Nikolaisen 2008:58,59)

<sup>24</sup> (Drangsland Karianne Klovholt 2009)

<sup>25</sup> (Viggen 2009 )

<sup>26</sup> (Stoknes 2007)

<sup>27</sup> (Mathisen 2007)

<sup>28</sup> (Berg 2010)

I starten av dette kapitlet ”besøkte” vi et asylmottak og fikk et lite gløtt inn i det som kjennetegner tilværelsen som asylsøker. Forskningen som er beskrevet i avsnittet over bekrefter mye av det som ble framhevet: Ventetiden, passiviteten, trangboddheten, isolasjonen og fraværet av kontroll med eget liv og framtid.<sup>29</sup>

Brekke med fleire <sup>30</sup> sin rapport: *Innvandring og flukt til Norge. En kunnskapsgjennomgang 1990-2009.* peikar på at det er gjort få studiar om asylsøkarane sine opplevingar av det å bu på asylmottak. Dei studiane som er gjort handlar om korleis asylsøkarane opplev tida, om fraværet av normalt liv grunna dei fysiske ramma og uro grunna tette butilhøve. Rapporten peikar på at regelverk for asylmottak i stor grad er basert på oppmodingar, noko som fører til stort rom for lokale tilpassingar. Fylgjande forskingsutfordringar vert forslått:

- Variasjonene i omfanget av mottaksdriften – rekruttering, kompetanse og gjennomstrømming av mottaksansatte
- Lokale variasjoner i helsetjenestetilbudet
- Hvordan kommuniseres saker der sårbarhet kan innvirke på omgivelser og saksutfall mellom mottaksansatte, helsepersonell og ansvarlige for asylsaken?
- Mottak og nærmiljø – Best practice. Forutsetninger for vellykket sameksistens
- Mottaket som institusjon. Dynamikk mellom mottaksbeboere <sup>31</sup>

Det er nettopp dynamikken mellom mottaksbeboarane eg har gripe fatt i og som denne studien vil sei noko meir om.

## **Forskingsspørsmål**

Som vist ovanfor er det mange studiar som skildrar elende på asylmottak. Mitt sufte var det motsette. Eg ville sjå på om det fanst noko samhandling kor kvinner på asylmottak var med på å betra tilhøve for kvarandre medan dei ventar. Eg ville sjå etter kva slags fellesskap som fanst på kvinneavdelingar på asylmottak.

---

<sup>29</sup> (Berg 2010:174)

<sup>30</sup> (Brekke Jan-Paul 2010)

<sup>31</sup> (Brekke Jan-Paul 2010:118)

I eit asylmottak er asylsøkarane, heretter kalla bebuarane (på mottaket), i ein situasjon kor dei er lite frie og der dei er avhengig av andre. Dei kan stort sett ikkje velja kor i Noreg dei skal bu medan dei ventar på handsaming av asylsøknaden, men vert sende til det asylmottaket som har ledig kapasitet. Dei kan i utgangspunktet ikkje velja kven dei skal dela rom med dersom dei kjem åleine. Som alle andre leietakrar må dei forholda seg til husreglar andre har laga. Dei må gå på informasjonsmøter og skule på dei tidene dei får tildelt. Manglande kunnskap i norsk språk gjer at dei ofte går glipp av naudsam informasjon. I tillegg har dei lite pengar, og at det styrar ein del val av aktivitetar, til dømes byturar med buss.

Mi røynsle frå arbeidsplassen min med omsyn til samarbeidet om til dømes fellesromma er at samlokalisering ikkje alltid er samhandling. Saman med ymse studiar syner det seg at det ikkje er lett å få bebuarane med på felles aktivitetar.<sup>32</sup> Dette kan sikkert forklaras på mange vis, men eg ville finna ut kva dei gjer sjølve for å laga fellesskap, både i mottaket og utanfor. Nokre av bebuarane på asylmottaket kor eg arbeidar ser eg aldri. Kva gjer dei? Kvifor er dei ikkje på asylmottaket? Kvifor vil dei ikkje vera med på fellesaktivitetar? Mange bebuarar ynskjer aktivitetar, men når me skipar til noko kjem dei ikkje. Kanskje gjer dei seg kjende på anna vis? Korleis? Dette har eg lyst til å finna meir ut av. Det er det sosiale fenomenet fellesskap eg vil fokusera på. Korleis gjer dei fellesskap? Kor gjer dei fellesskap? Kven gjer fellesskap og med kven? Kva slags fellesskap gjer dei? Lagar dei noko fellesskap på mottaket eller utanfor? Oppsøker dei allereie eksisterande fellesskap og i tilfelle kor?

Forskingsspørsmålet mitt vert: Korleis kan fellesskap (eller mangel på fellesskap) mellom kvinner på eit asylmottak forståast?

## ***Min ståstad***

Samfunnsvitskapen bygg på sanning som ein overordna verdi.<sup>33</sup> Det vil sei at sanninga må samsvare med røynda og røynda varierer ut frå den synstaden ein har. Det vere seg korleis ein ser på veren eller korleis ein forstår eksistensen av sosiale fenomen.

---

<sup>32</sup> (Mathisen 2007)

<sup>33</sup> (Grønmo 2004:17)

Gjennom historia har viktige tenkarar sett ulikt på individet og samfunnet og samspelet mellom individ og samfunn. Menneske forstår seg sjølv ut frå eigen eksistens, me er i verda og denne veren i verda går føre kvar teoretisk vurdering av verda. Menneske er sosiale vesen og søker difor fellesskap. Me formar kvarandre gjennom samspele med kvarandre.<sup>34</sup> Me er fødd inn i ein spesiell kontekst og forståing av konteksten er med på å forstå sosiale fenomen.<sup>35</sup> I tillegg er vårt sosiale liv i stadig endring og varierer frå situasjon til situasjon.<sup>36</sup>

For å forstå det sosiale fenomenet fellesskap vel eg ei hermeneutisk tilnærming. Hermeneutikk er læra om fortolking. Denne tilnærminga meiner at ei rekke fenomen er meiningsfulle og må fortolkast for å forståast.<sup>37</sup> Det vil seia at for å forstå menneskelege ytringar og handlingar søker ein meningane bak desse. Å forstå er hermeneutisk sett ikkje å få eit endeleg og urokkeleg grep om noko, men å vera i ein modus der ein er i ein open prosess for det som er framandt og annleis. På det settet gjer ein nye oppdaginger og undrar seg. Det gjer ein ut frå eigne føresetnadar, eller det som Gadamer kallar for for-dommer. Han seier: *Ethvert utsagns betydningshorisont finnes i det faktum at utsagnet har sitt opphav i en spørsmålssituasjon.*<sup>38</sup> Både spørsmål og svar har ein hermeneutisk funksjon gjennom interaksjon og samspele som igjen vil endra både horisont og samspele. Kvart utsegn og kvart spørsmål er motivert. Det er vanskelegare å stilla spørsmål enn å svara og det er dei vanskelege spørsmåla som opnar for ny innsikt. Ny innsikt gjer at ein rettar merksemada mot nye stader. I tillegg er kvar ny forståing ei ny fortolking. Det vil seia korleis me forstår dei utsegna som vert uttrykt gjennom ord i tillegg til dei handlingane menneske gjer. Kva er då sanning? Gadamer seier at sanning er noko som ikkje er løynt. Me leitar etter sanning for å få kunnskap om røynda. Når me samhandlar må me gå ut frå at noko er sanning. Skirbekk (2003) seier:

Når vi som personar møtest i fri og open samtale, i felles søking etter dei best moglege oppfatningane om korleis saker og ting er eller bør vere, vil vi i utgangspunktet anerkjenne kvarandre som både fornuftige og feilbarlege.<sup>39</sup>

---

<sup>34</sup> (Vetlesen 2009:21)

<sup>35</sup> (Grimen 2007:284)

<sup>36</sup> (Hojer 2008:282)

<sup>37</sup> (Gilje and Grimen 1993:142)

<sup>38</sup> (Gadamer and Jordheim 2003:28)

<sup>39</sup> (Skirbekk 2005:100)

Eg er medviten min eigen kulturelle ståstad og ynskjer å vera sensitiv, open og nyfiken til andre kulturar. Eg forstår det nye på bakgrunn av det gamle. Sanninga i samfunnsvitskapen er teoretisk, metodologisk og kontekstuelt forankra.<sup>40</sup> Det vil sei korleis ein får kunnskap om røynda eller sosiale fenomen. Eg får kunnskap om røynda gjennom samhandling med andre, eller som Gadamer seier; *forståelsen selv viser seg å være en hendelse.*<sup>41</sup> Denne samhandlinga vert tolka gjennom mi førforståing om røynda som mellom anna er farga av at eg er ei kvit middelklassekvinne som er oppvaksen i vesten. Mellom anna får eg kunnskap om verda gjennom intuisjon og eigne kroppslege reaksjonar.<sup>42</sup> Vurdering av sanning i samfunnsvitskapen bygg på rasjonelle og logiske kriterier.<sup>43</sup> Det vil seia at det må vera ei felles forståing av korleis ein granskar om noko er sanning. Likevel er ein bunden av person, kultur, historisk ståstad, tid, stad og så vidare, i tillegg til at: *Mennesket er et meningsfortolkende og fritt subjekt som ikkje fullt ut lar seg kausalforklare.*<sup>44</sup>

---

<sup>40</sup> (Grønmo 2004:17)

<sup>41</sup> (Gadamer and Jordheim 2003:48)

<sup>42</sup> (Heidegger and Holm-Hansen 2007)

<sup>43</sup> (Grønmo 2004:18)

<sup>44</sup> (Aakvaag 2008:25)

# Framgangsmåte

Det er forskingsspørsmålet som avgjer metoden. Ein kan studera eit sosialt fenomen i form av mengd einingar eller innhaldet/ meiningsa til fenomenet. Når eg vil studera korleis ein forstår fellesskap vil eg sjå nærmare på innhaldet. Eit fellesskap inneholder menneske som samhandlar. Dersom ein vil ha kunnskap om samhandling må ein vera/gjera/sjå saman med dei ein vil ha kunnskap om, eller som Wadel kallar det, *go native*.<sup>45</sup>

Deltakande observasjon er den mest brukte metoden i etnografisk forsking. Ved deltagande observasjon studerer ein kva slags aktivitetar folk deltar i, kven dei samhandlar med, kva dei seier og kva slags roller dei spelar, medan forskaren sjølve deltek.<sup>46</sup> Forskaren er både observatør og deltagar. I denne studien er det ikkje meiningsa å forstå ein kultur, men berre eit sosialt fenomen, nemleg fellesskap.

## Tilgang

Før eg kunne bed Utlendingsdirektoratet om løyve til å gjera feltarbeid på eit asylmottak måtte eg få tilråding frå norsk samfunnsvitskapeleg datateneste, som er personvernombod for forskar- og studentprosjekt ved høgskular og universitet.<sup>47</sup> Der søkte eg om å gjera feltarbeid på asylmottak, i tillegg la eg eit intervjukjema ved søkeren. I tilfelle eg ikkje fekk nok funn ville eg intervju tidlegare asylmottaksbebarar. For å forska på korleis kvinnene på eit asylmottak lagar fellesskap må ein ha tilgang til eit asylmottak.

Eg er tilsett som miljøarbeidar for kvinnene på eit asylmottak og tenkte at eg ville gjera feltarbeid på eigen arbeidsplass. Den tilliten eg har opparbeidd meg der ville gitt meg tilgang til bebarane sine samhandlingssituasjonar både i og utanfor asylmottaket. Fangen vektlegg tillit når ein skal få tilgang til eit felt.<sup>48</sup> I tillegg er bebarane vane med å vera i lag med studentar som skal skrive oppgåver og dei stiller gjerne opp til intervju.

---

<sup>45</sup> (Wadel 1987:114)

<sup>46</sup> (Fangen 2004:31)

<sup>47</sup> (Alver and Øyen 1997:97)

<sup>48</sup> (Fangen 2004:56)

Dei veit og at eg er student og har møtt nokre av mine medstudentar og lærarar. I eit asylmottak kan ein heller aldri vera sikker på kor lenge bebuarane vert verande. Dersom eg kunna ha forska på min eigen arbeidsplass ville eg alltid hatt nokre bebuarar som kunne vore portvakter sånn at eg fort vart kjend med dei nye som kjem. I tillegg ville eg fått tilgong til dei fellesskapa dei hadde utanfor asylmottaket. Eg ville unngå å koma i same situasjon som Dirdal som skulle gjera feltarbeid på eit asylmottak. Han skildrar det sånn:

Feltarbeidet utviklet seg ikke i den retningen jeg hadde forestilt meg. Jeg ble ikke ”hengende” på mottaket og observere. Det var nemlig ingenting å observere. Til min store forundring satt asylsøkerne for det meste inne på rommene sine og så på tv. Når det var pent vær befant de seg ikke ute på tunet, men de tok bussen til byen.<sup>49</sup>

Det er ikkje berre føremoner med å forska på eigen arbeidsplass. Ei av ulempene kan vere at ein lett kan verta blind og oversjå det sjølvsagte.

Eg søkte Utlendingsdirektoratet om løyve og fekk til svar at eg kunne gjere studien min på kva for eit asylmottak eg ville bortsett frå der eg arbeidde. Avslaget var på prinsipielt grunnlag. Utlendingsdirektoratet tillet ikkje feltarbeid på eigen arbeidsplass. Dei grunngjev det med at det kan vera vanskeleg for bebuarane å skilje mellom dei ulike rollene ein har som tilsett og som forskar.

Eg måtte leite etter andre asylmottak. Kriteriet var at det måtte vera eit sentralisert mottak med eigen avdeling for kvinner. Eit sentralisert asylmottak er eit mottak kor bygningane er samla på same stad i motsetnad til eit desentralisert mottak kor bygningane ligg spreidd rundt i kommunen. I sentrale mottak er det eit definert fellesområde, og i dei siste åra har dei fleste asylmottaka oppretta eigne avdelingar for kvinner. I tillegg ville eg sjå om det var nokon skilnad på fellesskapa på asylmottak avhengig av kor asylmottaket var plassert geografisk. Difor tok eg kontakt med eit som var plassert på bygda og eit som var plassert i ein by. Det var pragmatiske grunnar, som avstand og mogelegheiter for overnatting som avgjorde for val av asylmottak.

---

<sup>49</sup> (Dirdal 2002:27)

Det tok tid før eg fekk gjort skikkelege avtaler om tidspunkt. På det eine asylmottaket var leiaren sjukemeldt og på det andre var det skifte av leiar. Dette var og i ei tid kor Utlendingsdirektoratet fyrst sa opp ein del mottakspllassar for så å trekke oppseiinga til nokre av plassane attende, altså nokså uforutseibart for mange av asylmottaka. På asylmottaket som skulle få ny leiar sa dei at eg kunne komma etter jul, det vart for seint så eg spurte eit anna asylmottak. Der tok det òg lang tid før eg fekk svar. I tillegg foreslo dei eit anna tidspunkt enn det eg ville fordi dei dreiv med avvikling av ei avdeling i den tida. Alt dette seier ein del om kor vanskeleg det er for eit asylmottak å driva med langtidsplanlegging. Dei er på anbod og må vise at dei er raske til å omstilla seg sånn at dei kan få tilslag på neste anbodsrende. Huseby<sup>50</sup> kallar det presset dei tilsette står i mellom driftsoperatør, Utlendingsdirektoratet og asylsøkarane for krysspress.

Tilslutt fekk eg gjort avtale med eit asylmottak i ein by og eit ute i distriktet. Eg hadde aldri vore på nokon av dei tidlegare.

## Førebuingar

Det er naudsaamt å lese det som er skrive om feltet, alt frå andre studiar, rapportar , nyhende og anna relevant litteratur. For meg var det òg naudsaamt å vera oppdatert på Utlendingsdirektoratet sine nettsider.<sup>51</sup> Der kjem stadig nyhende som har relevans for informantane mine.

For å vera klår over eiga førehandsforståing er det lurt å notera ned kunnskapen og fordommane ein har på førehand til bruk i samanlikning seinare. Det vera seg førehandsforståing når det gjeld språk, omgrep, tru og eigne røynsler.<sup>52</sup> Lenge før feltarbeidet laga eg meg ei notatbok kor eg noterte ned tankar eg gjorde meg og kjensler eg hadde i ulike tilhøve i samhandling med asylsøkarane på arbeidsplassen min.

---

<sup>50</sup> (Huseby 2008)

<sup>51</sup> (Utlendingsdirektoratet 2010)

<sup>52</sup> (Gilje and Grimen 1993:148)

Før ein startar feltarbeidet har ein òg ein problemstilling som er såpass vid at den kan endrast undervegs. Wadel<sup>53</sup> meiner at det som kjenneteiknar eit feltarbeid er det som han kollar ein runddans mellom teori, metode og data.

## ***Introduksjon til feltet***

På førehand hadde eg skrive to introduksjonsskriv der eg introduserte meg sjølve og formålet med feltarbeidet.. Det eine skrivet var til dei tilsette på asylmottaka og det andre var stila til asylsøkarane, heretter kalla kvinnene eller bebuarane. Skriva vart sende til mottaksleiar før eg kom til asylmottaket. Eg gjorde avtale på førehand med mottaksleiarane om at eg ville ha eit introduksjonsmøte med kvinnene fyrste dagen, der eg kunne presentera meg og gje dei skrivet med spørsmål om deltaking. Skrivet til kvinnene hadde eg òg omsett til engelsk. Eg rekna med at det ville vere kvinner der som ikkje forstod engelsk og spurte difor asylmottaka om dei kunne tinga tolkar til meg på dei språka som var naudsame. På bymottaket hadde dei tinga to tolkar, men på distriktsmottaket fekk dei ikkje tak i tolkar så der måtte dei nytta personar på asylmottaket som fungerte som tolkar.

Båe mottaka hadde invitert kvinnene til eit informasjonsmøte kor eg vart presentert. Eg fortalte om mitt formål og delte ut skrivet med førespurnad om deltaking. Bebuarane vart informerte om at det var friviljug å delta, at dei kunne trekka seg når som helst og at all informasjon ville verta anonymisert. Det var ingen motførestellingar, tvert imot. Eg vart beden på te og bebuarane sa at dei ville bidra med informasjon. Nokre bebuarar ville at eg skulle vera med dei inn på rommet for å snakka med dei åleine. Det fekk eg snakka vekk. Det at bebuarar ynskjer å fortelja om eigen situasjon er noko eg må rekna med når eg seier at eg er interessert i korleis det er å vera på mottak, sjølv om eg hadde sagt at det var det dei gjorde saman eg var interessert i. Mi røynsle frå arbeidsplassen min er at når bebuarar vil ha ei einesamtale handlar det om asylprosessen. Det er det dei er mest interessert i og det høyrer inn under Utlendingsdirektoratet sitt ansvarsområde.

---

<sup>53</sup> (Wadel 1991)

## ***Ulike roller***

Eg reflekterar stadig over mine skiftande roller i feltet, både dei eg sjølv valde,<sup>54</sup> og dei eg vart gjeven.<sup>55</sup> Kva slags roller som gav meg mest informasjon om det sosiale fenomenet fellesskap. Aase og Fossåskaret argumenterer for at forhandlingar av ulike statusar er metodiske grep som kjenneteiknar deltakande observasjon.<sup>56</sup> Eg presenterte meg som student som var interessert i korleis det var å bu på mottak.

Fangen<sup>57</sup> seier at: *Den vanligste forskerrollen i feltarbeid er å delta i den sosiale samhandlingen.* Eg var til stades der det føregjekk samhandling av to eller fleire personar. Fangen skil mellom delvis deltakande observatør, fullt deltakande observatør, ikkje deltakande observatør, go native, intervenerande deltarolle og deltarolle tilpassa personlege ferdigheiter. Ofte gjekk dei ulike rollene inn i kvarandre og eg var ikkje anten det eine eller det andre.

Ved å vera delvis deltakande observatør er ein med i kvardags samhandlinga ved å delta i handlingar og å fylgje opp med småprating. Dette gjorde eg i rolla som fjernsynssjåar, omsettar, leksehjelpar og deltarar i det kristne fellesskapet. Det er den vanlegaste forskarrolla.

Når ein er fullt deltakande observatør er ein del av miljøet ein forskar på. Goffman<sup>58</sup> meinte at om han skulle forstå korleis det var å vera pasient på eit psykiatrisk sjukehus måtte han leva saman med pasientane. Han sov på avdelingane, hadde ikkje kontakt med personalet og gjekk ikkje med nøklar. Han skriv vidare at leiinga var orientert om hans rolle, men at pasientane ikkje var det. I dag er det ikkje lov. Det hadde jo vore spanande å vore innlosjert på mottaket som asylsökjar, men etisk tvilsamt og ikkje råd å velja.

Ved å vera ikkje deltakande observatør observerar ein samhandling ein sjølv ikkje deltek i. Det gjorde eg som observatør av bebuarråd, bebuarmøte, treningsfellesskapet

---

<sup>54</sup> (Goffman 1992:32)

<sup>55</sup> (Fangen 2004:113)

<sup>56</sup> (Aase and Fossåskaret 2007)

<sup>57</sup> (Fangen 2004:103)

<sup>58</sup> (Goffman 1967:5)

til mennene, bornas leikefellesskap, barnebase/barnepass fellesskapet og dei ymse språkfellesskapa. Det å vera observatør er òg eit vis å delta fordi samhandlinga vert påverka av dei personane som er tilstades.

Ved intervenserande deltarolle bidrar ein aktivt med å endre samhandlinga. Dette var ei rolle eg ikkje hadde tenkt å ta, men som det hende at dei tilsette prøvde å gje meg. Til dømes når sjukepleiaren på mottaket ville at eg skulle setta ei sprøyte, eller når dei tilsette ville at eg skulle finna ei kvinne som kunne ta seg av barnebasen. Andre gonger var eg sjølv freista å ta den rolla, som når dei trengte ein ekstra bil for å koma seg til marknaden.

Når ein vel deltarolla tilpassa personlege ferdigheiter tek ein ei rolle som er naturleg. Eg er interessert i mat og glad i mat. Å vera ein del av matlagingsfellesskapet var den rolla som var den mest naturlege for meg.

Eg ville vera med i sosiale situasjonar der to eller fleire av bebruarane samhandla. Det var mange slike situasjonar på distriktsmottaket og ikkje så mange på bymottaket, der var dei helst på romma sine. Eg banka ikkje på fordi eg ville sjå på samhandlinga i fellesarealet. På distriktsmottaket var det nesten alltid folk i fellesarealet.

## **Portvakter**

Fangen<sup>59</sup> seier at dersom ein i byrjinga av eit feltarbeid kjem i kontakt med det ho kollar ei portvakt er det ideelt. Ei portvakt er ein person som kan lettare skaffa tilgang tilfeltet fordi ho er sentral i det samfunnet ein vil studera.

På distriktsmottaket var Ehele ei av dei fyrste eg vart kjend med. Ho snakka godt engelsk. Ho var med i bebuarrådet. Ho var eldre enn dei andre einslege og når ho sa noko lytta alle. Ho var sentral i dei fleste fellesskapa eg fann der.<sup>60</sup> Ho var og ein av nykelinformantane.

---

<sup>59</sup> (Fangen 2004)

<sup>60</sup> Meir om dei ulike fellesskapa og bebuarrådet i essayet, Saman.

På bymottaket var det annleis. Eg såg aldri mange av kvinnene saman på likt. Likevel hadde eg der ein nykelinformant, Genet, som alltid tok imot meg når eg kom og sette seg ned med meg. Det einaste felles munnlege språket me hadde var norsk og ho kunne bare enkle ord. Med kroppsspråk og gester gjorde ho meg merksam på ymse tilhøve ved mottaket.

## Å forstå kva som skjer

Det empiriske grunnlaget for studien er samansett av feltnotat og uformelle feltsamtaler. Under feltarbeidet skreiv eg notat, såkalla feltnotat. Dei har vore viktig reiskapar i analyseprosessen. Eg hadde med meg små notatbøker ifeltet. Eg noterte ikkje då eg var saman med bebuarane, men tok meg små pausar i rom der eg var åleine og kunne notere ned. For meg vart det unaturleg å ta fram ei notatbok når eg var saman med kvinnene. Eg gjorde det berre på bebuarmøte då me sat rundt eit bord og andre enn eg noterte. Kvar kveld føydde eg til fleire observasjonsnotat. Dei vart skrivne som observasjonsnotat, analytisk notat og metodologisk notat.

Observasjonsnotata var skildringar av det som føregjekk.<sup>61</sup> Eg var saman med bebuarane i fellesromma på asylmottaket og i fellesaktivitetar utanfor mottaket. Eg observerte kven som samhandla, kva dei samhandla om, korleis dei samhandla, kor dei samhandla (stad og rom), når dei samhandla osv. Eg noterte og samtaler mellom bebuarane og mellom forskar og bebuarar, så kalla feltsamtaler.<sup>62</sup> Feltsamtalane var uformelle, det vil seia at dei ikkje var avtalte på førehand. Observasjonsnotata skildra kva som skjedde, i tillegg fekk eg viktig innsikt gjennom eigne kjensler.<sup>63</sup> Å vera deltagande observatør i eit miljø der eg ikkje kunne nytta morsmålet mitt og der min kulturelle kontekst var ukjend for asylsøkarane var ei stor utfordring sjølv om eg er van med å misforstå og å verta misforstått. Eg måtte nytta både kroppsspråk og verbalt språk som ”mottaksengelsk,” norsk og engelsk. I tillegg nytta eg asylsøkarar som morsmålsassistentar. Då vert det ein freistar å seia tolka fleire gonger i ulike kulturelle kontekstar. Eg er eit verbalt menneske, difor freistar eg ofte å avklåra observasjonar eg gjer med ord. Det er ikkje sikkert at det er avklåringar, kanskje heller misoppfatningar

<sup>61</sup> (Grønmo 2004:149)

<sup>62</sup> (Aase and Fossåskaret 2007)

<sup>63</sup> (Fangen 2004:80)

grunna språkproblem. Av den grunn noterte eg både det som vart gjort i samhandlingar og det som vart sagt i tillegg til mine eigne kjensler. Fangen seier at: *Alle sammenhenger der mennesker samhandler, om det nå er i et lokalsamfunn, en subkultur eller en organisasjon, erfares ikke bare gjennom ord, men også med følelse og kropp.*<sup>64</sup>

Analytiske notat omhandla problemstillingar og omgrep som kunne opne for ei djupare forståing, for å sjå om observasjonane omhandla det temaet eg ville studera, eventuelt omformulera forskingsspørsmålet eller omdefinera fenomenet.<sup>65</sup> I dei analytiske notata byrja fortolkinga, laging av hypotesar og utvikling av nye omgrep.

Metodologiske notat omhandla drøfting og vurdering av metoden. Kritisk sjølrefleksjon over det som vart gjort og korleis eg burde gå fram vidare. Deltakande observasjon er fleksibel på det viset at ein kan endra metode dersom ein ikkje får tak i dei data ein er ute etter, eller ikkje klarer å omsetta observasjonane med dei omgropa ein har.

Analysen byrjar frå fyrste stund i eit feltarbeid.<sup>66</sup> Dei ulike fasane i forskingsprosessen glei over i kvarandre, det gjorde òg dei ulike notata. Eit observasjonsnotat er òg mine tolkingar då eg vel ut kva eg skal notera, difor har det analytiske notatet allereie vorte fortolka fleire gonger.

I analysen ville eg fortolka og forstå fenomenet fellesskap. Eg laga meg difor eit oversyn over dei ulike fellesskapa eg hadde sett på asylmottaka, fellesskap i tydinga der to eller fleire samhandlar.

På bymottaket fann eg følgjande fellesskap:

Kvinnefellesskap

Nyhendefellesskap

Grannefellesskap

Språkfellesskap

Barnepassfellesskap

Friviljug arbeidsfellesskap

Eldre band fellesskap

---

<sup>64</sup> (Fangen 2004:77)

<sup>65</sup> (Fangen 2004:34)

<sup>66</sup> (Fangen 2004:170)

Bebuarråd (fekk ikkje vore med på det)  
Trusfellesskap utanfor mottaket  
Slektsbandfellesskap utanfor mottaket  
Kvinnegruppefellesskap delvis utanfor mottaket

På distriktsmottaket fann eg følgjande fellesskap  
Kvinnefellesskap  
Leksefellesskap  
Fjernsynsfellesskap  
Bornas leikefellesskap  
Mennenes treningsfellesskap  
Mennenes matlagingsfellesskap  
Språkfellesskap  
Barnepassfellesskap  
Dugnadfellesskap  
Sjukdomsfellesskap  
Trusfellesskap  
Bebuarråd

Dei er ikkje så ulike dei ulike fellesskapa på dei ulike mottaka. Førstegrads fortolking kallar Fangen det, når ein skildrar det ein har sett og høyrt.<sup>67</sup> Eg ville gjerne få ei litt djupare forståing av fenomenet fellesskap og då måtte eg nytta meg av meir røynslefjerne omgrep. Det er det Fangen kallar for andregrads fortolking.<sup>68</sup>

Eg las feltnotata fleire gonger og lette etter omgrep som gjekk igjen samstundes som eg hadde forskingsspørsmålet framføre meg.<sup>69</sup> Tilslutt enda eg opp med: kjønn, språk, tru, stad og omsorg .I tillegg har eg vore på to ulike asylmottak på to ulike stader, by og land. Eg ville samanlikna fellesskapa på dei ulike mottaka. Eg såg at både strukturelle tilhøve og at dei einskilde aktørane var med på å legga føringar for fellesskapa på mottaka. Det vil eg klargjere i essaya som kjem.

---

<sup>67</sup> (Fangen 2004)

<sup>68</sup> (Fangen 2004)

<sup>69</sup> (Auerbach and Silverstein 2003)

## Å skriva for å forstå

I tillegg til feltnotatar skreiv eg blogg.<sup>70</sup> Det gjorde eg i seks månader. Eg hadde til saman 67 innlegg. Tanken bak var å skipa eit virtuelt fellesskap rundt oppgåva. Målgruppa var i hovudsak andre studentar som har interesse av oppgåveskriving, feltarbeid og eller samfunnsarbeid i tillegg til kven som helst som kunne ha interesse av samfunnsarbeid. Eg hadde 11 fylgjarar, i hovudsak slekt og vener.

Bloggen vart skiven både før, under og ei stund etter at eg hadde vore på feltarbeid. Eg hadde ikkje skrive blogg før så eg valte ein sjanger eg kjende frå før, nemleg dagboksjangeren. I ei dagbok rettar ein seg gjerne mot ein lesar som oftast er ein sjølve, eller sjølve dagboka. I ein blogg rettar ein seg mot kjende og ukjende lesarar.

Utgangspunktet mitt var at eg ynskja ein dialog på nettet. Eg fekk ein del kommentarar av ulik art, som:

- Oppmuntrande, som til dømes frå 22 september 2010, *2. dag i feltet*. Eg har skrive eit blogginnlegg fullt av nye inntrykk frå den for meg nye staden. Kommentar frå fagansvarleg Tobba er:

hei Tove, dette er spanande å lesa. og det vert spanande å lura meir på korleis blogging kan vera med på å stimulera til tenking, til analyse og til skriving. til å utforska og rydda i eit innvikla empirisk felt.

- Oppklårande, som; kva meinte du med? Sånne kommentarar gjorde meg merksam på min kvardagskunnskap. Døme frå 30. september 2010, *Innpass i feltet*. Eg skreiv at det kan og hende at kvinnene tenkte at dersom dei var positive til meg kunne det ha ein positiv innverknad på handsaminga av asylsøknaden. Kommentar frå Oda var:

Kvifor trur du dei tenkte at det kunne ha ei positiv innverknad på søknaden?

Mitt svar var då:

Her har eg ikkje vore tydeleg nok. Forkunnkapar eg har frå arbeidsplassen min gjer at eg tenkte at asylsøkarane trur at det er lurt å oppføra seg bra på mottaket. Dei veit at mottaket berre er ein stad dei bur og at dei tilsette ikkje har noko innverknad på søknaden, likevel kan dei

---

<sup>70</sup> (Klepsvik 2011)

sei ting som "UDI får nok greie på korleis me oppfører oss på mottaket likevel". I tillegg seier kollegaen min som er tidlegare asylsøkar at; hugs at det er berre nordmenn som har sånn tillit til offentlege myndigheter.

- Stadfestande, som til dømes frå 28. september 2010, *Siste dag i feltet*. Då oppdagar eg medan eg skriv at det er eit fellesskap eg ikkje har kome på, nemleg språkfellesskap. Kommentaren frå Kjell rettleiar er då:

Ja, det er rart at me ikkje tenkjer/ser/høyrer det mest innlysande med ein gong. Språk både inkluderarar og ekskluderar. Samstundes har du gjennom observasjonane dine vist oss at fellesskapet kjem i stand på ulikt vis, så dette vert spanande å fylgje vidare.

- Opplysande som til dømes frå 20. oktober 2010 *2.dag i bymottaket*. Eg har skrive at det er vanskeleg å få samhandlingsdata sidan kvinnene stort sett er på romma sine og lite i fellesromma samstundes som eg skriv at dei er på datarommet. Kommentar frå Asmundur er då: *Kva med datafellesskap?* Noko eg såg nærare på og fann ut var eit viktig fellesskap.

Dei fyldigaste bloggane var frå feltarbeidet og dei fleste kommentarane vart knytt til dei. Etter kvart vart det for mykje arbeid både å skriva på sjølve studien og bloggen. Bloggen vart heller ikkje det samtalerommet eg trudde at den kunne verta og bloggen vart lagt ned. I ettertid ser eg at det var disiplinerande å måtte skriva kvar dag. Det gjorde eg under feltarbeidet. Etter kvart som analyseringa av feltnotata byrja vart det vanskelegare å skriva blogg. I mine private feltdagbøker tenkte eg ikkje på korleis eg formulerete meg, men det måtte eg i bloggen, så der fekk eg øvd meg på å formulera meg klårt og presist. Formuleringsprosessen vart då òg ein tenkeprosess. Eg skriv det eg tenker og tenker det eg skriv og får på det viset auka forståing. Beck-Karlsen<sup>71</sup> argumenterer for at ein med hjelp av skriving kan utvikla problemstillingar og dilemmaer som ligg innbakt i ei forteljing. Eg hadde mange spørsmål og undringar som eg delte med det virtuelle rommet. Nokre fekk eg svar på medan andre vårt ståande som ei påminning for me sjølve om det eg lurte på. Sjølv om utgangspunktet var dialogen kan òg monologen vera nyttig som reiskap for tanken.

---

<sup>71</sup> (Bech-Karlsen 2003)

## ***Etiske refleksjonar***

Når ein skal forska på menneske og deira handlingar må ein ta omsyn til loven om handsaming av personopplysningar.<sup>72</sup> Loven si oppgåve er å syta for at ein tek omsyn til grunnleggande personvern. Nokre opplysningar er meir sensitive enn andre. Loven nemner i §2 nr.8 at opplysningar om rase eller etnisitet eller politisk, filosofisk eller religiøs meinings er rekna som sensitive opplysningar.

NSD, norsk samfunnsvitskapeleg datateneste er personvernombod for forskar- og studentprosjekt ved høgskular og universitet.<sup>73</sup> Der måtte eg melda frå før eg byrja prosjektet. NESH, den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora er sett til å vurdera dei forskingsetiske sidene ved eit forskingsprosjekt for å kunne ivareta forskingsetiske omsyn.<sup>74</sup> I retningslinene til NESH vert det peikt på det faktum at forskrarar har eit spesielt ansvar med å få fram kunnskap om marginale grupper i samfunnet. Ein må og vera merksam på korleis dei marginale gruppene vert framstilte så det ikkje fører til ytterlegare marginalisering.

Hovudinnhaldet i den forskingsetiske reguleringa er:<sup>75</sup>

- Dei involverte skal informeras om undersøkinga sitt føremål og opplegg.

Eg laga eit likelydande skriv til Utlendingsdepartementet og dei einskilde asylmottak der eg bad om løyve til å gjera deltakande observasjon på eit asylmottak. Eg laga eit anna skriv på norsk og engelsk som eg presenterte for bebuararane, det var såpass mange at dei kunne ta med seg dei skriva dei ville. I tillegg vart det hengt opp i fellesromma.

- Dei involverte skal sjølv avgjera om dei skal delta og dei kan avbryte når dei sjølv måtte ynskje det.

I tilrådinga frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste vart det presisert at overskrifta på skrivet til asylsøkarane på asylmottaket skulle vere *forespørsel om deltaking*, for å gjera frivilligheita tydeleg. Eg endra overskrifta frå *informasjon om prosjektet* til

---

<sup>72</sup> (Bratlie 2003)

<sup>73</sup> (Alver and Øyen 1997:97)

<sup>74</sup> (Alver and Øyen 1997:99)

<sup>75</sup> (Grønmo 2004:20)

*forespørsel om deltaking.* I prosjektvurederinga frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste vart det òg uttrykt at informasjonene måtte presenteras på eit språk som deltakarane forstår. Eg bad difor mottaksleiar tinga tolkar på dei språk dei fann naudsame.

På begge asylmottaka var asylsøkarane udelt positive og sa seg villige til å hjelpa meg. Ynskje om å hjelpa er eg sikker på var ekta, men av røynsle frå arbeidsstaden min, som er på eit asylmottak, veit eg at nokre asylsøkarar trur at om dei er greie og samarbeider med dei tilsette på mottaket har dei større sjanse for å få opphold i Noreg. På asylmottaka var eg ikkje tilsett, men forskar som vart introdusert av dei tilsette. Bebruarane har vanskeleg for å tru oss når me seier at det er Utlendingsdirektoratet som handsamar asylsøknaden, difor tenkte eg at eg ville unngå å vera for mykje åleine med den einskilde sånn at dei kunne fortelja meg om kor viktig det var for akkurat ho å få opphold.

- Dei involverte må ikkje utsettas for fysisk eller psykisk skade.
- Informasjon om enkeltpersonar skal handsamas konfidensielt.

Loven om handsaming av personopplysningar §13 seier:

Den behandlingsansvarlige og databehandleren skal gjennom planlagte og systematiske tiltak sørge for tilfredsstillende informasjonssikkerhet med hensyn til konfidensialitet, integritet og tilgjengelighet ved behandling av personopplysninger.<sup>76</sup>

Notatbøkene hadde eg i eit låsbart skap og etter kvart som eg skreiv ned feltnotata på datamaskina vart dei lagra på høgskulen sin filtenar. Eg gav kvinnene namn etter kvart som eg vart kjend med dei. For å sikra anonymiteten fekk alle etiopiske namn same kor dei var frå, frå ei liste skriven av Utne.<sup>77</sup>

---

<sup>76</sup> (Bratlie 2003)

<sup>77</sup> (Utne 2007)

I tillegg har eg anonymisert asylmottaka ved å gje dei namn etter lokaliseringa, bymottaket er asylmottaket i byen medan distriktsmottaket er asylmottaket i distriktet.. Det vart gjort fordi lokaliseringa har noko å seia for funna.

## ***Metoderefleksjon***

På spørsmålet om eg har fått meir kunnskap om fellesskapa på asylmottaka er svaret både ja og nei. Eg har fått meir kunnskap og kunne tenka meg å få endå meir. Var metoden eg nytta den rette for å få svar på det studien søkte svar på? Eg meiner at deltakande observasjon var den rette metoden, men hadde eg vore lengre enn 10 dagar på kvart asylmottak hadde eg fått meir kunnskap. Antalet dagar var tilfeldig vald og pragmatisk ut frå eit tidsperspektiv. Hadde eg visst kor stor forskjell det var på dei ulike asylmottaka burde eg ha vore lengre på bymottaket enn på distriktsmottaket. Det var lettare å få tak i samhandlingsdata på distriktsmottaket enn på bymottaket. I tillegg tek det tid å få tillit. Fangen seier at for å forstå ein kultur på kulturen sine eigne premisser må ein gjera eit lengre feltarbeid. I tillegg hadde eg tenkt å sjå korleis det var på andre arenaer enn asylmottaket, som til dømes skule, kyrkje, moske og anna. Det vart det og for lita tid til for då måtte eg fyrst oppretta kontakt med ein asylsøkar det var naturleg å spør om løyve, så måtte eg spør til dømes skulen om løyve.

Dei asylsøkarane eg fekk mest kontakt med var dei som tok kontakt med meg og som snakka engelsk. Dei eg fekk minst kontakt med, var dei som hadde fellesskap utanfor asylmottaket. Det vil sei at eg fekk kontakt med dei mest kontaktsøkande og dei som hadde trond for kontakt.

## ***Truverdet***

Når ein ser på truverdet til ein studie er det vanleg å sjå på kor gyldige og pålitelige funna er og om dei kan overførast.<sup>78</sup>

---

<sup>78</sup> (Malterud 2002)

- Gyldigkeit.

Gyldigkeit eller kredibilitet som Fangen kallar det, handlar om funna kartlegg det fenomenet som studerast.<sup>79</sup> Kompetansevaliditet syner forskarens kompetanse, som røynsler og kvalifikasjonar for innsamling av data på det aktuelle forskingsfeltet.

Kommunikativ validitet bygg på kommunikasjon mellom forskar og andre om data er aktuelle med omsyn til problemstillinga. Dette er ei studentoppgåve som mellom anna vert målt på om funna svarar på problemstillinga. Mykje hjelp fins undervegs i skriveseminar, i kollokviegruppe saman med medstudentar og ikkje minst hjå rettleiar.

- Pålitelegheit

Pålitelegheit, eller bekreftbarhet som Fangen kallar det, handlar om ein annan forskar ville fått dei same funna i tilsvarende situasjon.<sup>80</sup> Avgrensinga til ein tilsvarende situasjon ligg i val av tid og stad. Ulike tider har ulik asylpolitikk og dei ulike asylmottaka er plassert på ulike stader i landet. Det er ulik bygningsmasse, ulike tilsette og ulike bebuarar. Nokre asylmottak var meir villige enn andre til å delta. Er dei opnare og meir interessert i eigen drift enn andre? På same vis var det med asylsøkarane, nokre tok meir kontakt enn andre. Sjølv om konteksten varierar er det mange studiar som stadfester det eg har observert på dei ulike asylmottaka.<sup>81</sup>

- Overførbarheit

Overførbarheit handlar om mine tolkingar av det eg observerte kan overførast til å gjelda andre liknande samanhenger. Begge mottaka var tilfeldig valde. Eg reiste til dei mottaka eg først fekk tilgang til og dei var ikkje dei første eg spurte. Det er ikkje sikkert at det vil vere like stor skilnad på eit anna bymottak og distriktsmottak ein annan stad. Både tilsette og asylsøkarar skiftar ofte. Dei er òg med på å farga staden. Ein annan gong i ei anna tid med andre aktørar kan funna vera annleis.

## ***Fellesskap og samfunnsarbeid***

I samfunnsarbeid er me mellom anna opptekne av vilkåra for kollektive endringsprosessar. Samfunnsarbeid er: *En kollektiv prosess for å endre betingelser for*

---

<sup>79</sup> (Fangen 2004)

<sup>80</sup> (Fangen 2004)

<sup>81</sup> Sjå kapittelet *Å bu på asylmottak*

*sosial deltagelse for fleire personer/grupper knyttet til et interessefellesskap, et organisatorisk fellesskap eller et geografisk fellesskap.*<sup>82</sup> Eit av vilkåra er at det må finnast eit fellesskap. Denne studien viser korleis ein kan forstå det sosiale fenomenet fellesskap ut frå ulike perspektiv som struktur, stad, kjønn og kvardagshandlingar. Det utelukkar ikkje andre perspektiv, men det var dei perspektiva funna mine peika mot. Fellesskapa eg fann kan samanliknas med sjølvordskandidatane fellesskap i Paasilinna si bok, *Kollektivt selvmord*<sup>83</sup> og bornepassarane sitt fellesskap i Armenta sin studie i West Los Angeles Park.<sup>84</sup> Paasilinna skildrar ei gruppe menneske som vil ta sjølvord saman. Boka startar med to menn som møtest i ei løe der begge hadde tenkt å ta livet sitt. Då dei ser den andre i same ærend ser dei at dei ikkje er aleine i verda. Dei finn fort tonen og vert samde om å kalla saman fleire lagnadsfrender. Dei sett inn annonse i ei avis og får mange svar. Dei som svarte vert oppmuntra til å utsette sjølvordet fordi: *selvmord som ble utført i fellesskap kanskje kunne vise seg å ha meir tyngde enn et amatørmessig selvmord begått i ensomhet, kollektiv styrke var viktig også på dette området.*<sup>85</sup> Dei som vert einige om å søka døden i fellesskap samla seg etter kvart i ein buss som dei skal køyra utfor med på Nordkapp. Under bussturen vert sjølvordskandidatane kjende med kvarandre og mange band vert knytt. Når bussen skal til å køyre utfor er det mange som trekk i nødbremsa og sjølvordet vert utsett. Det skjer igjen og igjen, det er alltid grunnar til å utsette sjølvordet. Bussturen fortsett gjennom Europa på leit etter den perfekte staden å gjera kollektivt sjølvord, men stadig vert det utsett. Dei mange opplevelingane dei har saman undervegs får livslysten til å vekse. *Fellesskapet hadde styrket selvføelsen.*<sup>86</sup> Det kollektive sjølvordet vart avlyst. Organiseringa av sjølvordskandidatane starta ut frå ei trond eller krise,<sup>87</sup> eller som Freire seier det: *Følgelig må utgangspunktet alltid være hos mennesket i det ”her og nå” som utgjør situasjonen de befinner seg i, som de stiger opp av og som de griper inn i.*<sup>88</sup>

---

<sup>82</sup> (Sudmann TT og Henriksbø K 2009)

<sup>83</sup> (Paasilinna 2008)

<sup>84</sup> (Armenta 2009)

<sup>85</sup> (Paasilinna 2008:48)

<sup>86</sup> (Paasilinna 2008:219)

<sup>87</sup> (Wallerstein 2007:33)

<sup>88</sup> (Freire 1974:69)

Sjølvordskandidatane var saman i same buss i same ærend på same vis som dei latinske bornepassarane i West Los Angeles Park.<sup>89</sup> Bornepassarane samla seg i parken på oppmoding av arbeidsgjevarane som ville at borna deira skulle leike ute med andre born. Bornepassarane trefte då kvarandre. Etter kvart vart dei godt kjende og hjalp kvarandre med bornepass, dei delte mat med kvarandre og utveksla informasjon om mellom anna arbeidstilhøvet som ikkje alltid var like bra. På det viset laga dei eit fellesskap som vart samanlikna med ein klubb. *The community of nannies functions like a club in that it is a recognizable group that meets regularly for common purpose.*<sup>90</sup> Armenta er ikkje overraska over at bornepassarane lagar fellesskap, men ho er overraska over når og kvar fellesskapet er.

Det som kjenneteiknar fellesskap anten det er i ein buss, ein park eller eit asylmottak er at det er band som bind folk saman. Det kan vere alle slags band, frå delt plass til felles interesser, eller kvardagshandlingar som til dømes å eta og passa born og sjuke som og kan gje ei kjensle av fellesskap. Bauman og May seier at der er fellesskap når faktorane som bind menneske saman er sterkare enn dei som kan skilja menneske.<sup>91</sup> Ofte overdriv me både dei like og dei ulike faktorane. Likskapen i situasjonen for sjølvordskandidatane, bornepassarane og kvinnene på asylmottaka gjorde at dei vart merksame på kvarandre og kvarandre sin situasjon. I fylge Freire er dialogen sentral i utvikling av det han kallar for kritisk tenking.<sup>92</sup> Freire meinte at når menneske gjennom dialog sette ord på si eiga røynd vart det lagt eit grunnlag for endring. Medan menneske i byrjinga ukritisk og utan interesse godtek dei tilsynelatande naturgjevne omgjevnadane vil den kritiske tenkinga gjere at dei ser omgjevnadane deira som dei verkeleg er. Det er denne røynsla som fører til det Freire kallar praxis, ein gjensidig føresetnad av refleksjon og handling. Bortfall av refleksjon gjer aktivisme og bortfall av handling gjer verbalisme.<sup>93</sup>

Freires dialogiske handlingsteori har hatt stor påverknad innanfor arbeid kor ein arbeidar for å styrka personar eller grupper som er i ein avmaktsituasjon, det som vert

---

<sup>89</sup> (Armenta 2009)

<sup>90</sup> (Armenta 2009:285)

<sup>91</sup> (Bauman and May 2004)

<sup>92</sup> (Freire 1974:76)

<sup>93</sup> (Freire 1974:71)

kalla empowerment.<sup>94</sup> Det er tragisk at me i Noreg ikkje kan finna eit godt norsk ord som dekkjer tydinga av omgrepet empowerment. På Island seier dei at om dei ikkje klarer å finne eller lage eit godt islandsk ord for eit omgrep så forstår dei det ikkje. Eg slo opp på den islandske målnemda si heimeside som omhandlar nye ord og slo opp på empowerment. Dei nyttar ordet frumkvæðisréttur som tyder rett til å ta initiativ.<sup>95</sup> No har ikkje me i Noreg eit norsk ord for initiativ, men oppstart er kanskje eit greitt ord? Så, oppstartrett kunne vore eit norsk nyord for empowerment. Det norske språkrådet si ordsmie foreslår myndiggjering.<sup>96</sup> Ordet dekkar ikkje godt nok det eg meiner Freire vil fram til i frigjerande handling. *Vi kan ikke si at noen frigjør noen andre i frigjøringsprosessen, og heller ikke at noen frigjør seg selv, men heller at mennesker i fellesskap frigjør hverandre.*<sup>97</sup> Empowerment er ikkje noko ein vert gjeven men noko ein tek. Eit betre ord ville då vere myndigtaking. WHO si ordliste seier at omgrepet skal forståas som ein prosess som gjer folk i stand til auka kontroll over eige liv. På det viset vert sjølvstyrking både ein metode og eit mål.

Empowerment may be a social, cultural, psychological or political process through which individuals and social groups are able to express their needs, present their concerns, devise strategies for involvement in decision-making, and achieve political, social and cultural action to meet those needs. Through such a process people see a closer correspondence between their goals in life and a sense of how to achieve them, and a relationship between their efforts and life outcomes.<sup>98</sup>

Hutchinson nyttar omgrepet maktmobilisering.<sup>99</sup> Det høyres ut for meg som om nokon med makt mobiliserast og ikkje at det er makta som mobiliseras.

Omgrepet empowerment inneheld dikotomiane; makt-avmakt, svekking-styrking, myndiggjering-umyndiggjering avhengig av teoretisk tilnærming. Eg vel å nytta omgrepet sjølvstyrking. Askheim seier at omgrepet handlar om å styrka enkeltindivid og grupper sånn at dei kan betra livsvilkåra sine.<sup>100</sup> Sjølvstyrking har fleire dimensjonar. Ein personleg og ein kollektiv dimensjon. Det handlar om å styrka seg sjølv ved å mobilisera dei ressursane ein treng i ulike situasjonar. På kollektivt nivå

---

<sup>94</sup> (Ellingsen 1998:189)

<sup>95</sup> (Málstöð 1997)

<sup>96</sup> (Språkrådet 2009)

<sup>97</sup> (Freire 1974:120)

<sup>98</sup> (WHO 1998)

<sup>99</sup> (Hutchinson 1999:56)

<sup>100</sup> (Askheim 2007)

handlar det om at sjølve fellesskapet vert styrka. Det igjen kan føra til at fellesskapet på kollektivt nivå tek i bruk dei ressursane dei treng for å betra tilhøvet. Wallerstein skildrar korleis maktesløyse er ein risikofaktor for utvikling av sjukdom, og korleis sjølvstyrking på både individ og kollektivt nivå kan motverke ein slik utvikling.<sup>101</sup>

Thesen argumenterer for at sjølvstyrking bygg på anerkjennung.<sup>102</sup> Ho har laga ein stige som fører frå anerkjennung til sjølvstyrking kor stega i mellom vektlegg den einskilde sine ressursar, så som mangfold i staden for stereotypiar og positiv akting i staden for stigmatisering.

Om desse fellesskapa kan føra til kollektive handlingar som betrar tilhøvet er ikkje noko ein veit på førehand, som med barnepassarane i West Los Angeles Park<sup>103</sup> Bornepassarane tilhørde ei minoritetsgruppe dei kalla latinas. Dei vart oppmoda av arbeidsgjevarane til å ta borna med ut i parken. Der møtte dei andre i same ærend. Bornepassarane møttest ofte i parken og etter kvart hos kvarandre i helgene. Dei utvikla eit fellesskap kor dei tok ansvar for kvarandre og kvarandre sine barn i tillegg til at dei gav kvarandre gode råd vedrørande arbeidstakars rettar. På same vis var det med sjølvordskandidatane, fellesskapet på bussen gjorde at dei fann livsgnist og heller ville leva enn å døy. Det var gjennom dialog og handling at sjølvordskandidatane og bornepassarane var med på å betra tilhøvet for einannan på same vis som nokre av fellesskapa eg fann på dei ulike asylmottaka.

## ***Oppsummering***

Denne studien er tufta på eit menneskesyn som ser på menneske som skapande, dugelege og handlande aktørar som kan betra tilhøvet for kvarandre. Studien tek utgangspunkt i eit vitskapsteoretisk paradigme kalla metodologisk relasjonisme som inneber at for å forstå eit sosialt fenomen må ein ha kunnskap om både aktør og struktur i tillegg til relasjonane mellom dei ulike tilhøva. For å forstå det sosiale fenomenet fellesskap har eg vald ei hermeneutisk tilnærming.

---

<sup>101</sup> (Wallerstein 2007)

<sup>102</sup> (Thesen 2005)

<sup>103</sup> (Armenta 2009)

Eg har organisert funna i ulike essay som gjev ulike perspektiv på korleis ein kan forstå fellesskap for kvinner på asylmottak. Perspektiva er valt ut frå funna som eg har samanfatta i tittelen til oppgåva, *Stad, samvær, samarbeid, samtale, samhald*.

Stad er både ein metafor for struktur samtidig som det er tittelen til eit av essaya. Ved handsaminga av funna vart det tydeleg at struktur både var eit vilkår og var med på å legga føringar for fellesskap. Det fyrste essayet Døra, skreiv eg før feltarbeidet. Eg vart tilsett på eit asylmottak for å skipa til aktivitetar for kvinnene, men kvar gong eg kom opp på kvinneavdelinga var det strukturelle tilhøve som merksemda vart retta mot. Essayet Stad, skildrar korleis både plasseringa av dei einskilde romma i eit asylmottak og geografisk plassering gjev føringar for ulike fellesskap. Mine funn syner at ulike stader lagar ulike fellesskap. Bymottaket bar preg av eit grannefellesskap i ei gate, kjenneteikna av laus deltaking i kvarandre sine kvardagsliv. Distriktsmottaket bar preg av noko meir enn ei gate. Det var som ein heim, ein stad med kjensle. Fellesrommet kor det nesten alltid var menneske som var opptekne av eit eller anna innbaud til samhandling.

Samvær, samarbeid, samtale og samhald som er fortsettinga av tittelen på studien står for aktørdelan av funna. Kvinnene bur saman og må difor samarbeide om nokre av dei daglege gjeremåla. Medan dei gjer det samtalar dei og knytt band som fører til samhald. Essayet Kjønn, argumenterer for korleis kjønn både fangar og gjev mogelegheiter for fellesskap fordi kvinnene vert verna ved at dei bur i eigne kvinneavdelingar. Det at dei bur saman og difor gjer ein del av dei daglege gjeremåla saman er med på å utvikla ei kjensle av fellesskap. Det siste essayet, Saman skildrar dei ulike identitetane og gjeremåla som bind kvinnene saman og lagar fellesskap.

## ***Framlegg til vidare studiar***

Denne studien har hatt som føremål å forstå det sosiale fenomenet fellesskap mellom kvinner på eit asylmottak. Det er gjort gjennom dei ulike perspektiva som var tydelegast i funna. Andre faktorar det kunne vere nyttig å sjå vidare på er mellom anna kva den einskilde sin ulike livssituasjon som til dømes alder og sivilstand. Har den einskilde sin ulike asylstatus, som asylsøkar som ventar på svar på søknaden, asylsøkar som har fått

opphold i Noreg og ventar på å få tildelt kommune, dublinar (asylsøkar som ikkje får søknaden handsama i Noreg), noko å sei for korleis dei forstår fellesskap? Eg hadde òg tenkt å sjå på dei ulike fellesskapa utanfor asylmottaka, noko eg ikkje fekk høve til. Dei kunne ein sett nærare på.

## **Del 2**

Denne delen inneholder fire essay som alle er fra ulike perspektiv på fellesskap for kvinner på asylmottak.

Essayet Døra og essayet Stad handlar båe om korleis strukturelle tilhøve er ein føresetnad for fellesskap. Essayet Døra vart skiven før sjølve feltarbeidet, medan eg vart tilsett på eit asylmottak for å skipa til aktivitetar for kvinnene som budde der. Det dei var mest opptekne av var strukturelle tilhøve.

Essayet Stad argumenterer for korleis både plasseringa av dei enskilde romma i eit asylmottak og geografisk lokalisering gjev føringar for ulike fellesskap. Eit asylmottak lokalisert i distrikt hadde tettare fellesskap enn eit asylmottak lokalisert i by. Eit asylmottak med fellesrom i sentrum av kvinneavdelinga hadde og tettare fellesskap enn eit asylmottak med felles oppholdstad i enden av ein korridor.

Essayet Kjønn argumenterer for korleis kjønn både fangar og gjev mogelegheiter for fellesskap. Kvinnene treng vern og bur difor i eigne kvinneavdelingar. Det at dei bur saman og difor gjer ein del av dei daglege gjeremåla saman er med på å utvikla ei kjensle av fellesskap.

Essayet Saman skildrar dei ulike identitetar og gjeremåla som bind kvinnene saman.

# Døra

Eg hadde tillyst baking på felleskjøkenet på kvinnekorridoren på asylmottaket, noko som plar vera sers populært. Denne dagen var det tomt då eg kom. Sov dei alle? Eg byrja å banka på dørene. Ei av dei opna seg på gløtt og eg såg eitt trøytt andlet som kikka på meg. ”Eg har sove så därleg i natt”, sa ho med det trøytte andletet. ”Mennene som bakar på kjøkenet vårt spela så høg musikk”. Eg vart arg og tenkte på alle dei problema døra har laga i stand for kvinnene på asylmottaket. Døra som går inn til kvinnekorridoren frå ein felles oppgang til kvinnekorridor og mannskorridorar. Døra som skal skilja mennene og kvinnene sine husvære. Døra som kvinnene skulle hatt råderett over og avgjere om ho skulle vere open eller lukka. Døra som skulle representera tryggleik for kvinnene. Døra som skulle syta for orden. Døra som skulle kunne låsast frå innsida. Eg kom for å skipa til aktivitetar, men kvar gong eg kom var det strukturelle tilhøve som merksemda vart retta mot og oftast handla det om døra, den som ikkje kunne låsast frå innsida. Bauman argumenterer for at alle menneske er tent med å oppretthalda ordna omgjevnader sånn at verda får ein struktur som regulerar åtferda vår.<sup>104</sup> For kvinnene på asylmottaket var det iallfall sånn at det strukturelle var viktigare enn matkultur, eller sagt på eit anna vis, ein føresetnad for matkultur.

## *Ei dør på ein stad*

Ein stad er handfast. *Whether built or just come upon, artificial or natural, streets and doors or rocks and trees, place is stuff.*<sup>105</sup> I tillegg til å vera ein materiell konstruksjon er ei dør eit symbol på sosial konstruksjon for å oppretthalda sosial orden på asylmottaket som døra som skulle kunne låsas er i. I asylmottaket bur det asylsøkarar som søker asyl i Noreg. Medan dei ventar på handsaminga av søknaden har dei rett til å bu på eit asylmottak fordi Noreg har forplikta seg til å fylgja Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen og FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar og har difor forplikta seg til å gje vern. Noreg har også forplikta seg ved å signera Flyktningekonvensjonen.<sup>106</sup>

---

<sup>104</sup> (Bauman and May 2004:161)

<sup>105</sup> (Gieryn 2000:465)

<sup>106</sup> (Goffman 1967:12)

<sup>106</sup> (Høgkommisæren 2007)

Det er Utlendingsdirektoratet som har ansvaret for å ta imot asylsøkarane og sjå til at dei får ein stad å bu medan asylsøknadane deira vert handsama. Utlendingsdirektoratet gjer avtale med dei ulike driftsoperatørane, nokre er kommunar, andre er friviljuge organisasjonar og dei aller fleste er private aktørar. Dette gjeld alle typar mottak: transittmottak; kor asylintervjuet vert teke, ordinære asylmottak; kor asylsøkarane bur til dei anten vert busett eller får avslag og ventemottak for dei som har fått avslag og ikkje vil returnere friviljug.<sup>107</sup> Asylmottaket med døra som ikkje kunne låsast, er eit ordinært mottak.

For tida er det 175 asylmottak i Noreg, eller skal eg kalle det berre mottak? Omgrepene vert nytta om kvarandre. På Utlendingsdirektoratet sine nettsider vert begge omgrepene nytta, men på dei fleste driftsoperatørane sine nettsider vert stort sett omgrepet mottak nytta.<sup>108</sup> Er det fordi det er kortare å seia eller fordi det er mindre stigmatiserande? Mange av mottaka er nemleg lokalisert i tidlegare sentralinstitusjonar for psykiatriske pasientar og for psykisk utviklingshemma, i totale institusjonar.<sup>109</sup> Andre er i nedlagde kursentre, militærleirar, internatskular eller hotell, altså i den tradisjonelle tydinga av omgrepet institusjon. Omgrepet institusjon har mange ulike tydingar avhengig av samanheng, alt frå konkrete bygningar til kjønn.<sup>110</sup> Garsjø seier at institusjon kjem frå det engelske ordet institute som tyder ordning og struktur.<sup>111</sup> Det er altså eit vis å ordna samfunnet på. I sosiologisk tyding vert omgrepet nytta som: *et sett av normer og roller som grupperer seg om en oppgave eller funksjon i samfunnet.*<sup>112</sup> Med dette omgrepet vert alt frå familie til det me vanlegvis ser på som institusjon så som skular, fengsel og helse – og omsorgsinstitusjonar rekna som institusjon.<sup>113</sup> Her reknar eg og eit asylmottak som ein institusjon. Goffman kallar bygningar der det er regelmessig aktivitet for ein sosial institusjon, medan ein total institusjon kjenneteiknast ved den manglende kontakten med omverda.<sup>114</sup>

---

<sup>107</sup> (Grimsmo 2008)

<sup>108</sup> (Utlendingsdirektoratet 2008)

<sup>109</sup> (Goffman 1967)

<sup>110</sup> (Martin 2003)

<sup>111</sup> (Garsjø 2008:30)

<sup>112</sup> (Garsjø 2008:30)

<sup>113</sup> (Garsjø 2008:33)

<sup>114</sup> (Goffman 1967:12)

Nokre av asylmottaka er og desentraliserte, det vil sei at driftsoperatørane leiger spredte bueiningar. Der er det alt frå gamle store einebustader som er delt opp i mindre einingar til nyare mindre bueiningar. Dette vert som små kollektiv. Utlendingsdirektoratet har i det siste oppmoda driftsoperatørane til å nytta desentraliserte mottak samtidig som dei skal konkurrera om å gje det beste anbodet. Det vert oftast billigast å fortsetta å nytta dei gamle institusjonane sjølv om dei kan vera ufunksjonelle.<sup>115</sup> Staden er i seg sjølv anten gagnleg eller skadeleg.<sup>116</sup> Det er ikkje det same om ein bur på ein institusjon eller i ein vanleg bustad. Bygningen med døra som ikkje kunne låsast, er ein gamal bustad der det tidligare budde fabrikkarbeidarar. Den har tre høgder. I fyrste og tredje høgd bur det einslege menn og i andre høgd bur det einslege kvinner, om lag 20 personar i kvar høgd. Kvar høgd har ein korridor med 14 rom på 8-10 kvadratmeter. Kvar korridor har eit kjøken felles og eit baderom som inneheld dusjar og toalett. I kvinnekorridoren er to av romma gjort om til oppholdsrom med fjernsyn i både romma og datamaskinar i det eine. Ingen av romma korkje kjøken eller oppholdsromma er store nok til å husa alle som bur i korridoren, difor er det ikkje nokon naturleg samlingsplass for alle som gjev høve til direkte kontakt som skapar nettverk og samhandling.<sup>117</sup> For å kunna samhandla må ein vere fysisk i nærleiken av kvarandre.<sup>118</sup> Kvinnene i korridoren er frå ulike verdsdelar, dei har ulik religion og dei har ikkje noko felles språk. Det dei har til felles er staden dei bur på, dei har alle reist frå noko kjent til noko ukjent og er tvungne til å leva saman med framande. Stundum forsvinn nokon og nye kjem til. Alle ventar dei på svar, får dei opphold eller ikkje? Medan dei ventar prøver dei å gjere staden dei bur på trygg ved å stå felles om å halda mennene ute frå staden deira. På det viset gjev dei staden meinинг.<sup>119</sup>

---

<sup>115</sup> (Utlendingsdirektoratet 2008; Garsjø 2008:159)

<sup>116</sup> (Gieryn 2000:474)

<sup>117</sup> (Gieryn 2000:473)

<sup>118</sup> (Shilling 1999:546; Low 2009:26; Goffman 1983:3)

<sup>119</sup>(Gieryn 2000:465,473; Norberg-Schulz 1992:90)

## På dørstokken

Det lyt sterke tappar  
som skal svinge dør  
til upplating for alle;  
men gjev din skilling,  
at ikkje skade  
vert ynskt deg på liv og lem.<sup>120</sup>

Ein annan gong eg kom opp på mottaket sa kvinna som var ansvarleg for nykelen til datarommet at ho ikkje torde å vera ansvarleg lenger. Grunnen var at ho ikkje torde å avvisa mannofolka på dørstokken når dei ville inn på rommet. Mennene vil ofte låna kvinnene sitt datautstyr då deira utstyr ofte går i sund. Mange av kvinnene kjem frå samfunn der det er ufint å seie imot ein mann på det viset.<sup>121</sup> Mennene kjem seg inn i kvinnekorridoren gjennom den døra som ikkje kan låsast frå innsida.

Alle samfunn delar inn menneske i kategoriar.<sup>122</sup> Ved tildeling av rom på asylmottaket vert bebuarane delt inn i kategoriar som nasjonalitet, språk, religion, sivil status og kjønn. Martin seier at når ein reduserar kjønn til berre biologi og psykologi kjem ikkje kjønn sin sosialitet og disposisjon for sosial konstruksjon fram.<sup>123</sup> Vidare seier ho at dersom ein ser på omgrepet kjønn som ein sosial institusjon, kan kjønn som eit produkt av menneskeleg handling endrast på lik linje med andre institusjonar. Det har historia synt oss.<sup>124</sup> På det viset er kjønn til likes med dørstokken både ei konkret og ei symbolsk grense.

Sosialantropologen Turner nyttar eit omgrep han kallar *liminality*, frå det latinske ordet som tyder dørstokk, eit omgrep som han nytta mellom anna når han skildra overgangar i ymse ritar. Dette omgrepet, *å vere på dørstokken*, seier Turner er ein tilstand eller prosess som er *betwixt and between* det normale.<sup>125</sup> I Noreg kallar me det dørstokkmila når me er på veg ut, men vert ståande på dørstokken å snakka eller ikkje klarar å krysse dørstokken for å kome oss ut til å gjera eitkvart, me tvilar fram og tilbake, me utset, me

---

<sup>120</sup> (Håvamål:v.136)

<sup>121</sup> (Eriksen and Sørheim 2006:127)

<sup>122</sup> (Goffman 2000:13)

<sup>123</sup> (Martin 2003:1261)

<sup>124</sup> (Martin 2003:1265)

<sup>125</sup> (Turner 1979)

veit ikkje heilt og me veg ulike lyster og plikter fram og tilbake. Når me er på dørstokken er me korkje inne eller ute. Kjensla av kvar me er, er fråverande. Douglas seier at dersom ein person ikkje har nokon plass i det sosiale systemet og difor er ein marginal person, så er det dei andre sitt ansvar å ta sine forholdsreglar mot dei fårer han representerar. Det vert uorden som øydelegg mønstre. Uorden er skit, og skit er ein feilplassert gjenstand som krenkar tinga sin orden. Når ein fjernar skiten er det difor ikkje ein negativ handling, men eitt vis å gjenopprettja orden.<sup>126</sup>

I vikingtida var det direkte fárleg å vera på dørstokken. Dørene var så låge at ein måtte luta seg før ein gjekk inn og då var det dei som var inne som kunne kontrollera om dei ville ha vitjing av personen. Var det eit fiendtleg hovud dei såg kunne dei berre kappa det av. Det å vera ståande på dørstokken kan ein trygt seie at asylsøkarane er. Dei har reist frå noko kjent til noko ukjent. Denne kjensla vert og skildra av Wiborg gjennom narrativar om norske ungdommar som flytter frå landsbygda til byen for å studera. Sjølv om dei meiner at dei hadde ein idyllisk oppvekst som dei har mista og saknar er dei ambivalente med tanken på kvar dei vil bu som vaksne.<sup>127</sup>

## **Døra som ikkje kan låsast**

Høgkommissären for flyktningar peikar på at kvinner er særleg utsett for overgrep både før, under og etter flukt.<sup>128</sup> Det at kvinner kan vera utsette for vald og etter flukt, i form av maktmisbruk, seksuell trakassering og overgrep i asylmottak gjer at ein må vera ekstra merksame medan kvinnene er i asylmottaket.<sup>129</sup> Nikolaisen skriv mellom anna at kvinner som bur i asylmottak røyner ein grunnleggande mangel på tryggleik som gjer at dei er redde for å gjera daglegdagse ting, som å gå ut av rommet og å laga mat. I tillegg skriv han:

Den fysiske utformingen av mottakene bidrar til å gjøre kvinner utrygge og sårbare for overgrep fra fremmede. Flere mottak mangler egne fellesrom forbeholdt kvinner. I tillegg mangler flere mottak egne boavdelinger for kvinner.<sup>130</sup>

---

<sup>126</sup> (Douglas 1997)

<sup>127</sup> (Wiborg 2004:422)

<sup>128</sup> (Høgkommisären 2005)

<sup>129</sup> (Per-Ivar Nikolaisen 2008)

<sup>130</sup> (Per-Ivar Nikolaisen 2008)

På asylmottaket bur menn og kvinner i den same bygningen, tidlegare budde dei og i same korridor. I det siste har ein forsøkt å skilja kjønna i skilde korridorar eller eigne husvere. I følge FNs høgkommisær for flyktningar er både direkte og indirekte diskriminering forbode. Med direkte diskriminering meiner ein ulik handsaming der ein refererar til kjønn. Med indirekte diskriminering meinar ein handlingar som vert ulike for kvinner og menn grunna eksisterande biologiske, sosiale, kulturelle og økonomiske skilnader ved kjønnsnøytrale avgjerder, som når alle bur i same bygning.<sup>131</sup>

Mange av asylsøkarane, til likes med mange andre, kjem frå samfunn som er prega av kjønnssegregering.<sup>132</sup> Somalia er eit av dei landa det kjem mange frå og dei fleste er muslimar som dekker seg med hijab. Dei låser døra til rommet sitt når dei er inne og må dekka seg til berre for å gå gjennom gangen for å koma seg på toalettet. Det er på grunn av døra inn til korridoren som ikkje kan låsast. Når nokon bankar på døra til rommet deira spør dei alltid kven det er, slik at dei får kledd seg som det sørmer seg i tilfelle det er ein mann. Ei kvinne seier det sånn: *Sløret er et symbol på at jeg er muslim, og det er til for å beskytte meg som kvinne Jeg dekker ikke kroppen for min egen skyld, men for at menn ikke skal fristes.*<sup>133</sup> Det er og mange som ikkje føler seg kledd utan hijab på same viset som mor mi som ikkje kunne gå på byen utan hatt.

Det er Utlendingsdirektoratet som utarbeidar retningsliner for mottaksdrifta om mellom anna buforholda. Retningslinene seier at standarden skal vere nøktern og det er jo forholdvist diffus, noko som kan vere tilsikta både av leiarskap, byråkratar og politikarar.<sup>134</sup> Det vert ikkje sagt noko om minstekrav, berre at: *Alle beboere skal ha en seng å sove i, tilgang til låsbare bad og toalett, samt til fellesarealer for sosialt samvær tilpasset kjønn og alder.*<sup>135</sup>

I tillegg har Utlendingsdirektoratet ymse satsingsområde kvart år og i 2009 var mellom anna tryggleik og sikkerheit ansvarsområde.<sup>136</sup> I dei siste åra har det vore eit aukande fokus på tryggleik og det er eit omgrep som er mykje nytta både i næringslivet og av

---

<sup>131</sup> (UN 1979)

<sup>132</sup> (Eriksen and Sørheim 2006:166)

<sup>133</sup> (Eriksen and Sørheim 2006:166)

<sup>134</sup> (Garsjø 2008:107)

<sup>135</sup> (Utlendingsdirektoratet 2010)

<sup>136</sup> (Utlendingsdirektoratet 2008)

politikarar.<sup>137</sup> Når det gjaldt kvinnene sin tryggleik skulle dei difor vurdera om sikkerheita for einslege kvinner var godt nok ivareteke og mottaka fekk pålegg frå Utlendingsdirektoratet til å syta for at kvinner skulle skjermast mot uønska merksemd frå menn. Det vart og avsett pengar til dette føremålet og for dei pengane skal asylmottaket kjøpa ei dør inn til kvinnekorridoren som kan låsast, mannskorridorane får ikkje det. Wiborg seier at: *The same place may have different meaning for men and women because places are in various ways associated with gender and regulate men's and women's behavior differently and influence how this behavior is interpreted.*<sup>138</sup>

## Døra som kan låsast

Nykelen til døra til datarommet ville heller ingen andre av kvinnene ta ansvaret for, dei hadde stor tiltru til ho som hadde ansvaret og ville at ho skulle fortsette. Løysinga fann ho som hadde ansvaret. For å sleppa påkjenninga med å avvisa personane på dørstokken som dei ikkje ynskja vitjing av, ville det beste vera å låsa døra frå innsida når dei skulle nytta datamaskina. Då måtte dei andre kvinnene banka på døra om dei ville inn og gje lyd sånn at ho som hadde låst seg inne kunne høyra at det var ei kvinnerøyst og då vite at det var trygt å opna døra. Dette tungvinte opplegget måtte dei ha på grunn av at døra inn til korridoren ikkje kunne låsast. Eg vart forundra over tilliten dei synte kvarandre for det hadde vore tillau til kiving om tida den einskilde nytta på datamaskinane, men her gjaldt det å halda mennene ute. Eriksen seier at: *All kommunikasjon finner per definisjon sted fordi partane har felles interesser.*<sup>139</sup> Det fins mange døme i historia som syner at det ikkje er noko som er meir samlande enn ein felles fiende. Samkjensla er sterkest når den ikkje er friviljug.<sup>140</sup>

Det å ikkje kunne velje på kva side av ei låst dør ein skal vere, vert skildra av Fosse som skriv om ei kvinne som lot døra gå i slå mellom seg og eit lite born: *eg kan ikkje stå her, eg høyrer døra slå igjen, stengd dør, og ungen begynner grine. døra slår igjen! og er heilt åleine i gangen, må få låst opp døra. få tak i nokon som har nøkkel.*<sup>141</sup>

---

<sup>137</sup> (Garsjø 2008:75)

<sup>138</sup> (Wiborg 2004:418)

<sup>139</sup> (Eriksen and Sørheim 2006:134)

<sup>140</sup> (Bauman and May 2004:60)

<sup>141</sup> (Fosse 1993:17)

Kvinna kunne ikkje låse opp døra då ho ikkje hadde nykel. For å kunne vere i stand til å handla må ein vere klår over kva slags strukturar ein har råderett over. Handling og struktur har vore problematisert som tilhøve som gjensidig utelukkar kvarandre,<sup>142</sup> men fins i alle blandingsforhold: *Agency and structure, and micro/macro, are not opposite natural kind but variations along a continuum.*<sup>143</sup> Ein heim krev ikkje dei same strukturane som ein institusjon. Stort sett har ein større handlingsrom i ein heim enn i ein institusjon.

Ei dør som kan låsast har eit nykelhol. På forsida av Goffmans bok, *Anstalt og menneske*<sup>144</sup> er det bilete av eit nykelhol. Eit liknande bilete nyttar myndighetene som symbol på ferdigpakka matvarer.<sup>145</sup> *Nøkkelhullet* er eit sunnhetsmerke på matvarer, og det er ikkje alle som får nytta merket, det er visse minimumskrav til matvarene. Goffmans nykelhol har bilete av menneske på andre sida av holet, alle grønkledde, kanskje var det eit minimumskrav at dei skulle vere sams? Same kjønn var minimumskravet til kvinnene i kvinnekorridoren på asylmottaket. Kategorien kvinner som ei kulturell, sosial eller biologisk avgrensa gruppe.<sup>146</sup> Butler argumentarar for at kjønn er ein performativ kategori der det sosiale kjønnet kjem først. *From a feminist point of view, one might try to reconceive the gendered body as the legacy of sedimented acts rather than a predetermined or foreclosed structure, essence or fact, whether natural, cultural, or linguistic.*<sup>147</sup>

For å få høve til å skapa sitt eige kjønn, treng kvinnene handlingsrommet som døra kan gje dei. Døra som kan låsast frå innsida. Sudmann seier at: *Gender is further construed as a site of conflict and multiplicity, and as other social institutions it is reproduced and changed due to collective agency.*<sup>148</sup>

Handling er ikkje noko ein har inni seg, men noko ein gjer.<sup>149</sup> Når dei materielle vilkåra ligg til rette kan kvinnene handla og utvikla sosial samkjensle.<sup>150</sup> Når den døra som kan

---

<sup>142</sup> (Fuchs 2001:25)

<sup>143</sup> (Fuchs 2001:39)

<sup>144</sup> (Goffman 1967)

<sup>145</sup> (Helsedirektoratet 2010)

<sup>146</sup> (Mortensen 2008)

<sup>147</sup> (Butler 1988:6)

<sup>148</sup> (Sudmann 2009:200)

<sup>149</sup> (Fuchs 2001:5)

<sup>150</sup> (Sudmann TT og Henriksbø K 2009)

låsast kjem til mottaket kan kvinnene forflytta seg frå romma sine til fellesromma og vera trygge for at dei slepp å møta menn i korridoren. Dei treng ikkje låsa døra til datarommet og sist men ikkje minst, når dei legg seg om kvelden kan dei gjera det i full visse om at dei ikkje vert forstyrra om natta av menn som okkuperar kjøkenet deira. Berre døra som kan låsast frå innsida kjem.

# Stad

Kva som styrer kva, struktur eller aktør har vore styrande for ulike vis å forstå sosiale fenomen. Metodologisk kollektivisme kallar ein det når ein meiner at overindividuelle strukturar styrer aktørane sine handlingar, medan det motsette, der aktøren handlar fritt kallast metodologisk individualisme.<sup>151</sup> I samfunnsarbeid nyttar me ein tredje posisjon, som vert omtala som metodologisk relasjonisme. *Med dette paradigmet kan vi ikke studere sosial samhandling på aktørnivå uten å undersøke hvilke handlingsbetingelser sosiale strukturer og institusjoner gir og tar.*<sup>152</sup> Med utgangspunktet i stad som struktur var eg på feltarbeid på eit asylmottak i ein by og eit anna i distriktet. Gieryn definerar stad som geografisk lokalisering, fysisk form og meining.<sup>153</sup> I dette essayet syner eg kva stad som struktur har å sei for å forstå det sosiale fenomenet fellesskap for kvinnene på dei ulike asylmottaka.

## ***Her vil eg bu***

Frå feltnotata:

”Når eg får positivt vonar eg at eg får tildelt ein kommune i nærleiken av mottaket for der har eg skyldfolk,” sa Ocba på bymottaket.

”Når eg får positivt vonar eg at eg får tildelt kommune i nærleiken av mottaket”, sa Ehele på distriktsmottaket etter at ho hadde vore på innflyttingsfest hjå nokre asylsøkarar som hadde fått opphold. ”Du skulle sett den flotte bustaden,” fortalte ho vidare, ”det var som eit slott”.

Dette er tankar asylsøkarar gjer seg medan dei sit i asylmottaket og ventar på handsaming av asylsøknaden. Å få positivt er mottaksterminologi for å få opphaldsløyve i Noreg. Fordi eg har røynsle fra asylmottak kjenner eg terminologien som vert nytta. Taus kunnskap kallas den kunnskap ein får på ein arbeidsstad. Folkestad skriv:

Fortrolighetskunnskap i møtet med beboerne og deres problem og behov er noe annet enn anvendt teori, noe meir enn ”kjennskap til” (dvs, meir enn et spørsmål om informasjon). Fortrolighetskunnskap er bygget på godt kjennskap og

---

<sup>151</sup> (Aakvaag 2008:30)

<sup>152</sup> (Sudmann TT og Henriksbø K 2009)

<sup>153</sup> (Gieryn 2000:464)

uttrykkes i situasjonsfornemmelser og lydhørhet for beboernes behov og preferanser.<sup>154</sup>

Denne kunnskapen er ein del av verktya som var nyttig å ha når eg samhandla i feltet, men den kan òg ha gjort meg blind.

## **By eller land?**

Som deltakande observatør i eit asylmottak i ein by (bymottaket) og eit asylmottak i distriktet (distriktsmottaket) treng eg omgrep som handsamar urbanitet og ruralitet som stad. Når eg kallar eit asylmottak lokalisert i ein by eller distrikt for by/distriktsmottak insinuerar eg at lokalisinga har noko å seie for samhandlinga bebuarane i mellom, som var det eg ville studere på desse to asylmottaka. Eg ville sjå på kvar dagens samhandling i fellesromma i dei ulike mottaka.

Tradisjonell bruk av ordet stad er skildring av ein fysisk geografisk stad.<sup>155</sup> Ein by og eit distrikt er avgrensingar av stad. Ein by, kjenneteikna av høgt folketal, menneske som bur tett på kvarandre, men likevel er ulike og anonyme. Dette i motsetnad til distrikt kor folketalet er lågt, menneske bur langt frå kvarandre, men likevel er dei like medan den sosiale kontrollen er stor.<sup>156</sup> Omgrepsparet *gemeinschaft* og *gesellschaft* skildrar endringane i dei to former for samfunn der *gemeinschaft* er tufta på nærliek og likskap medan *gesellschaft* er tufta på spesialisering og ulikskap.<sup>157</sup> Denne skilnaden er ikkje så stor lenger, både by og distrikt er i stadig endring, særskilt når det gjeld sosiokulturelle tilhøve. Eriksen seier at: *Globaliseringen har skapt en situasjon hvor økonomiske, politiske og kulturelle grenser hele tiden blir gjennomhullet, utfordret og relativisert.*<sup>158</sup> Grensa mellom det lokale og det globale vert meir uklår medan parallele og samanlevende prosessar vert tilpassa det lokale, det ein populært kallar globalisering. Sveen har skrive ei bok som handlar om kva det vil sei å høyre til.<sup>159</sup> Ho reflekterar rundt stad som tilhøyrigheit i ei tid med kultur på flyttefot kor det sosiale livet skjer blant reisande og det ikkje er staden, men reisa som bind dei saman. Den reisande

---

<sup>154</sup> (Folkestad 2003)

<sup>155</sup> (Gieryn 2000:464)

<sup>156</sup> (Wirth 1938)

<sup>157</sup> (Aakvaag 2008:264)

<sup>158</sup> (Eriksen 2001:21)

<sup>159</sup> (Sveen 2005)

klassa, den som ser ut til å føle seg heime over alt. Ho seier at moderne stader ikkje er noko som kan plasserast her eller der, men her og no. Det bur no over 552 000 personar i Noreg med bakgrunn frå 215 ulike land og sjølvstyrte regionar. Av dei har 151 000 flyktingebakgrunn.<sup>160</sup> Det er Integrerings-og mangfoldsdirektoratet si oppgåve å finne kommune til den som vert busett.<sup>161</sup> Dei fleste er busett i Østlandsområdet rundt Oslo, men etter kvart vert fleire busett i heile landet grunna dei distriktpolitiske utfordringane som sentraliseringa fører med seg.<sup>162</sup> Det er opp til den einskilde kommune å avgjera om dei vil busetta flyktningar og kor mange dei vil busetta. Kommunen sin storleik har ingen innverknad på kommunen sin vilje til å busette flyktningar.

Når Ogba i bymottaket seier at ho vonar at ho vert busett i nærleiken av skyldfolka sine, er ho på lag med mange andre anten dei er nordmenn eller innflyttarars som seier det same. Det er òg som regel grunnen til sekundærflyttinga, flyttinga frå busettingskommune til ein annan. Oppleving av tilhøyrsla og fellesskap er ein sterk preferanse for kvar flyktningane ynskjer å bu.<sup>163</sup>

Honneth er oppteken av anerkjenning som utgangspunkt for ein universell etikk. Han meiner at det fins tre ulike anerkjenningsfærer, som går ut på at menneskets identitet er avhengig av anerkjenningsrelasjonar innan; familie, samfunnets rettslege institusjonar og dei ulike fellesskapa ein inngår i.<sup>164</sup> I den private sfæren syner anerkjenninga seg som kjærleik og omsorg og det gjer at menneske utviklar grunnleggande sjølvtilit. I den rettslege sfæren syner anerkjenninga seg som lik rettsstatus og menneske utviklar sjølvrespekt. I den tredje sfæren, i ulike sosiale fellesskap, vert den einskilde anerkjent og verdsett for den ho er. Honneth (2009) seier at det er desse tre anerkjenningsformene som *til sammen beskytter vår personlige integritet som menneskelige vesener.*<sup>165</sup> Ehele i distriktmottaket sa at ho ikkje hadde andre band i Noreg enn tidlegare asylsøkarar busett i bygdene kring mottaket. *Eg har ingen blodsband i dette landet*, sa ho. Ho såg korleis dei busette flyktningane budde og likte det ho såg. Sånn kunne ho òg tenka seg å ha det. Ho skildra ei, for oss nordmenn heilt alminneleg leilegheit, kor tre flyktningar skulle bu saman i eit kollektiv og ho sa at *det var som eit slott*. Kvinnar har

<sup>160</sup> (Henriksen 2010)

<sup>161</sup> (IMDI 2010)

<sup>162</sup> (Barvik 2010)

<sup>163</sup> (Barvik 2010)

<sup>164</sup> (Honneth 2009:165)

<sup>165</sup> (Honneth 2009:176)

som mange andre kvinner hatt eit liv i heimlandet kor ho stort sett har vore innelåst sidan ho vart tenåring, medan brørne kunne røre seg fritt. I ei leilegheit med mange rom som ho sjølv har nøkkel til vert ho, som Honneth seier: *anerkjent som en person med den samme moralske tilregneligheten som alle andre mennesker.*<sup>166</sup> Honneth meiner at for å forstå kva anerkjenning inneber må ein også forstå kva det inneber å verta krenka.<sup>167</sup> Kvinnen har vore utsett for alle dei tre formane for krenking som Honneth skildrar; overgrep, fråtaking av rettar og fråtaking av sosial status.<sup>168</sup> Nettopp difor har ho ei forståing av kva krenking inneber.

## **Asylmottaka**

Distriktsmottaket var eit sentralisert mottak medan bymottaket var eit delvis desentralisert mottak. Både på bymottaket og distriktsmottaket bur menn og kvinner i same bygning. I det siste har ein forsøkt å skilja kjønna i skilde korridorar eller eigne husvære. Både mottaka hadde ei eiga avdeling for kvinner.

## **Gata**

Frå feltnotata frå bymottaket:

”Ta den du, eg har fått så mykje”, sa Zegga medan ho gjekk frø dør til dør og delte ut klede.

I bymottaket var kvinneavdelinga ei eiga høgd i mottaket. Det var ein lang korridor, som verka som ei gate, med sitteplassar i kvar ende. I den eine enden var det ei sofagruppe og eit fjernsynsapparat. I den andre enden var det berre nokre stolar. Frå korridoren var det dører inn til soveromma der dei stort sett budde to og to saman om lag 20 kvinner i alt. Det var også dører inn til dusj, toalett og vaskerom. Vis a vis sittegruppene i kvar ende var det eit kjøken. Kjøkenet inneholdt komfyr med vask og arbeidsbenk i tillegg til ein sitteplass for 3-4 personar. Det var ikkje noko på kjøkenet som var til felles bruk. Alt dei brukte når dei laga mat hadde dei på romma sine. For å koma til datarommet måtte dei gå ut døra til kvinnekorridoren og gjennom ein

---

<sup>166</sup> (Honneth 2009:173)

<sup>167</sup> (Honneth 2009:167)

<sup>168</sup> (Honneth 2009:170)

trappeoppgang dei hadde felles med alle som budde på mottaket. I dei andre høgdene budde det einslege menn. Familiane budde i eigne husvære utanfor mottaket.

Eg vart introdusert for kvinnene i eit rom der dei vanlegvis hadde informasjonsmøter i ein annan korridor. Eg fortalte at eg ville sjå korleis det var å bu på eit asylmottak, i tillegg hadde eg skrive ut informasjonsskriv på norsk og engelsk som dei kunne ta med seg. Det var òg tolkar tilstades. Etterpå gjekk eg ned til kvinnekorridoren. Den var temmeleg tom for folk, noko som eg fann ut etter kvart var nokså vanleg. Vanlegvis sette eg meg ned i sittegruppa framføre fjernsynet og som regel kom nokon og sette seg ned med meg. Dei baud meg gjerne på te. Det gjorde at eg kjende meg meir velkommen. Ofte ville dei snakka med meg om eigen situasjon i asylprosessen og då kunne eg ikkje anna gjera enn berre lytta og seia at det ligg utafor mitt arbeidsfelt. Eg var på mottaket til ulike tider på døgnet.

På føremiddagen er dei som har rett til det på skule. Dei som ikkje har rett på skule er dei såkalla dublinarane, det vil seia ein person som har vore innom eit anna Schengenland før ho kom til Noreg. Dublinsamarbeidet seier at asylsøknaden skal handsamast i det fyrste trygge land ein asylsøkar kjem til. I år har dei fleste kome frå Eritrea og Somalia og då seier det seg sjølve at dei kjem inn gjennom Europas sørlege yttergrenser.

Medan ein er på mottaket har ein rett på 250 timer med norskopplæring og 50 timer med samfunnskunne. Ein del av kvinnene hadde unnagjort opplæringa og var difor heller ikkje på skule.

Frå feltnotata frå bymottaket:

Ein dag var det kvinner i begge sittegruppene, på kvar sin ende av korridoren. I den eine enden sit nokre kvinner saman med eit småbarn som stadig skiftar fang. Barnet har heile merksemda. Alle er frå same land og det er fleire kvinner enn stolar. I andre enden sit ei kvinne saman med eit anna kvinne sitt småbarn i ein barnestol. Mora, Zegga, kjem ut frå rommet med ei jakke som ho gjer til Mbrat som passar barnet hennar. Ho prøver jakka, medan Zegga seier at den er ho fin i. Mbrat seier takk og tek imot. Så kjem Zegga med ei jakke til. Mbrat prøver jakka og trekk litt på det. Gje den til andre om du ikkje vil ha den. No kjem ei av kvinnene frå andre enden av korridoren. Ho prøver jakka og gjer den til si. Zegga hentar ut bæreposar frå rommet med klede og seier at dei har ho fått av

kvinner ho kjenner. Zegga bankar no på dørene til dei andre i korridoren .Nokon kjem ut og til andre går ho inn. Ho dansar fram og tilbake i korridoren medan ho hentar klede som ho deler ut.

Goffman tilbyd eit omgrevsapparat når ein skal skildra samhandling.<sup>169</sup> Han meiner at sjølvet vert utvikla gjennom interaksjon med andre. Sjølvet er eit sett roller som ein nyttar i ulike sosiale situasjonar. Desse rollene vert spela for dei andre som er tilstades, eller som Goffman seier: *Den rolle som èn person spiller, er tilpasset de roller som spilles av de andre tilstedeværende, samtidig som disse andre også er publikum.*<sup>170</sup> Goffman hentar sine metaforar frå teaterverda. Han nyttar mellom anna omgrep som, scene, drama, kulissar, bak scena, publikum, fasade, situasjonsdefinisjon og opptreden. Dramaet i kvinnekorridoren var iscenesett av Abeba. Det var ho som stod for situasjonsdefinisjonen. Dei andre kvinnene og eg var publikum. Mi rolle var deltagande observatør på det viset at eg spelte rolla som publikum tillikes med dei andre kvinnene og på det viset var eg med på å stadfesta definisjonen av situasjonen. Om det at eg var der var med på å iscenesetta dramaet der og då kan ein jo spekulera i. Abeba kom ut av sitt eige rom med ei jakke som ho gav kvinna som passa barnet hennar, då visste ho ikkje at eg òg var der. Ho gav jakka til kvinna som prøvde jakka og takka. Ho hadde fått hjelp til barnepass og gjeve noko attende. På det viset stadfesta dei kvarandre i tilhøve til særskilde aspekt ved kvarandre sin identitet.<sup>171</sup>

Mauss<sup>172</sup> har i si bok *Gaven* skildra korleis ei yting må møtast med ei motyting med å visa til såkalla arkaiske samfunn som ikkje hadde ein pengemarknad. Dersom gåva eller tenesta ikkje vart gjengjeldt stifta ein gjeld til gjevaren og dersom ho vart gjengjeldt kunne det skapa sosiale band. Som dei seier i næringslivet: *There is no such thing as a free lunch*, eller som i Håvamål vers 41:<sup>173</sup>

Venner bør veksle fine gåver som våpen og klede:  
dei sjølve viser dei best.  
Gåver likt for likt gjer vennskap drygt,  
om elles alt blir vel.

---

<sup>169</sup> (Goffman 1992)

<sup>170</sup> (Goffman 1992:9)

<sup>171</sup> (Honneth 2009)

<sup>172</sup> (Mauss 1995)

<sup>173</sup> (Kinnes 2007-2011)

Zegga henta nok ei jakke so ho ville gje Mbrat, som prøvde jakka og i staden for å seia takk mumla ho eit eller anna som hunne tolkast som om ho ikkje ynskja jakka. Mbrat gav den ikkje attende og opprettheldt på det viset situasjonsdefinisjonen. Zegga sa at ho kunne gje jakka til ein annan og opprettheldt på det viset situasjonsdefinisjonen. No kom nok ei kvinne som ved å gjera jakka til si opprettheldt situasjonsdefinisjonen. Zegga går då bak scena, inn på rommet, og i staden for å koma ut med eitt og eitt plagg kjem ho med fleire bæreposar med klede. Bak scena kunne ho planlegga resten av førestillinga der ho no gjekk frå rom til rom og banka på. Ho verkeleg dansa fram og tilbake i korridoren. Ingen avviste henne. Alle stadfesta situasjonsdefinisjonen.

Day seier at fellesskap er ein stad kor det utspelar seg særskilde sosiale kjenneteikn som vert identifiserte og skildra.<sup>174</sup> Han seier vidare at delt situasjon er med på å avgjera fellesskap. Kvinnene i korridoren i bymottaket har til felles at dei bur i same korridor, var ukjende for kvarandre, har ein uavklåra livssituasjon i eit framandt land. Dei har ei felles røynsle som bind dei saman. Etter kvart vart eg meir observatør enn deltakande observatør til førestellinga og eg hadde ei kjensle av at dei som Goffman seier opptrådde som eit lag.<sup>175</sup> Goffman seier at *begrepet lag gjør det mulig for oss å forestille oss opptredener med èn eller mer enn èn opptredende.*<sup>176</sup> Det virka som om dei trudde på førstellinga og dei overtydde meg.

Day hevdar at menneske som er fanga i eit mønster av delt liv vert avhengig av å gjera tenester for kvarandre. Den som ikkje gjer attytingar vert ekskludert frå fellesskapet.<sup>177</sup> På bymottaket var det no kvinna med klede som gav attytingar som takk for barnepass. Mange gater fungerar som eit grannelag kor ein deltek og bidrar til felles beste. Deltaking i kvarandre sine kvardagsliv er utgangspunktet for utvikling av fellesskap. Det er byrjinga på ein berekraftig endring som kan betra tilhøve.<sup>178</sup>

---

<sup>174</sup> (Day 2006:31)

<sup>175</sup> (Goffman 1969)

<sup>176</sup> (Goffman 1969:73)

<sup>177</sup> (Day 2006)

<sup>178</sup> (Ledwith 2005)

Frå feltnotata frå bymottaket:

Det var tillyst tur for kvinnene i til Raude Kross huset. Dei møtest der som regel annankvar onsdag til kjeks, kaffi og ein eller annan slags aktivitet. Berre tre kvinner frå kvinnekorridoren vart med i tillegg til ein tilsett og eg. Me tok bussen saman. Kvinnene snakka därleg norsk og ikkje engelsk, så me måtte gestikulera. Eg frøys. Kvinnene hadde hijab og laga skjerfet mitt om til hijab. Det var varmt og godt. På Raude Kross huset var det nokre frivillige og fleire kvinner frå dei desentraliserte delane av mottaket. Spesielt den Semayat frå mottaket som berre har språkfellesskap med ei anna kvinne i kvinnekorridoren lyste opp. Her trefte ho kvinner ho kjente og som snakka same språket som ho gjorde. Ho sette seg med dei. Raude Krossen hadde fått ein del hårprodukt dei skulle dela ut til kvinnene. Alle bortsett frå ei kasta hijaben sånn at me kunne sjå kva som passa deira hår. Elles var det presentasjon av den einskilde. sElleve kvinner frå sju ulike land. Dei fann fram eit verdskart sånn at me såg kor dei kom frå. Då me reiste attende til mottaket gjekk Semayat som hadde møtt kjende saman med dei.

I ein by er det mange frivillige organisasjonar som tilbyd aktivitetar for bebuarar på asylmottak, sånn òg i denne byen. At det berre var tre kvinner frå kvinnekorridoren som var med er stadfesta i tidlegare studiar<sup>179</sup> og rapportar.<sup>180</sup> Det som går igjen i desse studiane og rapportane er at asylsøkarane deltek lite i lokalmiljø og aktivitetar på mottak. I ein by er det stort utval av aktivitetar og fellesskap som ein kan oppsøka eller ta del i. Ein del av dei muslimske kvinnene treng løyve frå mennene for å vere med på ulike aktivitetar. Her var det berre kvinner. Hadde eg ikkje vore kvinne kunne eg ikkje vore med og kvinnene kunne ikkje teke av seg hijaben.

## Ein heim

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

”Me er alle som ein stor familie”, sa Ehele.

I distriktsmottaket var kvinneavdelinga i eiga høgd, men ikkje ein korridor. Ein kom rett inn i fellesrommet som var avdelingas midtpunkt. Alle romma, soverom, bad og vaskerom gjekk ut frå fellesrommet. I fellesrommet var det ei sofagruppe med fjernsyn, eit spisebord med sitteplassar til 4-6 personar i tillegg til ein kjøkenkrok med komfyr,

---

<sup>179</sup> (Mathisen 2007; Stoknes 2007)

<sup>180</sup> (Viggen 2009 ; Drangsland Karianne Klovholt 2009)

kjøleskåp, vask, arbeidsbenker og skap som inneholdt både felles og private kjøkenreiskapar og mat. Det budde om lag 15 kvinner der. Her måtte dei òg ut av sjølve kvinneavdelinga for å koma til datamaskinane som dei hadde felles med alle som budde på mottaket. Dei einslege mennene budde i eiga høgd og familiane budde i høgda under kvinneavdelinga.

I bymottaket fekk eg ei kjensle av å koma inn i ei gate medan eg i distriktsmottaket fekk eg ei kjensle av å koma inn i ein heim. I bymottaket heldt dei seg meir på romma sine medan i distriktsmottaket var det nesten alltid menneske i fellesrommet, anten framføre fjernsynet eller i kjøkenkroken.

Det å bu på ein stad handlar om å nytta seg av same stad som base for dei daglege aktivitetane. Det å bu er ein del av det å vera, meiner Heidegger.<sup>181</sup> Det handlar om å skapa seg sin bustad som ein særskild stad. Ein stad som gjer fotfeste i tilværet. Ein stad som gjev mening, a *Sense of place*.<sup>182</sup> Det tyder at førestellinga om staden òg er eksistensiell, det å kjenna seg heime. Det var den kjensla eg fekk i distriktsmottaket.

Gieryn seier at ein stad er kjenneteikna av tre trekk; ein geografisk stad, ein fysisk stad og at ein stad har mening.<sup>183</sup> Ein stad inneholder menneske og gjeremål. I distriktsmottaket var det alltid folk i fellesrommet, det var det ikkje i bymottaket.

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Eg kjem inn i fellesområdet i distriktsmottaket. Ehele står ved komfyren og lagar mat. Ho ser på meg og seier hei. Eg går bort og spør kva ho lagar. Ho fortel det. Welette sit med kjøkenbordet og et. Ho byr meg på te. Eg takkar ja og set meg ned med henne. Ei kvinne frå familiekorridoren, Maryam kjem. Alle helsar. Ho går bort til komfyren og spør kven som har gryte på den store plata. Ehele seier at det er ho og spør om Maryam skulle hatt plata. Ehele trudde at plata var fri sidan den var slått av. Det var komfyrvakta<sup>184</sup> som hadde slått inn. Eg kan vente, seier Maryam. Orsak seier både. Det gjer ikkje noko. Ehele får frigjort plata og Maryam får sett på sin mat. Dei er frå to forskjellige land og snakkar engelsk saman. Dei ser i kvarandre sine gryter og spør kva den andre lagar. Ehele spør kor ho har kjøpt ein ingrediens og fortel at det kan ho kjøpa på sal ein annan

<sup>181</sup> (Heidegger 2000)

<sup>182</sup> (Gieryn 2000:471)

<sup>183</sup> (Gieryn 2000:466)

<sup>184</sup> Ei komfyrvakt er ein brytar med varmesensor og tidsinnstilling. Tidsinnstillinga på distriktsmottaket var på 30 minutt.

stad. Dei snakkar om ingrediensar dei må reisa til tettstaden for å få tak i. Til det treng ein busskort og det har ikkje Maryam fått enno fordi ho ventar på å få skuleplass. Ehele seier at ho er kjend med det. Nokre barn ser på fjernsyn. No kjem nok Abeba ut frå rommet sitt og jagar barna bort frå fjernsynet. ”No er det min tur å sjå fjernsyn” seier ho, ”de sit der heile dagen”. Barna gjer som ho seier, går og gjev kvinna fjernkontrollen.

Då eg kom inn i kvinneavdelinga i distriktsmottaket er det som regel menneske tilstades. Menneske som held på med ein eller annan aktivitet, som regel fjernsynssjåing, matlaging eller eting. Då kvinna sa at me er som ein stor familie tenkte eg at det går ikkje an med så mange ulike personar samla på same stad.

Eg kjende meg alltid velkommen når eg kom. Eg vart sett sjølv om dei var opptekne med eit eller anna og vart som regel bydd på te. Eg sat og drakk te med Welette då eg observerte kva som skjedde ved komfyren då Maryam kom frå felleskorridoren kor hu bur saman med mann og barn. Når ho kjem for å sjå til maten sin er det ei anna gryte enn hennar på plata. Ho spør kven som eig gryta og Ehele seier at det er ho i same andedrag som ho spør om Maryam ville hatt plata. Dette er det Goffman kallar samarbeid om å verna andletet.<sup>185</sup> Andletsarbeid er nok eit omgrep Goffman nyttar når han skal skildra sosial samhandling. Andletet er det biletet av oss sjølve som me ynskjer å syne dei andre. Når me samhandlar forsøker me å verna kvarandre sitt andlet, eller som Goffman seier: *En udbredt form for stilltiende samarbeide om ansiktsbevaring er den takt man udviser over for selve ansiktsarbeidet.*<sup>186</sup> Det var denne takt Maryam og Ehele synte overfor kvarandre med å ta på seg skylda sjølve, det som Goffman kallar å korrigere seg sjølve. Dersom Maryam ikkje hadde sagt at det ikkje gjorde noko at Ehele hadde teke plata hennar hadde Ehele mista andletet. Når så Ehele tek imot korrekjonstilbodet passar ho på at Maryam ikkje misser sitt andlet ved å orsaka. På dette viset vernar dei kvarandre sitt andlet. Dersom ein medvite trugar ein annan sitt andlete vert ein oppfatta som hjartelaus og dersom ein ikkje forsvarar seg mot slike trugsmål vert ein oppfatta som ein som er utan sjølvrespekt.<sup>187</sup> Sånn var det ikkje her.

---

<sup>185</sup> (Goffman 2004)

<sup>186</sup> (Goffman 2004:60)

<sup>187</sup> (Goffman 2004)

Medan Goffman<sup>188</sup> er oppteken av vilkåra for anerkjenning er Honneth oppteken av anerkjenning med utgangspunkt i:

erfaringen av krenkelser av intuitivt gitte rettferdighetsoppfatninger som motivasjonelt ligger til grunn for de laveste sosiale lagenes sosiale protestatferd, og den normative kjernen i slike rettferdighetsforstillinger består igjen alltid av forventninger som er forbundet med respekten for egen verdighet, ære eller integritet.<sup>189</sup>

I Honneths anerkjenningsteori ligg det ei forventning om at alle bør handsamas med respekt. Ei av anerkjenningssfærene til Honneth er i sosiale fellesskap, som arbeid. Han hevdar at den individuelle identitetsdanninga òg er avhengig av verdsettinga av det arbeidet ein gjer. Ubetalt husarbeid, som matlaging er òg rekna med.

Når Ehele og Maryam legg til rette for at båe skal få høve til å laga mat syner dei på det viset at dei anerkjenner kvarandre sitt arbeid sånn at dei vert sosialt verdsette. Dei spør og kvarandre om kva dei lagar og syner interesse for arbeidet deira. Dei småpratar om handling av mat. Ehete legg merke til at Maryam nyttar ein ingrediens som ho kan få billigare ein annan stad. Nærbutikken ved mottaket har lite utval av dei ingrediensane dei treng til matlaging, difor må dei av garde til tettstaden for å handle. Busskort vert gjeve til asylsøkarar som skal på skule eller anna informasjon som er krav frå Utlendingsdirektoratet. I tillegg til dublinarar får heller ikkje dei med uavklåra status tilbod om å gå på skule. Status vert avklåra etter asylintervjuet. Maryam hadde uavklåra status, difor hadde ho ikkje skuleplass, difor hadde ho heller ikkje busskort og det vart dyrt for henne å få tak i dei ingrediensane ho ville ha. Når ho seier det til Ehele seier Ehele at det er ho kjend med. Goffman nyttar eit anna omgrep som han kallar ærbødighetsrituale. Han definerar ærbødighet som:

Den komponent af aktiviteten der fungerer som et symbolsk middel til regelmessig at formidle værdsættelse af en modtager til denne modtager, eller værdsættelse af noget som denne modtager oppfattes som et symbol på, en forlængelse af eller en representant for.<sup>190</sup>

---

<sup>188</sup> ibid

<sup>189</sup> (Honneth 2009:149)

<sup>190</sup> (Goffman 2004:84)

Eit ærbødighetsrituale er dei symbolske handlingane som vert utførte i ei samhandling der ein ynskjer å syne den andre respekt. Når Ehele seier at ho er kjend med den situasjonen Maryam er i med uavklåra status let ho Maryam oppretthalda den sjølvoppfattinna ho har synt dei andre. Det er ein symmetrisk ærbødighet kor dei handsamar kvarandre som likeverdige. I tillegg styrker dei kvarandre ved å gje kvarandre gode råd.

Eg sat og drakk te saman med Welette som eg ikkje hadde noko felles munnleg språk med, difor vart eg observatør til denne samtalen og det som utspelte seg framføre fjernsynet. Framføre fjernsynet sat nokre barn og såg på medan ei Abeba kom ut av rommet sitt for å sjå på fjernsyn. Kvinneavdelinga er for einslege kvinner og barna har eit anna fjernsynsrom i den høgda dei bur i, men dei var ofte å sjå i kvinneavdelinga. Kvinnene som budde der sa at til tider vart dei leie av barna. *No er det min tur å sjå fjernsyn, de sit der heile dagen*, sa kvinnen. Goffman seier at det fins fleire slags ærbødighetsritual.<sup>191</sup> I tillegg til presentasjonsærbødighet kor det vert synt respekt og verdsetting opererer Goffman med unngåelsesritual som skildrar handlingar som ein bør unngå. Eit ritual tufta på lydnad. Når kvinnen seier at det er hennar tur til å sjå fjernsyn lyder barna og gjer som ho seier.

## ***Ulike fellesskap på ulike asylmottak***

Kor er du frå, er spørsmål innflyttarar ofte får høyre anten ein kjem frå eit anna land eller ein annan stad i Noreg. Kva slags folk høyrer du til, får ein gjerne høyre på små stader kor det er oversyn over dei einskilde slektene. Alle samfunn delar inn menneske i kategoriar.<sup>192</sup> Allereie som born byrjar me å kategorisera menneske etter til dømes storleik, alder kjønn og liknande. Ein må kategorisera for å få grep om ein elles så uoversiktleg røyndom.

---

<sup>191</sup> (Goffman 2004)

<sup>192</sup> (Goffman 2000:13)

Frå feltnotata frå bymottaket:

Yodit sit i enden av korridoren i og snakkar med ein mann. Ho ber meg sitte ned og fortel at mannen ho snakkar med er frå same stad som ho. Dei har mange felles kjende og dei oppdaterar kvarandre om siste nyhende.

Frehiwot sit i sittegruppa i korridoren saman med 2-3 ungdommar som leika med barnet hennar. ”Dei er frå same land som eg, dei kjem for å leika med barnet mitt,” sa kvinnen.

Det å koma frå same stad gjev samkjensle og er med på å konstruera ein identitet.

Gullestad ser kritisk på den norske innvandringsdebatten.<sup>193</sup> Ho viser til sitt første feltarbeid i Bergen som handla om skillet mellom bergensarar og strilar. Bergensarane var fødd og oppvaksne i Bergen medan strilane var innflyttarar frå områder rundt Bergen. Det fanst namn på kategoriane og stereotypiar om deira karakteristika og interesser. Dei ulike kategoriane heldt seg med kvarandre.

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

”Eg kan aldri reisa heim att. Familien min har brote alle band med meg”, seier Lidet.

Det å ikkje kunne identifisera seg med ei stad er eit perspektiv mange asylsøkarar har. Dei er på reise i det ukjende til det ukjende. Ein av dei ukjende kategoriane, asylmottaket, er dei med på å forma sjølve gjennom dei fellesskapa dei lagar på staden. Utstillinga *There is no place like here*<sup>194</sup>, tek utgangspunkt i at migrasjon alltid har vore naudsynt for danning av sosiale relasjonar og fellesskap. For å kunne lage fellesskap må ein møtast. På det viset lagar ein stader.

Noen beveger seg fra en tue til en annen og stopper kanskje på en tue underveis. Noen blir hindret på veien og må skifte retning. Noen sitter på en og samme tue, men opplever at landskapet rundt endres. Noen drømmer om en annen tue. Noen setter seg ned på sin nye tue og blir der. Gjennom den kontinuerlige menneskelige bevegelsen skapes steder og samfunn.<sup>195</sup>

Mine funn viser at ulike stader lagar ulike fellesskap. Bymottaket bar preg av eit grannefellesskap i ei gate, kjenneteikna av laus deltaking i kvarandre sine kvardagsliv.

---

<sup>193</sup> (Gullestad 2002)

<sup>194</sup> (Kari Anne Klovholt Drangsland 2010)

<sup>195</sup> (Kari Anne Klovholt Drangsland 2010)

Dei var grannar som budde i same gate (korridor). Det var det dei hadde felles. Dei hadde alle sine private eignelutar på romma sine. Somme gjorde òg tenester for kvarandre. Bebuarane hadde mange fellesskap utanfor mottaket, nokon med kvarandre og andre med skyldfolk. Noko som er stadfesta i andre studiar.<sup>196</sup> Det gjorde at korridoren ofte var tom for menneske og eg såg mindre samhandling på bymottaket enn på distriktsmottaket.

Distriktsmottaket bar preg av å vera noko meir enn ei gate. Det var som ein heim, ein stad med kjensle, ein stad som legg til rette for utvikling av sjølvstyrking.<sup>197</sup> Fellesrommet kor det nesten alltid var menneske som var opptekne av eit eller anna innbaud til samhandling. Ein samhandling som ofte fører til dialog om korleis dei har det og kva som kan gjerast, som Freire seier: *For å overvinne undertrykkelsen må menneskene først bli klar over dens årsaker, slik at de ved å handle annerledes kan skape en ny situasjon – en som gjør det mulig å strebe etter et rikere menneskeverd.*<sup>198</sup>

Det er uklårt i kor stor grad skilnadane i bymottaket og distriktsmottaket er resultat av fysisk organisering, geografi eller dei menneska som tilfeldigvis var der då. Det som er klårt er at struktur legg til rette for fellesskap fordi dialog og samhandling føreset ein stad kor folk kan møtast.

---

<sup>196</sup> (Drangsland Karianne Klovholt 2009; Stoknes 2007; Mathisen 2007)

<sup>197</sup> (Bracht, Kingsbury, and Rissel 1999)

<sup>198</sup> (Freire 1974:28)

# Kjønn

Sidan formålet med denne studien var å forstå fellesskap mellom kvinner på asylmottak såg eg korleis kjønn regulerer samvær ved at kvinnene bur i eigne bueiningar. Funna syner korleis kulturelle førestillingar, sosiale praksisar og kjønna tydingar knytte til identitet hos kvinner aukar forståinga av fellesskap mellom kvinnene på asylmottaka.

Fjernsynsserien *Hjernevask* var det store samtaleemnet i hausten 2010. Komikaren og sosiologen Harald Eia lot ein del evolusjonsbiologar, kognisjonpsykologar og genetikkforskarar fortelja sjåarane om tilhøvet mellom natur og kultur. Desse vitskapsorienterte forskarane som står godt planta i ei naturalistisk forståing vart sett opp mot forskarar frå humaniora som vart karikert i ein kulturell kontekst kor røynda er sosialt konstruert. Fjernsynsserien resulterte i boka: *Født sånn eller blitt sånn? Utro kvinner, sjalu menn og hvorfor oppdragelse ikke virker.*<sup>199</sup> Dikotomien natur vs kultur er ingen ny diskusjon når ein freistar finna forklaringar på ulike sosiale fenomen som kjønn, kultur og liknande. Dei ulike tidsepokane vektlegg ulike tilhøve. I løpet av dei siste åra meiner eg at det har vore ei biologisk vektlegging, kanskje som ein reaksjon på delar av feministrørsla si einsidige vektlegging på strukturar som makt og marknad. Kvinnerørsla sette mellom anna fokus på den ulike maktfordelinga mellom menn og kvinner. Feministane såg på kjønn som ei form for klassefordeling.<sup>200</sup>

Ein kan sjå på kjønn på ulikt vis. NOU1999:13 om kvinners helse seier følgjande om kjønn:

Kjønn er biologi, og som sådan opplagt relevant for å forstå sykdom og helse. Men kjønn er også identitet (hvordan vi opplever oss selv som mann eller kvinne), kulturelle symboler (hvordan vi assosierer visse egenskaper og uttrykk til kvinnelighet og mannlighet) og struktur (hvordan fordeling av makt, ressurser, arbeid med videre er systematisk koblet til kjønn).<sup>201</sup>

Dei fleste av oss til likes med offentleg myndighet som Utlendingsdirektoratet opererer med to kjønn, menn og kvinner, stort sett er det sånn ein har kategorisert ulike

---

<sup>199</sup> (Eia and Ihle 2010)

<sup>200</sup> (Twelvetrees 2008)

<sup>201</sup> (NOU 1999:13)

menneske. Haavind argumenterer for at kodene for kjønn lårer teikn frå andre koder. Ho seier at: *Kjønn er et kulturelt betydningssystem som ikke bare blir brukt til å kategorisere menneskers kropper, men som kan plassere alle slags fenomener som henholdsvis kvinnelige og mannlige.*<sup>202</sup>

## **Kjønn som biologi**

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Me sit rundt kjøkenbordet på kvinneavdelinga og et, Amete med familie i familieavdelinga, Dagmawit med ein mann ho hadde forlate i eit anna kontinent og eg. Samtalen går frå det eine til det andre. ”Eg vil aldri ha meir med menn å gjera” sa Dagmawit. ”Eg forstår godt kva du meiner” sa Amete ”eg forstår meg ikkje på menn.”

Det er ikkje fyrste gong eg har hørt liknande utsegn frå kvinner. Å sei at ein aldri meir vil ha med menn å gjera har nok mange sagt etter vonde, dumme, traumatiske, bagatellmessige eller andre opplevingar kor ein ser ulikt på ymse tilhøve. Når ein tek utgangspunkt i nokre observerte og røynde ulikskapar mellom kjønna hender det at dei vert postulerte som naturlover, og naturlover er det vanskeleg å endra. Menn er frå Mars og kvinner er frå Venus vert det sagt for å understreka skilnadane. Utsegnet skriv seg frå tittelen på ei bok som var ein bestseljar på nittitalet. I boka er det mange generaliseringar om menn og kvinner, som at kjønna kommuniserer ulikt i tillegg til at dei tenker, føler, oppfattar, reagerar, svarar, elskar og vurderer ulikt.<sup>203</sup> Det er som om dei skulle vere frå forskjellige planetar. Boka vart kalla for ei handbok for samliv kor forfattaren gjer tips og råd for korleis menn og kvinner skal kommunisera for å få det betre saman. På det viset seier han at menn og kvinner berre må vera slik dei er, altså ein biodeterministisk kjønnsoppfatning, som kvinna uttrykte då ho sa at ho ikkje forstod seg på menn. Dersom kulturen vert maskert som natur og utsegn vert slått fast som om dei var naturlover vert ein sjeldan motsagt. Bauman og May seier: *Det naturen hadde bestemt kunne selvfølgelig ikkje noe menneske (særlig ikkje en kvinne) forandre.*<sup>204</sup>

---

<sup>202</sup> (Haavind 2000:210)

<sup>203</sup> (Gray 1992)

<sup>204</sup> (Bauman and May 2004:134)

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Det var føremiddag og dei fleste var på skule då ein mann kom ut frå rommet til Mulumebet som alltid heldt seg for seg sjølve. Då eg helste såg han bort og mumla eit eller anna før han forsvann. ”Kva gjorde den mannen inne hos kvinna, dei kan jo ikkje snakka saman,” sa eg til Ehele som dukka opp frå eit anna rom. Ho trekte på skuldrene og sa at det burde vore nattevakt på avdelinga fordi ”her skjer mykje som dei tilsette ikkje veit noko om”.

Eg veit ikkje sikkert kva Ehele sikta til, men går ut frå at det handlar om uynskja merksemd frå menn, ei merksemd som omhandla kroppen. Den biologiske kroppen vert og samanlikna med ein maskin og dermed gjort til eit frittståande objekt. Eit objekt det kan forhandlas og handlas med som ein annan vare. Å sjå kroppen gjennom andres auge som om den ikkje lenger er eins eigen som å verta framandgjort for eigen kropp. I spesielle situasjonar som krig vert dette ofte forsterka.

Skjelsbæk seier at:

The most predominant image of women in war is that of woman as victim. For women a situation of conflict means greatly increased vulnerability with respect to sexual exploitation. Rape is often considered an integral part of warfare; and although men can also be raped, it is primarily targeted at women. The UN Human Rights Commission (UNHRC)<sup>3</sup> has estimated that for every 100th pregnancy during a conflict, rape has been committed. However, these figures do not give a full picture, as they do not include rapes which did not lead to pregnancy, rapes which led to pregnancy which was followed by abortion, rapes followed by killing or death, and rapes of men.<sup>205</sup>

Kvinner som søker tilflukt i eit asylmottak kjem ofte frå områder kor der er krig eller krigsliknande tilhøve. Mange av dei har og vore gjennom ei flukt kor dei har vore utsett for overgrep underveis.<sup>206</sup> Vald mot kvinner i krig har ofte vore kjenneteikna med at den er seksualisert. Det kan vere ein militær strategi for å audmjuka fienden, særskilt i patriarchalske samfunn er det skamfullt for mannen ikkje å kunna verna kvinnene. Nokre av kvinnene som søker asyl gjer det grunna overgrep i heimlandet. Det at dei ikkje finn seg i ei sånn handsaming gjev dei handlekrafta dei treng for å forlata heimlandet.

---

<sup>205</sup> (Skjelsbæk 1997:5)

<sup>206</sup> (Lubbers 2003)

På dei aller fleste asylmottak er det eigne avdelingar for kvinner. Utlendingsdirektoratet slår fast i sitt regelverk at: *Mottaket skal i størst mulig grad sikre at kvinner ikke blir utsatt for vold, trakassering eller seksuelle overgrep.*<sup>207</sup> Menn har ikkje same vernet og vert heller sett på som overgriparane, noko som er både rett og gale, både for kvinner og menn. Menn har stort sett ikkje tilgang til kvinneavdelingane på asylmottak, medan kvinnene kan røra seg fritt i mannskorridorane. Eg såg ikkje kvinner hos mennene, men eg såg menn hos kvinnene, nokre bedne, andre ubedne og andre som eg ikkje visste noko om, som mannen eg såg i kvinneavdelinga. Når Ehele seier at det burde vore nattevakt på avdelinga tolkar eg det som om det skjer vitjing av menn om nettene og at dei er uynskja, i alle fall av nokre av kvinnene, som hendinga i kvinnekorridoren.

Frå feltnotata frå bymottaket:

Ein gamal mann kjem inn i korridoren og går mot motsett ende av oss. Genet som sit ved sida ev meg seier at han kjem med egg til dei. To egg for eit kyss på kinnet. Abeba kjem mot oss og fortel det same, men eg berre tek egg og går seier ho. Genet seier kom og me går mot mannen som spør etter Nigat. Eg forsøker å snakka med ham men han ser vekk og snakkar med dei andre kvinnene. Så kjem Nigat. Ho helsar og spør om han vil ha kaffi eller te. Eg får ei litt halvekkel kjensle og går ned til ei av dei tilsette og seier at det er ein mann i kvinnekorridoren og eg har ei kjensle av at ikkje alle synes det er like kjekt. Den tilsette går opp, finn ut at korkje Nigat eller dei andre kvinnene ville ha besøk, så ho ber han dra. Når han drar mimar Nigat til meg med ein djup utpust på eit vis som eg tolkar som lettelse.

På dagtid er dørene inn til asylmottaket og vidare inn til kvinnekorridoren opne. Asylmottaket ligg ved ei trafikkert gate og det er ikkje kontroll med kven som kjem. Kvinnene visste kven mannen var. For Abeba var det heilt greitt å få gratis egg utan å gjera opp for seg, men dei andre kvinnene hadde problem med å avvisa mannen sjølv om han var uynskja. Dei baude han på te som om han var velkommen. Det takka han ja til, men meg einsa han ikkje. I denne situasjonen tok eg den rolla eg vart gjeven i staden for å vere observatør. Kvinnene ville ha hjelp til å kvitta seg med mannen. Då han ikkje høyrt på meg henta eg ei av dei tilsette med autoritet over staden. Ho fekk han til å gå og kvinnene var takksame for det. Ein del kvinner som søker tilflukt i eit asylmottak kan ha hatt dårlige røynsler med uønska merksemd frå menn frå tidlegare.<sup>208</sup> Dei er

---

<sup>207</sup> (Utlendingsdirektoratet 2010)

<sup>208</sup> (Per-Ivar Nikolaisen 2008)

hyggelege mot gjester og byd dei på te. Det er det Goffman kallar for områdeåtferd.<sup>209</sup> Ein sosial orden som regulerar menneskes åtferd, samhandlingsordenen. Denne ordenen inneheld visse normer som handlar om høflighet og sømmelighet. Å tilby ein gjest noko å drikka er teikn på høflighet. Det gjer at ein kjenner seg velkomen som denne mannen som sette seg godt til rette. Denne misvisande opptreden, som Goffman kallar det skapar eit feil bilet av situasjonen, men vert vald av kvinnene i staden for å avvisa.

## ***Kjønn som identitet***

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Sjølv om det er lite å ta seg til om dagane ser eg at når det gjeld familiane er det kvinnene som lagar all mat. Når eg spør Seble om ikkje det hadde vore greitt å dela på matlagninga seier ho at mannen ikkje er flink til å laga mat.

I skrivande stund er me i vårens vakraste eventyr, nemleg lemminga. Når lammet er fødd og har fått suga råmjølk frå mora skal det identifiserast. Me lyfter det opp og ser om det er eit av to biologiske kjønn (eg har ikkje sett fleire), så vert lamma merka med dyrehaldaren sitt identitetsnummer og med individnummer. På same vis er det når eit menneskeborn vert fødd. Det vert undersøkt kva for eit kjønn det er før det vert merka og pakka inn i eit teppe som passar til kjønnet. Som oftast rosa til jenter og blått til gutter. Borna er nok ikkje medvitne om dei ulike forventningar som er knytt til dei ulike kjønna, men det vert dei etter kvart.

Kjønnsidentitet handlar om kva det er som gjer at eg opplev meg som kvinne. Det kan handla om alt frå interesser, tankemönster og handlingar. Me som er oppvaksne med Egner sine lesebøker frå småskulen hugsar syskenparet Petter og Kari og korleis dei vart presentert.<sup>210</sup> Medan Petter vart presentret med eigne syslar utanfor heimen var Kari sine interesser kopla til heim og familie. Kari fekk skryt for å vera til god hjelp for mora si. Desse bøkene er no fjerna som pensum, likevel er det mange som stadig forbind huslege syslar med kvinner. Eg høyrd nett eit intervju med eit kjent par som skulle gifta seg. Ho var spurt om han kunne laga mat og det vart ei godmodig vitsing av paret

---

<sup>209</sup> (Goffman 1992:92)

<sup>210</sup> (Kløvstad and Jacobsen 1961)

og intervjuar om kor dårleg han var. Han fekk ikkje spørsmål om ho kunne laga mat, tvert i mot virka det som om det var sjølvsagt.

For mange kvinner er det å laga mat ein del av identiteten deira, som til dømes på kvinneavdelinga på mottaket. Goffman meinte at det eksisterar ein interaksjonsorden i samfunnet, det vil sei at dei ulike sosiale møtene i kvardagslivet inneheld ei rekke ritualar. Det er det Goffman kallar for sosialt situerte handlingar.<sup>211</sup> Han seier vidare:

Disse konsekvenser er traditionelt blevet behandlet som ”effekter”, hvilket vil sige som indikatorer, uttryk for eller symptomer på sociale strukturer, så som relationer, uformelle grupper, aldersklasser, køn, etniske minoriteter, sociale klasser og lignend, uden større interesse for at behandle disse effekter som data i seg selv.<sup>212</sup>

Ein identitetsmarkør, som matlagning, vert på det viset spela ut i sjølvpresentasjonen.<sup>213</sup> Sjølvpresentasjonen handlar om det uttrykket ein gjev og det ein gjer. Det ein gjev er det ein seier og det ein gjer er sjølve handlingane, det vil seja det andre oppfattar. Det er ikkje alltid at dei to uttrykka er like, men det var dei i denne situasjonen på mottaket. Eriksen og Bauman og May hevdar at grenser er naudsynt ved identitetskonstruksjonar.<sup>214</sup> Nokre er innafor medan andre er utafor. Dersom ei gruppe opplev press utanfrå kan samhaldet verta sterkare og fellesskapet sin identitet vert viktigare. Seble konstruerer sine identitetar i interaksjon med dei andre kvinnene på kjøkenet og mennene som er utanfor.

## **Kjønn som symbol**

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Bizu har ikkje nådd bussen som skulle gå frå skulen til mottaket, difor leikar borna hennar i gangen med andre vaksne etter kvart som dei kjem heim frå skulen. Det er særskilt ein mann eg legg merke til som ser ut til å ha godt lag med barn. Eg spør då Ehele kvifor ikkje han er spurt om å vera frivillig i barnebasen, som er mottaket sin barnehage. ”Det går jo ikkje an”, får eg til svar.

---

<sup>211</sup> (Goffman 2004)

<sup>212</sup> (Goffman 2004:284)

<sup>213</sup> (Goffman 1992)

<sup>214</sup> (Eriksen 2001; Bauman and May 2004)

Eit kjend symbol er Madonnaen med bornet. Rafael, eigentleg Raffaello Santi (Sanzio), (1483 – 1520), italiensk maler, malte mange madonnabilete, mellom anna Madonna della Sedia (1516, Palazzo Pitti, Firenze) og hans mest kjende verk Sixtinske madonna (1513–14, Dresden). I katolsk lære er Maria den fremste av helgenane. Ho var utvalt av Gud til å føda hans son, Jesus og etter hans død vert ho mor til alle truande. Samtidig som Maria vert kalla mor er jomfru eit av hennar heidersnamn. Gjennom tidene har Mariabilete som viser Jomfru Maria med barnet vore svært utbreiddt i kyrkjkunsten. Maria er idealet for ei god mor, som alle mødre kan strekka seg etter. Som ideal har Maria tradisjonelt representert verdiar/symbol som barmhjertighet, audmjuke, lydnad og tenestevillighet. I vår tid er det mange som har protestert mot desse mariabileta, særleg i feministrørsla som meinat mariaførebileta skal vera forma avmannens ynskje om korleis kvenna skal vera: den lydige, tenestevillige kvenna som er mannen underdanig, som Nora i *Et dukkehjem*.<sup>215</sup> Ho vart kalla for lerkefugl, ekorn eller dukke som teikn på at ho berre skulle vere til leik og pynt.

Alle har førestellingar om kva som er passande åferd for kvinner. I idrett til dømes, ser me at dersom kvinner skal driva med det same som menn, må aktiviteten drivast på eit vis som søker seg for kvinner. Den siste mannsarenaen som stod for fall var skihoppsporten.

Førestellingane om den gode mor styrer den offentlege debatten nå som permisjonsreglar i samband med svangerskap og fødsel vert diskuterte. Så langt var dei ikkje komne på mottaket. Der var det sjølvsagt at det var kvinner som skulle passa borna. Feministrørsla sitt arbeid var mellom anna med på å endra folk si oppfatning av det kvinnelege kjønn. Det vart teke for gitt at kvinner var underordna mannen og at dei til dømes ikkje skulle vera i arbeid. Bourdieu seier at kjønn er eit institusjonalisert fenomen som over tusenvis av år har blitt ein del av både dei sosiale strukturane og våre mentale strukturar.<sup>216</sup> Kjønn, maskulinitet versus femininitet, inngår som ein del av skjema for kulturelle motsetningar. Dei vert motsetnad, slik at underordningsforholdet vert naturalisert. Det framstår på denne måten som sjølvsagt at menn er overordna kvinner, det er doxis. Vi tenkjer om kjønn og det kvinnelege kjønn på eit særskilt vis utan at vi sjølv er klar over det. Det ligg i undermedvitet vårt, det stilfest ikkje

---

<sup>215</sup> (Ibsen 1991)

<sup>216</sup> (Prieur et al. 2006:57)

spørjeteikn ved det, og det vert oppfatta som sunn fornuft. Doxa tek lang tid å endra. Ein kan laga lovar og reglar som sikrar menn og kvinner lik handsaming, men folk si oppfatning av kjønna åtferd kan det vera vanskelegare å endra. Gjennom mobilisering og kollektiv handling, har feministrørsla ført til eit endring av doxa. Ein merkar denne endringa av doxa når vi set spørjeteikn ved andre kulturar si handsaming av kvinner, som på visse område er lik det kvinnesynet som regjerte i Noreg for 50 år sidan.

Frå feltnotata frå bymottaket:

Ho finn fram eit par støvlettar. Kvinnen som tok imot jakka slår støvlettane mot golvet og seier at dei kan ho ikkje gå med. Eg spør kvifor og ho seier at om ho bråkar så følt når ho går vil menn snu seg etter henne.

Dette minner meg om valdtektsdebattar kor kvinnene som vert valdtekne får høyra at det er deira eiga skuld dersom dei er usømeleg kledd. No er ei ny protestrørsle i gang i USA og Canada etter at ein politimann oppmoda kvinner til ikkje å kle seg som tøser. Rørsla oppmodar til såkalla tøsemarsjer for å setta fokus på ein kultur kor offeret og ikkje overgriparen får skylda. I årevis har kvinner gått med på å skjula seg og mange gjer det framleis, som kvinna på mottaket. Ho berre godtok at det var sånn det var. Det var hennar ansvar å sørge for at ho ikkje vekte oppsikt, at menn ikkje vart merksame på henne.

## ***Kjønn som struktur***

Kvinnene på asylmottaka gjer som andre kvinner ulønna omsorgsoppgåver, som matlaging og pass av born og sjuke. Denne tradisjonelle arbeidsfordelinga er i fylgje Aakvaag det Smith kallar for samfunnets dominanssystem.

Ifølge Smith svarer skillet mellom samfunnets offentlige og private sfære til en arbeidsdeling mellom kjønnene: Menn utøver makt og administrerer samfunnet via spesialiserte institusjoner og formelle organisasjoner i den offentlige sfæren, mens kvinner forestår omsorgs-og reproduksjonsoppgaver i privatsfæren.<sup>217</sup>

Feministrørsla har freista å sette fokus på denne arbeidsfordelinga, og arbeidet for å betra kvinner sine rettar har ført til endringar i lovverket. I sin artikkel om kjønn som

---

<sup>217</sup> (Aakvaag 2008:207)

sosial institusjon viser Martin til Connell som hevdar at: *recent changes in the gender order are causing "a crisis of institutionalization" that has weakened the ability of the state to sustain the legitimacy of men's power over women in the form of domestic patriarchy.*<sup>218</sup> Martin seier vidare at kvinner sin kamp for likestilling har ført til at staten ikkje lenger kan vera med på å oppretthalde ei familieform som gjev menn autoritet over kvinner, og som sikrar dei kvinnene sine huslege tenester. Dette viser at feministrørsla sitt arbeid har vore med på å endra tankemønster i samfunnet. Undersøkingar viser at det er fleire kvinner enn menn som ynskjer ei lik deling av husarbeidet.

## **Kjønnet både fangar og gjev handlingsrom**

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Me sat saman i fellesrommet i kvinneavdelinga, kvinner frå kvinneavdelinga og kvinner og born frå familieavdelinga og eg. Eit born kjem frå skulen og gjev eit skriv frå skulen til mora. Skrivet er på norsk og ho ber meg om oversetting. Eg oversett til engelsk. Det handlar om foreldremøte. Kvinna med skrivet forstår ikkje engelsk, difor oversett ei anna kvinne vidare på hennar morsmål. Ho lurer på korleis ho skal få med seg det som vert sagt på foreldremøte. Etter ein del prat fram og tilbake finn dei ei løysing kor ei anna kvinne som snakkar engelsk vert med som tolk.

Den mest dynamiske forståinga av kjønn er at det er noko me skapar dagleg gjennom deltaking på ulike samfunnsarenaer. Me gjer kjønn både på individuelt, symbolsk og strukturelt nivå. Mine funn på dei ulike mottaka syner at kvinnene gjer kjønn ved at dei identifiserar seg med dei ulike omsorgsoppgåvene. Dei som er utan familie bur saman fordi kvinner treng vern frå uønska merksemd frå menn. Kjønnet både fangar og gjev handlingsrom. Det at dei har same kjøken og same opphaldsrom gjer at når situasjonar dukkar opp kan dei hjelpe kvarandre, som kvinna med skrivet frå skulen. Kvinnene fann ut i fellesskap korleis dei kunne hjelpe kvinna på foreldremøtet.

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Mange kvinner lagar mat saman til marknaden. Dotter til Maryam, Tegenet vil tilby negledekorasjon på marknaden. Til det treng ho ymse ingrediensar som må handlast på tettstaden. Maryam er uroa fordi Tegenet har aldri teke bussen åleine

---

<sup>218</sup> (Martin 2004:1260)

før. Maryam ringer då Abeba som er på skule og bed henne møte jenta på busshaldeplassen.

Atter er det kjønnet som fangar og gjev handlingsrom. Marknaden som lokalsamfunnet arrangerar og kor mottaket deltar er det kvinnene som har sagt seg viljuge til å vera med på. Førebuinga skjer i kvinneavdelinga anten dei bur der eller ikkje. I hovudsak hadde dei tenkt å laga ymse matrettar. Medan kvinnene planlegg og får ei ungjente eit innfall kor ho kan gjera noko. Mora er skeptisk til at dottera skal reise åleine til tettestaden med bussen. Løysinga kjem fordi ho sett ord på uroa. Freire kallar ordet for dialogens essens.<sup>219</sup> Freire seier at den sosiale røyndommen er eit produkt av menneskeleg verksemd. Dersom denne røyndommen skapar undertrykking kan ein fri seg frå undertrykking med hjelp av praxis, som er refleksjon og handling. Gjennom refleksjon vert undertrykkinga avslørt og gjennom praksis vert verda omforma. Handling og refleksjon må koma samstundes. Det er når menneske seier meininga si og gjer verda namn at dei endrar ho. Dette skjer gjennom dialog. Frigjerande handling er i sin natur prega av dialog.<sup>220</sup> Fordi kvinnene er så mykje saman vert det naturleg å diskutera tilhøve etter kvart som noko dukkar opp, som skrivet som ei av elevane hadde med seg frå skulen. Freire seier at: *Refleksjon over situasjonalitet er refleksjon over selve tilværelsens betingelser: kritisk tenkning som menneskene bruker for å oppdage hverandre i en situasjon.*<sup>221</sup> Det er når ein reflekterer over tilhøvet at ein kan få ny innsikt, og det gjer ein gjennom dialog. Det er òg gjennom dialog og samhandling den einskilde kan få ei kjensle av å verta anerkjent, som Mattis i *Fuglane* når han vert handsama som eit vanleg menneske av jentene som han skyssa med båt frå ei øy. Mattis vart kalla Tusten og lite rekna med.<sup>222</sup> Honneth argumenterer for at når ein vert anerkjent av andre vert ein òg anerkjent av seg sjølve som eit moralsk tilrekneleg individ.<sup>223</sup> På det viset styrkar kvinnene seg sjølve og andre og betrar tilveret.

Å vera kvinne på eit asylmottak der dei bur saman med andre kvinner nettopp fordi dei er kvinner gjer at det skapas små og store handlingsrom. Kvinnene er saman, noko som gjer at dei samtalar, samarbeider og med det styrkes samhaldet.

---

<sup>219</sup> (Freire 1974)

<sup>220</sup> (Freire 1974)

<sup>221</sup> (Freire 1974:95)

<sup>222</sup> (Vesaas 1997)

<sup>223</sup> (Honneth and Holm-Hansen 2008)

# Saman

Det heiter ikkje: eg - no lenger.

Heretter heiter det: vi.

Eig du lykka så er ho ikkje lenger  
berre di.

Alt det som bror din kan ta imot  
av lykka di, må du gi.

Alt du kan løfte av børa til bror din,  
må du ta på deg.

Det er mange ikring deg som frys,  
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Hender finn hender, herd stor herd,  
barm slår imot barm.

Det hjelper da litt, nokre få forfrosne,  
at du er varm!<sup>224</sup>

Dette diktet er skrive rett etter andre verdskrig, eit dikt som gjerne vert nytta under vanskelege tilhøve, kanskje fordi det peikar framover, mot ei lysare framtid saman, i fellesskap. Bauman seier at eit fellesskap er ei samling menneske som er samde om noko.<sup>225</sup> Det kan vere interesser og livsstil. I dette essayet vil eg forstå fellesskap ut frå dei ulike banda som kvinnene har felles, som felles språk, felles heimland og felles tru, i tillegg til dei ulike aktivitetane som dei gjer saman, som matlaging, pass av born og sjuke. I tillegg vil eg syna til kva nykelpersonar har å sei for eit fellesskap. Pålagt fellesskap vert òg undersøkt gjennom deltaking i bebuarråd.

## Språkfellesskap

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Me gjer lekser saman fordi me snakkar same språk.

Samhandling inneber alltid kommunikasjon. Ordet kommunikasjon kjem av det latinske ordet communicare som tyder å gjere felles. Hjå menneske er det vanleg å skilje mellom

---

<sup>224</sup> (Vesaas 1945)

<sup>225</sup> (Bauman and May 2004:59)

verbal og nonverbal kommunikasjon. Våre omgjevnader påkallar reaksjonar frå menneske som me svarar på gjennom kropp, rørsler og språk. Karlsen definerer språkfellesskap som eit fellesskap som *består av personer som har en felles forståelse av uttrykkene som inngår i det aktuelle språket.*<sup>226</sup>

Språk er eit fleirtydig omgrep. Når kvinnene seier at dei gjer lekser saman fordi dei snakkar same språk, kan det ha mange tydingar. Språk kan vera eit abstrakt omgrep som me kallar naturleg menneskeleg språk, som til dømes, *bare mennesker kan tilegne seg språk*. Me nyttar òg omgrepet i tydinga språkbruk, som til dømes, *kvinner og menn snakker ikkje same språk*. Omgrepet kan òg nyttast i overført tyding som til dømes, *skuespillerne må kunne utnytte kroppsspråkets muligheter*. Omgrepet vert òg nyitta i tydinga einskildspråk, som til dømes, *det snakkes meir enn 2000 språk i Afrika.*<sup>227</sup>

På eit asylmottak fins det mange enkeltspråk. I fylgje Utlendingsdirektoratet kjem dei fleste asylsøkarane til Noreg frå Eritrea, Somalia, Afghanistan og Etiopia.<sup>228</sup> Det kjem ikkje einslege kvinner frå Afghanistan, det gjer at på kvinneavdelingane er dei fleste frå Eritrea, Somalia og Etiopia. I Eritrea er dei vanlegaste forvaltingsspråka tigrinja, tigré og arabisk. Mange frå Eritrea kan òg det offisielle språket i Etiopia, amharisk. I Etiopia er dei vanlegaste forvaltingsspråka amharisk, oromo, tigray og somali. I Somalia er dei vanlegaste forvaltingsspråka somali og arabisk. I tillegg vert det snakka ein del uoffisielle språk i alle landa.

Mange av kvinnene har fleirspråkleg kompetanse, men når dei ikkje har noko anna felles språk snakkar dei oftast engelsk saman, språket som i våre dagar vert rekna som verdas lingua franca. Engelsken vert forenkla og manglar ofte böying sånn at det kan likne eit pidginspråk med utgangspunkt i engelsk. Eit pidginspråk, som er, *et språk som oppstår for å fylle et enkelt begrenset kommunikasjonsbehov blant folk som ikke kan hverandres morsmål og heller ikke har noe lingua franca å ty til.*<sup>229</sup> Mottaksengelsk vert det kalla. Det er oftast utan verb. Eit døme er at ei kvinne seier: *You tea* samstundes som ho peikar på sin eigen kopp. Denne utsegna kan tyde, eg har te eller kan eg få meir te, eller vil du ha te? Svaret: *Yes* og handlinga som kjem etter med at ho får ein kopp med

---

<sup>226</sup> (Karlsen 2009:53)

<sup>227</sup> (Theil, Simonsen, and Sveen 2000)

<sup>228</sup> (Utlendingsdirektoratet 2010)

<sup>229</sup> (Theil, Simonsen, and Sveen 2000:353)

te tyder på at ho spurte om den andre ville ha ein kopp med te vert forstått av både kvinnene. I enkle kvardagshandlingar går det greitt, men dei djupe samtalane vert det ikkje med dette språket.

I Noreg er ikkje talemålet normert som i mange andre land. Tvert i mot, så vert ein oppmoda til å tala dialekt, sjølv om det vert grammatikalsk feil i flg. skrivenormen. Alt er tillete så lenge me kan kalla det dialekt. Walton seier : *Ingen snakkar feil lenger, berre utlendingar.*<sup>230</sup> Med det meinar han at dialekten gebrokkent norsk, har me litra toleranse for i Noreg.

Nelson Mandela sa ein gong at dersom du snakkar til ein mann på eit språk han forstår, når du hovudet hans. Snakkar du til ham på hans eige språk, når du hjarta. Når me fortel bebuarane at det kjem ein ny bebuarar til mottaket der eg arbeidar er det fyrste spørsmålet. ”Kor kjem ho frå, snakkar ho same språk som eg?” Ofte vert ulike gjeremål organisert ut frå språkfellesskapet, som til dømes førebuingar til dugnad. Dei tilsette gjer det på same viset. Bebuarar med same språk vert plassert i same rom. Bebuarar med same språk vert plassert i same informasjonsprogram.

Når Nebyat, Berekete og Weldehana på distriktsmottaket seier at dei gjer lekser saman fordi dei snakkar same språket er det ikkje sikkert at det berre var det verbale språket dei sikta til. Språk i overført tyding som kroppsspråk er ein del av kommunikasjonen. Walton seier at: *Språkbruk er eitt av dei mest sentrale feltet der vi både uttrykkjer eigen identitet og er med på å skapa identiteten vår og identiteten til dei vi samhandlar med.*<sup>231</sup>

Wittgenstein ser på samanhengen mellom språk og røynda.<sup>232</sup> Når me skal undersøke eit fenomen undersøker me korleis me snakkar om fenomenet. Det vil seia at tydinga oppstår og formas ved bruk av ord. Språkspel er eit av kjerneomgrepa i Wittgenstein si språkforståing. Omgrepet syner til situasjonar der ein nyttar språket. Det er innanfor eit språkspel at ord får meaning. Døme *You tea* kunne òg hatt andre tydingar enn vil du ha te. Det kunne henda at kvinna spurte om ho hadde te, eller fortalte at ho drakk te. Bruk

---

<sup>230</sup> (Walton 2006:213)

<sup>231</sup> (Walton 2006:207)

<sup>232</sup> (Wittgenstein 1997)

av omgrepene er styrt av reglar, som er ein form for taus kunnskap, når kvenna sa ja forstod ho at ho vart bydd på te. Å førestella seg eit språk tyder å førestalla seg ein livsform. For å forstå eit språk og forstå språkreglane inneber det å forstå ein kultur.

Gullestad seier at kulturomgrepet er mangetydig og verdimesig tvetydig.<sup>233</sup> Me snakkar om det utvida kulturomgrepet, kvinnekultur, finkultur, studentkultur, innvandrarkultur, mottakskultur og så vidare. Når Bauman og May diskuterar dikotomiane kultur versus natur skil dei mellom det som kan endrast, kultur, og det som er uforanderleg, natur. Dei seier at kultur handlar om å skapa kunstig orden og på det viset lagar ein seg ein struktur som styrar framferda. Omgrepet kultur har òg eit perspektiv som vektlegg historie og tradisjon. Dersom ein vektlegg det perspektivet kan fort kulturen forkle seg som natur og det som eigentleg er kunstig kan framstå som natur.<sup>234</sup>

Eriksen foreslår å nytta omgrepet som: det som gjer kommunikasjon mogleg.<sup>235</sup> Med dette perspektivet skapest kulturen i møtet, den endrar seg og er retta mot ei framtid. Eriksen seier vidare at kultur er lært og vert overført samtidig som den vert endra. Me lærer det me treng avhengig av der me bur, som til dømes språk og matskikk. Eg trur ikkje det er skarpe grenser mellom kulturar. Korkje språk, nasjonalitet eller etnisitet treng å vera sågne grenser. I lys av dette vert det ulike ontologiske og epistemologiske utfordringar som har medført ein kritikk av metodologisk nasjonalisme når ein skal forstå og skildra sosiale fenomen.<sup>236</sup> I dei aller tidlegaste feltarbeida der ein skildrar andre kulturar var det vanleg med eit nasjonalistisk perspektiv. Det vil sei at ein tolkar andre kulturar sett frå eigen ståstad. Eriksen argumentarar for eit kulturrelativistisk perspektiv.<sup>237</sup> Det vil sia at ein tolkar andre kulturar ut frå deira ståstad. Me står i ein sosiokulturell samanheng. Andersson argumenterer difor for eit transnasjonalt perspektiv kor ein ser på sosial ulikskap og former for tilhøyrigheit som vert produsert, reproduksert og endra på tvers av nasjonalstatens grenser. *Samtidig som et transnasjonalt perspektiv bør ta utgangspunkt i lokal empiri og i folks hverdagsverdener, må det være i stand til å analysere den globale innvirkningen på menneskets bevissthet og*

---

<sup>233</sup> (Gullestad 2002:161)

<sup>234</sup> (Bauman and May 2004)

<sup>235</sup> (Eriksen 2001:60)

<sup>236</sup> (Andersson 2007)

<sup>237</sup> (Eriksen 2001)

*handlingsmuligheter.*<sup>238</sup> Den lokale empirien må inkludera røynslebasert kunnskap og handboren kunnskap.

Min kompetanse som norsktalande gjorde at eg vart innbeden til eitt av leksefellesskapet. Kvinnene hadde fått opphaldsløyve i Noreg og var opptekne av å læra seg norsk. Ein liten kuriositet må nemnast. Dei spurte om eg kunne nynorsk, for, som ei av dei sa: *Medan me venta på handsaming av søkeren lært me bokmål, og då sa eg: "jeg heter", men no som me har fått opphaldsløyve lærer me nynorsk og no seier eg: "eg heiter"*. Distriktsmottaket var plassert i ein nynorsk kommune, likevel var norskopplæringa på bokmål. Dei fleste som fekk opphaldsløyve fekk tildelt kommune i nærleiken kor nynorsk var opplæringsmålet. Her hang opphaldsløyve og nynorsk saman, på det viset vart det prestige å læra seg nynorsk. Kvinnene var opptekne av å læra seg norsk.

I NOU 2010 står det::

Det å beherske godt norsk er ofte nødvendig for økonomisk, sosial og politisk deltagelse i det norske samfunnet. Med kjennskap til norsk blir det eksempelvis lettere å ta i bruk sine demokratiske rettigheter og etablere kontakt og vennskap med personer utenfor ens nære krets.<sup>239</sup>

Det var tre kvinner frå to ulike nasjonalitetar i leksefellesskapet. Nebyat var tospråkleg og det eine språket hadde ho felles med dei andre to, difor gjorde dei lekser saman. Når ein skal læra seg eit anna språk handlar det om å tileigna seg kommunikativ kompetanse som omfattar alt som har med språkbruk å gjera, som kunnskapar om korleis ein snakkar med kven, kva tyder pausar, kor lenge har ein pausar, kva passar seg i ulike sosiale samanheng osv. Kommunikativ kompetanse handlar òg om nonverbal kompetanse, som nikking, rutinar for turtaking i samtalar osv.<sup>240</sup> Eller som Goffman seier:

Der er regler for hvordan man tager ordet og gir det videre, der er normer der synkroniserer øjenkontakten mellom den der taler, og den der lytter, der er konventioner for hvordan man indleder et socialt møde og hvordan man afslutter det.<sup>241</sup>

---

<sup>238</sup> (Andersson 2007)

<sup>239</sup> (Østberg 2010:36)

<sup>240</sup> (Theil, Simonsen, and Sveen 2000)

<sup>241</sup> (Goffman 2004:135-136)

Dei ulike språkkulturane har til dømes ulike vis å understreka poeng. Nokre hever røysta medan andre senkar ho.

Når me snakkar morsmålet vårt vil det vera ein samanheng mellom det verbale språket og kroppsspråket medan det ofte kan vera ein diskrepans når me snakkar eit anna språk, Me kan til dømes vera så opptekne av at me snakkar grammatikalsk korrekt at kroppsspråket kan senda ut signal som tyder på usikkerhet.

Når ein forsøker å læra seg eit anna språk kan ein lett koma i situasjonar kor ein vert brydd. Goffman seier at ein ofte vert brydd i sosiale situasjonar.<sup>242</sup> Sjølvkjensle og identitetar vert serskilt utfordra i ukjende sosiale situasjonar kor sjølvet vert trua. Dersom ein i sånne situasjonar er saman med menneske som er kjend med dei strategiane den einskilde kultur tek i bruk for å syta for at ein ikkje misser andletet, er ein trygga. Det gjer ein mellom anna ved å gjera lekser saman med menneske med same språk som eins eige.

Frå feltnotata frå bymottaket:

Kvar gong eg kjem opp i kvinnekorridoren ser eg at den eine enden er reservert kvinnene som høyrer til den største språkgruppa i korridoren, til tross for at det er der det er færrest sitteplassar. Som regel er det ei eldre kvinne der, Haimanot som ikkje går på skule og ei kvinne, Yaanet med eit lite born som heller ikkje går på skule.

I bøkene *Innsirkling* og *Innsirkling 2* skildrar Tiller forsøk på å bygge identitetar ved at David som har mista minnet ber andre om å fortelja kven han er.<sup>243</sup> Med ulike perspektiv vert den same personen skildrar svært så ulikt.

Me likar å tru at me kan velja våre identitetar og me gjer det til ein viss grad. Det vakte oppsikt då Susanne Sundfør trakk seg frå spelemannsnomineringa fordi ho ikkje ville vera i klassen beste kvinnelige artist.<sup>244</sup> Ho ville fyrst og fremst vere artist.

---

<sup>242</sup> (Goffman 2004)

<sup>243</sup> (Tiller 2007; Tiller and Eide 2010)

<sup>244</sup> (Ramnefjell 2011)

Identitet seier noko om tilhøvet mellom individ og samfunn og handlar om korleis me ser oss sjølve i sosiale og kulturelle samanhenger. I fylgje Honneth er sosiale relasjoner viktig for utvikling av eigen identitet og sjølvkjensle.<sup>245</sup> Han argumenterer for at me stadfestar kvarandre gjennom gjensidig anerkjenning. Medan Honneth er oppteken av kven me er, er Goffman oppteken av kva me gjer for å få stadfesting av identitet. Det skjer gjennom tilbakemelding av vår oppreten gjennom kvardagsritualar, interaksjonsritualar og kva me gjer foran og bak scena.<sup>246</sup>

Det er ikkje alltid me liker dei kategoriane me vert plasserte i. Bebuarane på asylmottaka si kategorisering av kvarandre ber òg preg av førestillingar om sosial kategori og identitet. I leksefellesskapet er kvinnene saman med kvinner som kan stadfesta deira identitet, og i den eine enden av korridoren er kvinnene saman med andre kvinner som kan stadfesta identiteten deira.

Eriksen og Neumann seier at den internasjonale forskinga kring kollektiv identitet har kome fram til fylgjande, som det er tilnærma konsensus om:

- Identitet er relasjonell. Den formes ved at et kollektiv avgrenser seg frå andre kollektiver.
- Identitet er i stadig forandring. Når relasjoner og kvaliteten i relasjoner forandrer seg, forandrer også et realsjonelt fenomen seg.
- Diskrepans mellom funksjonell integrasjon og identitetsmessig integrasjon. Ikke alle relasjoner et kollektiv inngår i er like dannende for identiteten.<sup>247</sup>

På det viset vert det skapt identitetar ved at ein avgrensar seg i høve til nokre og skapar fellesskap med andre. I fellesskapa vert det danna og endra førestellinga om kven ein er basert på gjensidig kategorisering av kvarandre.<sup>248</sup>

Gullestad viser til sitt første feltarbeid i Bergen som handla om skiljet mellom bergensarar og strilar. Bergensarane var fødd og oppvaksne i Bergen medan strilane var innflyttarar frå distriktet rundt Bergen. Det fanst namn på kategoriane og stereotypiar

---

<sup>245</sup> (Honneth and Holm-Hansen 2008)

<sup>246</sup> (Goffman 1992)

<sup>247</sup> (Neumann 2011:7)

<sup>248</sup> (Goffman 1969)

om deira karaktertrekk og interesser. Dei ulike kategoriane heldt seg med kvarandre. *Gjennom etablering av likhet i sosial samhandling får partene en bekreftelse på sitt unike menneskeverd, det vil si at de er ulike. Likheten til bestemte andre brukes da som en måte å skape seg selv på.*<sup>249</sup>

## ***Heimlandsfellesskap***

Frå feltnotata frå bymottaket:

Inne i datarommet sit tre kvinner, Haimanot, Belanesh, Bemnet og to menn . Dei ser på nyhende frå heimlandet anten på youtube eller aviser. Dei ser på grusomme videoar med lemlesting av folk. Eg spør kvifor dei ser på det. For å sjå etter vener og slekt og for ikkje å gløyme kva som skjer. Mobil ringer og video er slutt. Den eldre kvinnen, Haimanot brummar, Belanesh som er meir velkjend med data set på omspel. Dei syner meg, mange videoar, òg eldre. Bemnet går ut i korridoren og set seg framføre fjernsynet. Eg slår fylgje. Me kan ikkje snakka saman , men ho gestikulerar skyting og sôvnproblem. (mi tolking)

Mange asylsøkarar er opptekne av heimstaden som dei har flykta frå sjølv om dei ikkje ynskjer å reisa attende så lenge det er uro og krig. Håpet om ein gong å kunna reisa heim igjen er sterkt i byrjinga av opphaldet i det nye landet. Kleivas bok *Vegen heim frå Sarajevo*<sup>250</sup> handlar om ei kvinne som reiser vekk for å vere åleine med ei vond oppleveling. I tankane vert ho stadig minna om gilde episodar med syster, bror og mor. Ho snakkar mykje med mora i telefonen og mora forsøker heile tida å overtala henne til å reise heim, noko ho tilslutt klarar. Boka avsluttar med kvinnas tankar om kor gildt det skal verta heime når dei saman skal pynte til jul, ho, mora, syster og bror.<sup>251</sup>

Orienteringa mot heimlandet syner seg på ulike vis. Som regel får dei dagleg nytta morsmålet sitt. Dei har ofte felles feiring av nasjonale og religiøse høgtider eller andre merkedagar. I tillegg held dei ved like klesskikkar, matskikkar og oppsedingsformer.

Berg har skrive ein avhandling som heiter: *Eksilets stoppesteder. Frå flukt og asyl til integrering og transnasjonale liv*. Ho skildrar dei ulike stadene ein asylsøkar er innom på veg til busetting eller tilbakevending. Når det gjeld heimstadsorientering seier ho:

---

<sup>249</sup> (Gullestad 2002:71)

<sup>250</sup> (Kleiva 2009)

<sup>251</sup> (Kleiva 2009:99)

De aller fleste har en sterk hjemlandsorientering, men denne leves ut på forskjellige måter. Et lite mindretall avslutter eksiltilværelsen ved å vende tilbake til hjemlandet for godt. Flertallet finner tilpasninger som på ulike måter representerer et ”både og”. Selv om eksiltilværelsen både leves og avsluttes på ulike måter, lever de aller fleste en form for transnasjonale liv. Båndene til hjemlandet opprettholdes f eks gjennom reiser, hyppig telefonkontakt og chattegrupper på internett. I tillegg vedlikeholdes kontakten innad i eksilmiljøet – gjennom felles markering av høytider, gjennom kulturelle aktiviteter og gjennom å videreføre språk og tradisjoner til neste generasjon. De økonomiske forpliktelsene mange flyktninger har overfor slekt og venner, bidrar også til å forsterke hjemlandsorienteringen.<sup>252</sup>

I dei siste åra har returfokuset vore like viktig som integrasjonsfokuset, både i den norske offentlegheit og i satsingsområda til Utlendingsdirektoratet. Det kan vere naturleg i og med at halvparten av asylsøkarane får opphaldsløyve Noreg medan den andre halvparten må forlata Noreg. Asylmottaka må difor legga til rette for heimstadsorientering. Det vert gjort på ulike vis av dei ulike driftsoperatørane. Dei mottaka eg var på sytte for at det var nettilgong. Kvinnene i bymottaket hadde eige datarom, medan kvinnene i distriktsmottaket hadde trådlaus tilgang på avdelinga og hadde felles datarom med heile mottaket i gangen i inngangspartiet.

Datarommet kor Haimanot, Belanesh, Bemnet sat saman med to menn for å sjå på nyhende frå heimlandet var i bymottaket i kvinnenes datarom. Film kan vera eit legitimt utslepp for frustrasjon, sorg og sinne. Dei såg på nye videoar for å sjå etter kjende sa dei. Det var videoar med krigshandlingar. Dei såg òg på gamle videoar som dei hadde sett før og ville at eg skulle sjå. Uhyggelege videoar med lemlesting av folk. Eg kjende meg uvel og hadde mest lust til å gå. Det var ein selsom seanse. Dette måtte dei sjå på for ikkje å gløyma sa dei. Det kan og vera eit vis å forsona seg med sorga. Det var deira felles minne frå heimlandet. Eit minne som batt dei saman. Kanskje ei lengt til noko som kunne vore noko anna?

I distriktsmottaket sat ei kvinne og såg på nyhende frå sitt heimland.

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Eg sit saman med ein del kvinner i sittegruppa framføre fjernsynet. Ehele kjem med datamaskin og vil syne meg biletet frå hennar land. Under nyhende spør

---

<sup>252</sup> (Berg 2010:7,8)

andre om omsetting. Eg ser delvis på fjernsynet saman med dei som gjer det. Kvinna med datamaskina sit ved sida av meg og syner meg mange videoar. Så syner meg ho ein video om kvinneleg omskjæring. Ho dvelar med bileta. ”Sjå kor unge dei er”, seier ho. Ho finn nok ein video om emnet. Eg spør kvifor ho syner meg det. ”Du ville jo sjå biletet av vår kultur” sa ho, ”dette er ein del av det”. Eg spør om ho trur at kvinnene på mottaket er kjønnslemlest. ”Det er me alle” seier ho og vil ikkje snakka meir om det.

Paulo Freire som sjølve levde mesteparten av livet sitt i eksil meinte at den einskilde sin posisjon i samfunnsstrukturen ikkje er naturgitt, men er eit resultat av historiske og menneskeskapte prosessar.<sup>253</sup> Det er naudsamt å skapa medvit om samanhengen mellom livssituasjon og ytre, samfunnsmessige tilhøve, det vart gjort ved mellom anna å sjå på videoane. Det er og naudsamt å gjeva kunnskap om at andre i liknande situasjoner opplev liknande avmakt, det vart gjort med mellom anna å syna andre videoar, som til dømes til meg. Gjennom refleksjon kan undertrykking verta avslørt og gjennom handling kan verda omformas. Handling og refleksjon må koma samstundes. Det er når menneske seier meiningsa si og gjev verda namn at dei endrar ho. Dette skjer gjennom dialog. Frigjerande handling er i sin natur prega av dialog. Freire seier at: *Kritisk refleksjon er også handling.*<sup>254</sup> Dei som såg på videoane hadde flykta frå landet sitt grunna krigshandlingar som gjorde det umogeleg å setta seg opp mot undertrykkarane. Ved å sjå på videoane og på det viset halda minnet om korleis det var der ved like, anten dei vert verande i Noreg eller vel å returnera til heimlandet var det òg ein handling.

## **Matlagingsfellesskap**

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Me lagar mat saman fordi me et same type mat.

På eit asylmottak er det mange nye og spanande lukter for ein norsk gane, noko som alltid gjer meg nyfiken om kva som er i grytene og korleis det vert tillaga. Fangen seier at der er naturleg å ta ei rolle som er tilpassa personlege ferdigheiter.<sup>255</sup> Eg er interessert i mat og glad i mat. Å vera ein del av matlagingsfellesskapet var ei rolle som var svært så naturleg for meg. Eg fekk mange gode og nokre mindre gode

---

<sup>253</sup> (Freire 1974)

<sup>254</sup> (Freire 1974:115)

<sup>255</sup> (Fangen 2004)

smaksopplevingar. På distriktsmottaket kor kjøkenet hadde ein så sentral plassering at eg stod over grytene kvar dag virka det som om eg var der for å læra om dei ulike matrettane. Dersom maten ikkje vart ferdig før eg gjekk la kvinnene mat til sides som dei baud meg på seinare når eg kom attende.

Ulike matskikkar er mellom anna avhengig av historie, geografi og kultur. Det norske kosthaldet har endra seg mykje frå midten av 1800 talet då den byrjande industrialiseringa endra leveviset både i byane og på landet. Det topografiske skilje i Noreg mellom dei breie flate jordbruksbygdene på austlandet og dei høge fjella, dei djupe fjordane og kystlandskapet på vestlandet gjorde at på vestlandet vart det drive eit utstrakt sauehald, noko som gjorde at det er meir vanleg å ete saukjøt på vestlandet enn austlandet. På same vis er det med kyst og innland. Dei som har vakse opp langs kysten er meir van med å ete fisk frå barndommen enn dei som er vakse opp i innlandsbygdene i Noreg. Eg såg ikkje tillaging av fisk ein gong korkje på bymottaket eller distriktsmottaket. Siste dagen på distriktsmottaket ville eg takka av med å laga ein matrett til kvinnene. Då eg spurte om dei ville ha fiskesuppe var det eit resolutt nei. Det vart fårikål, noko alle likte.

Ulike kulturar har ulike matskikkar. Òg ulike kulturar i same land har ulike matskikkar. Det me et, matpreferansane våre, er påverka av til dømes økonomi, utdanning, sosialt miljø, politisk og ideologiske verdiar, helseideal, kroppsideal osb. Matpreferansar har etter kvart vorte viktige identitetmarkørar som til dømes når det gjeld; tradisjonsmat, hurtigmat, helsemat, etisk mat, økologisk mat osb.

Bourdieu kallar slike identitetmarkørar for distinksjonar. Det vil seia å vere i stand til å vurdera og oppfatta ulik smak, det vere seg språkbruk, kunst, mat og liknande.

Taste is thus the source of the system of distinctive features which cannot fail to be perceived as a systematic expression of a particular class of conditions of existence i.e., as a distinctive life-style, by anyone who possesses practical knowledge of the relationships – between the universe of objective properties, which is brought to light by scientific construction, and the no less objective universe of life-styles, which exists as such for ordinary experience.<sup>256</sup>

---

<sup>256</sup> (Bourdieu and Nice 1984:175)

Bourdieu meinar at sosiale grupper med felles røynsler vil ha felles smak. Det vil sei at verda erfaras frå ein særskild posisjon og røynslene pregar ein. Han meiner at ulike smakspreferansar vert tillagt ulik grad av prestisje og kan ikkje veljas fritt fordi den vert tileigna tidleg i livet. Det er mellom anna dette som vert kalla kulturell kapital. Omgrepet vert nytta til å sjå ulike posisjonar og samanlikna dei.<sup>257</sup>

Når kvinnene seier at dei lagar mat saman fordi dei et same type mat har dei på førehand kategorisert kvarandre og kvarandre sin smak vedrørande mat. Mat kan òg sjåast på som rekvisittar i det identitetsskapande arbeidet, eller identitetsmarkørar.

## ***Trusfellesskap***

Dei dominerande religionane på kvinneavdelingane er islam og kristendom som ortodoksi og protestantisme. Religion er avgjerande for mange menneske i dei daglege gjeremåla til tross for at me lever i eit sekularisert samfunn. Religion har å gjera med riter, tru på gud eller gudar, bøner, heilige stader, religiøse autoritetar og så vidare. Martinussen argumenterer for å sjå på religion som ein sosial institusjon som vert definert som: *Et integrert sett sanksjonerte normer omkring en sentral oppgåve eller overordnet verdi i samfunnet.*<sup>258</sup> Han lagar vidare eit oversyn over dei sosiale mönstra som kjenneteiknar ulike sosiale institusjonar som religion, mellom anna seier han at religionens sentrale samfunnsverdi er meininga med livet, å skapa tryggleik.

Frankl var jøde og overlevde konsentrasjonsleirar. Han mista mesteparten av familien sin og meiner at han overlevde fordi han hadde von om å få møta sine kjære igjen. Røynslene frå leirane vart nytta i utvikling av ein terapi som går ut på å hjelpe menneske til å finna ei livsoppgåve fordi då er ein i stand til å overleve det meste. Frankl meiner at *menneskets søken etter mening er en primær kraft i dets liv.*<sup>259</sup>

---

<sup>257</sup> (Aakvaag 2008)

<sup>258</sup> (Martinussen 1991:184)

<sup>259</sup> (Frankl 1993:96)

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Weldehana kjem ut frå badet, våt i andletet etter vasking, med eit handklede i handa. På veg inn til rommet sitt ser ho på meg og seier: Kan du koma inn å sjå på leksene våre når me har bedt?

Medan eg skriv på denne oppgåva er mange opptekne av VM i skisportens Mekka som Holmenkollen vert kalla. Arabiske ord og uttrykk pregar språket vårt meir enn mange er klar over.<sup>260</sup> Allereie i vikingtida hadde nordmenn omfattande kontakt med den muslimske verda. I nyare tid har ein del nordmenn kontakt med den muslimske verda gjennom skipsfart. Dei siste åra har me fyrst hatt ein del muslimske arbeidsinnvandrarar og no kjem mange muslimske asylsøkarar. Likevel vert ofte muslimar sett på som eit framandt element i Noreg. Det kan skuldast klesstil, i hovudsak til kvinnene, og anna ulikt levevis. Ikkje alle muslimar er såkalla praktiserande muslimar, det vil seia at dei tek omsyn til lydnadshandlingane som er ein del av religionsutøvinga. Mange av kvinnene på asylmottaka tok omsyn til det. *Islam betyr at du skulle vitne at der er ingen gud utan Allah og at Muhammed er Allahs budbærer, at du skulle overholde bønnene, betale velferdsbidraget, faste i ramadan og foreta pilgrimsreisen til Huset viss du har midlene som skal til.*<sup>261</sup>

Dei fem søylene i islam er :

1. Trusvedkjeninga. Den er islams grunnsetning kor ein godkjenner Allah som herre. Når ein seier trusvedkjeninga forpliktar ein å overhalde dei andre pliktene i islam. Denne vedkjeninga er det fyrste ein skal sei om morgonen og det siste ein skal sei før ein sovnar om kvelden.
2. Bønene. Fem gonger i døgeret må muslimane bed. Før dei ber må dei vaska seg, sånn som kvinna på mottaket hadde gjort.
3. Velferdsbidraget. Det handlar om å gje almisser til dei fattige.
4. Fasten. I årets niande månad er det faste for alle muslimar med visse unnatak som til dømes, sjuke og gravide. Fasten avsluttas med ein stor fest, *id al-fitr*, noko ein òg markerar på mange asylmottak.
5. Pilegrimsreisa. Ein gong i livet bør ein reisa til Mekka.

---

<sup>260</sup> (Opsal 1994)

<sup>261</sup> (Opsal 1994:56,57)

Mange asylsøkarar kjem frå land kor desse levereglane er institusjonalisert i samfunnet og i kroppane.<sup>262</sup> Dei er vane med å høyra bønerop når dei skal be og dei har tilgong til moskear. Dei som budde på bymottaket hadde tilgong til moske, men dei som budde på distriktsmottaket hadde lang veg til moske. Dei fleste asylmottaka har laga til eit rom kor dei som vil kan be, men dei fleste kvinnene bad på romma sine. I leksefellesskapet var alle muslimar og dei bad saman på rommet. Dei ber kvar for seg dei bønene som dei skal be og har ikkje noko felles bøn. Fellesskapet er då at dei er saman og bed til den same guden og på det viset styrker kvarandre. I tillegg fortalte dei meg at dei høgtida Id saman etter at dei var ferdige med fasten i Ramadan.

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Ehele kom og spurte om eg ville vere med på møte i kristeleg fellesskap. Eg gjekk med henne. Dei hadde bibelstudie. Det føregjekk på tre språk. Borna bråka i gangen utanfor, dei andre såg ikkje ut til at dei merka det. Etterpå fortalte Ehele at ei av dei andre i fellesskapet hadde vore songar i heimlandet og ho hadde ein CD. Den ville eg gjerne høyre. Medan ho henta den spurte eg Ehele meir om fellesskapet. Kva det innebar for henne. ”Alt”, sa ho. ”Om eg dør er det ingen som vil sakna meg, eg har ikkje nokon, familien vil ikkje ha noko med meg å gjere sidan eg vart ein kristen”.

På asylmottaka var det protestantar, pinsevenner, katolikkar og ortodokse kristne. I kristendommen tilbed ein Gud, som skaparen og Jesus, som frelsaren. Det kristne gudstenestelivet er organisert i ein årssyklus:

- Jula vert feira til minne om Jesu fødsel, den vert feira av alle kristne.
- Fasteperioden som innleier påska vert ikkje rekna som ei plikt av dei protestantiske kyrkjene. Dei som tilhøyrer den ortodokse kyrkja fastar.
- Påska er ei viktig høgtid, då feirar ein Jesu siger over døden.
- Kristi Himmelfartsdag vert feira 40 dagar etter påske.
- Pinsa er den viktigaste høgtida for pinsevennene. Då feirer ein koma til den Den Heilage Ande.
- Mariadagar, som Marias unnfangelsesdag, fødselsfest og bodskapsdag vert feira av dei ortodokse.
- Nattverd er eit måltidsrite kor ein minnest krossfestinga. Dei ulike kyrkjene legg ulikt innhald i nattverden.

---

<sup>262</sup> (Shilling 1999)

Livsløpsriten vert òg feira av dei kristne:

- Dåp en er kristendommens innviingsrite.
- Konfirmasjon er eit rite kor ein stadfestar dåpen.
- Bryllaup er eit rite kor ein prest stadfestar ekteskapskontrakten.
- Jordfesting i vigsla jord framhevar tru på ei oppstode.

Høgtidene og livsløpsritene vert feira i dei kristne kyrkjene. På bymottaket hadde alle tilgong til kyrkjer, som ei av kvinnene sa det:

Frå felnotata frå bymottaket:

”Når eg vil på gudsteneste kjem dei frå kyrkjelyden og hentar meg.”

På distriktsmottaket kunne nokre av kvinnene reisa til tettstaden for å gå på gudsteneste, men dei syntest at det vart for sjeldan, difor skipa dei sitt eige kristne fellesskap.

Frå felnotata frå distriktsmottaket:

Så var det samling med kristeleg fellesskap. Ei gruppe skipa til av nokre bebuarar. Dei møtes tre gonger i veka til bøn og deling av Guds ord. Det møtte to menn og fire kvinner inkludert meg. Møtet var i lokala til barnebasen på mottaket og varte om lag to timer. Det bestod av at den einskilde tok ordet anten med bøn, deling av Guds ord eller song som dei andre slutta seg til. Samlinga var helst på morsmål og litt på engelsk.

Ein annan dag hadde nokre kvinner sett seg rundt ein bærbar datamaskin på kvinneavdelinga. Der såg dei på ei mengd med kvitkledde menneske som stod på ein plass og song. Kvinnene hadde dekka til med ymse matrettar som dei baud meg medan dei forklåra kva dei gjorde. Dei feira Meskel som er ei stor høgtid i den ortodokse kyrkja. Det gjorde dei ved å eta god mat og sjå på you-tube som syner tidlegare Meskelfeiringar. Når dei kristne møtest på det viset er det for å styrka kvarandre i trua og å ta ansvar for kvarandre. På det viset stadfestar dei òg kvarandre sin identitet og anerkjenn kvarandre.<sup>263</sup>

---

<sup>263</sup> (Honneth and Holm-Hansen 2008; Goffman 1992)

## **Omsorgsfellesskap**

Frå felnotata frå distriktsmottaket:

Når eg kjem inn i kvinneavdelinga ser eg to kvinner som bærer ei seng ned trappene, difor spør eg om dei skal flytta. ”Nei”, seier den eine, ”eg må flytta inn til ho som har brote foten fordi ho som har ansvaret for henne på dagtid må sove saman med borna sine om nettene. Eg skal ha ansvaret om nettene”. Seinare spurte eg dei tilsette om dei visste om flyttinga. Det gjorde dei ikkje, men det var ikkje første gongen at kvinnene hadde flytta inn til ei som var sjuk og hjelpetrengande fortalte dei meg.

Som sjukepleiar har omgrepet omsorg hatt ein sentral plass i mitt yrkesliv. Omgrepet er og eit ord me nyttar i daglegtale og kan ha mange meininger, som; omtanke, vern, pleie, stell, ansvar, akting, mm. På det viset kan omgrepet skildra eit menneskeleg trekk, eit ideal eller ei kjensle. Martinsen skildrar omsorg som eit relasjonelt omgrep.<sup>264</sup> Med det meiner ho at omsorg er eit mellommenneskeleg tilhøve kor det grunnleggande er at me bundne til kvarandre. Dette perspektivet omhandlar både kjensler og handlingar. Som døme nyttar Martinsen forteljinga om den miskunnsame samaritan.

Ein samaritan som var ute på reise, kom òg den vegen. Og då han fekk sjå mannen, fekk han underleg medkjensle med han. Han gjekk bort til mannen, helte olje og vin på såra hans og la forbinding på dei. Så lyfte han mannen opp på eselet sitt og førte han til eit herberge og stelte vel med han.<sup>265</sup>

Medkjensla samaritanen kjende førte til at han handla med å forbinda såra. Levinas argumenterer for eit ansvar for den *Annen*.<sup>266</sup> Møtet med den *Annen* kjem forut før erkjenninga. Den *Annen* gjer seg til kjenne i andletet som syner spor. *Men det er i den Annens spor at ansiktet lyser opp: det som her byr seg frem, er i ferd med å avsondre seg frå mitt liv og å oppsøke meg som allereie ad-skilt.*<sup>267</sup>

I møte med den *Annen* sitt andlet vaknar ansvaret, og dermed omsorga for den andre. Det er det kvinna som skal flytta inn til kvinna som har brote foten kjenner, at ho må strekka seg mot den andre. Dei tilsette bad henne ikkje om å gjera det, det var som ein

---

<sup>264</sup> (Martinsen 1989)

<sup>265</sup> (Bibelen 2003:Luk.10,33-34)

<sup>266</sup> (Levinas 2004)

<sup>267</sup> (Levinas 2004:78)

trong ho hadde sjølve. Ho som skulle sova hos kvinna var på skule på dagtid, då tok ei anna kvinne som var heime ansvaret.

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

I dag kjende eg ei umiskjenneleg lukt då eg kom inn på kvinneavdelinga. Det var kvinnene som brente kaffibøner til kaffiseremoni. Før dei helte bønene oppi vatnet gjekk dei ned til dama med den brotne foten for at ho skulle få lukte på dei.

Kvinnene tok ikkje berre omsorg for det fysiske, men det mentale og det andelege.

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Seinare på dagen bar dei kvenna opp til avdelinga og sette seg saman med mat og ein datamaskin som synt feiring av ei religiøs høgtid.

Når ein på dette viset tek omsyn til dei trong den einskilde måtte ha vert ein i fylge Honneth anerkjent :

Behov og affekter kan i en viss forstand bare bekreftes gjennom å bli direkte tilfredsstilt eller gjengjeldt, og derfor må anerkjennelsen ha karakter av affektiv tilslutning eller oppmuntring.<sup>268</sup>

## ***Nykelpersonfellesskap***

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Bebuarrådet har innbydd til bebuarmøte og eg spør om førebuinga, som til dømes om kven som skal leia møte. ”Det skal Ehele gjera,” sa Belay ”fordi dei andre bebuarane har mest respekt for henne.”

Frå feltnotat frå bymottaket:

Som vanleg var kvinnene samla rundt den eldre kvenna Haimanot.

Når ein skal fremja ei sak er det naudsamt å kartlegga ressursane.<sup>269</sup> I eit lite samfunn finn ein hurtig dei personane som har den naudsame sosiale posisjonen og sosiale kapitalen definert som tillit, sosiale nettverk og sivilt engasjement som er avgjerande for eit velfungerande lokalsamfunn.<sup>270</sup> Å bu ein stad er å gjere seg til ven med staden og

---

<sup>268</sup> (Honneth and Holm-Hansen 2008:104)

<sup>269</sup> (Kretzmann 2007)

<sup>270</sup> (Wollebæk and Selle 2002; Lyngstad 2003)

gje den meinung sånn som Danny og venene hans gjorde i Tortilla Flat i Steinbecks bok *Dagdrivergjengen*.<sup>271</sup> Original tittel på boka er Tortilla Flat som er staden kor huset ligg. Den norske oversettaren har valt å kalla boka *Dagdrivergjengen*, det som gjer staden meinung. I forordet til boka står det: *Nei, når noen snakker om Dannys hus, da forstår alle at han mener en helhet som ble dannet av mange menn.*<sup>272</sup> Boka skildrar kameratskapet til Danny og venene hans. Eit fellesskap på godt og vondt. Dei lyg og stel av andre og kvarandre, i hovudsak for å få tak i vin. Når Danny arvar eit hus flytter venene inn etter kvart. Danny var midtpunktet til gruppa, då han forsvann vart fellesskapet oppløyst. I mange små samfunn vert eldsjelene sers synlege, som på båe asylmottaka, kor det var to eldre kvinner som var nykelpersonar. I samfunnsarbeid er det naudsaamt å alliera seg med nykelpersonar dersom ein skal få gjennom ei sak, som dei gjorde på bebuarmøtet ved val av møteleiar. Twelvetrees seier at: *Effective collaborative work grows best from the careful building of contacts over a long period with key people in the target system.*<sup>273</sup> Den same Twelvetrees (2008) definerar samfunnsarbeid som: *the process of assisting people to improve their own communities by undertaking autonomous collective action.*<sup>274</sup>

## Pålagt fellesskap

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Eg spør kva dei meiner om bebuarrådet.  
”Kva er det?”  
”Eg bryr meg ikkje.”  
”Lite viktig.”

Det er andre tilhøve som er viktigare.

Dei to som er med i bebuarrådet seier at bebuarrådet eigentleg ikkje er så viktig, men det er greitt å ha noko å gjera medan dei ventar på svar.

For å sikra deltaking av asylsøkarane på eit asylmottak har Utlendingsdirektoratet gjeve retningsliner vedrørande krav om bebuarråd på asylmottaka, og skriv flg:<sup>275</sup>

---

<sup>271</sup> (Steinbeck 1972)

<sup>272</sup> (Steinbeck 1972:5)

<sup>273</sup> (Twelvetrees 2008:121)

<sup>274</sup> (Twelvetrees 2008:1)

<sup>275</sup> (Utlendingsdirektoratet 2010)

Et ordinært mottak skal bestrebe seg på å få til beboermedvirkning på flest mulig driftsområder. Det handler om at voksne beboere skal ha

- reelle påvirkningsmuligheter i saker som angår deres hverdag
- et tilbud om meningsfylte oppgaver knyttet til mottaksdriften

Samarbeidsrådet/beboerrådet har en nøkkelfunksjon i beboermedvirkningen i og med at det

- strukturerer og sikrer dialogen mellom ansatte og beboere
- er beboernes talerør overfor personalet
- deltar i mottakets plan- og rapporteringsarbeid
- uttaler seg i forbindelse med UDIs tilsyn av mottaket<sup>276</sup>

Det var difor bebuarråd både på bymottaket og distriktsmottaket, eit ynskje om bebuarmedverknad. Deltaking er eit sentralt omgrep i samfunnsarbeid, som kan romme mykje: *An infinitely malleable concept, participation can be used to evoke – and to signify – almost anything that involves people.*<sup>277</sup> Deltaking føreset ein aktivitet og ein stad. Deltaking er knytt til aktive handlingar, kommunikasjon og involvering i livssituasjoner. Deltaking kan både vere ein overordna målsetting og/eller eit virkemiddel. I tillegg er deltaking den einskilde sin mogelegheit til å styrka demokratiet. Idealet i samfunnet er det aktive og deltakande menneske.

Omgrepet deltaking er ofte nytta for å sikra underprivilegerte grupper sine rettar som, barn, sjuke, kvinner, menneske med funksjonsnedsettingar, innvandrarar og andre. For å sikra desse rettane vert det oppretta ombod, rådgjevande organ eller andre råd kor desse gruppene er representert. Desse råda har ulike perspektiv, alt frå innflytelse, dialog, styring og deltaking.

Frå feltnotata frå bymottaket:

Seinare på dagen skulle det vere bebuarråd. Berre ein møtte så det vart avlyst. Den tilsette som er ansvarleg for bebuarrådet er tidlegare asylsøkar med god røynsle frå eiga tid i bebuarrådet. Mottaket har bebuarrådsmøte ein til to gonger i mnd. Med innkalling frå den tilsette. Ho sa at det var fyrste gongen det var blitt avlyst.

---

<sup>276</sup> ibid

<sup>277</sup> (Cornwall 2008:26)

Det å skipa til møter med bebuarar på eit asylmottak er ofte problematisk er mi røynsle. Dette var på bymottaket kor det var mange andre konkurrerande aktivitetar i byen.

På distriktsmottaket var eg tilstades på eit bebuarrådsmøte. Det var eit ekstraordinært møte kor ein av dei tilsette hadde kalla inn bebuarrådet for å spør om nokre bebuarar ville vere med på ein lokal marknad.

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Fungerande mottaksleiar gjekk fram og baud på kaffi. Bebuarane kom etter kvart og me snakka om laust og fast. Mykje om matrettar frå ymse land. Bebuarrådet representerte tre ulike land. Samtalen var på engelsk. Me snakka og lo og stemninga var god og tida gjekk. Tilslutt sa Astrid at me måtte byrja møtet.

Bebuarrådet nytta høve då dei var samla til å ta opp andre tilhøve, som bruk av data, felleskjøken og reingjering. Dei sa at dei ville kalla inn til bebuarmøte same kveld for å spør om nokre bebuarar ville vera med på marknaden som Astrid spurte om dei ville vera med på, det var eit ynskje frå bygda.

Frå feltnotata frå distriktsmottaket:

Etter møtet spurte eg kven som var sjefen for bebuarrådet. Kontoret fekk eg til svar. Men, sa eg nå er det jo de som kallar inn til møtet ikveld, kven er då sjefen? Belay peika på Ehete og ho peika på han. Så lo dei og sa at det var demokratisk. Eg spurte om det var greitt at eg kom på møtet og det var det.

Den dagen dei hadde kalla inn til møte var det skulefri og dei fleste bebuarane var på mottaket. Hadde mottaket vore plassert meir sentralt er det ikkje sikkert at dei hadde vore der. Møtet vart halde på kontoret, av den grunn fungerte mottaksleiar som vertinne. Ho utførte si rolle ut frå dei normative krav ein forventar frå ei i hennar stilling.<sup>278</sup> Utlendingsdirektoratet forventar at det skal vere bebuarråd på mottaket og då er det hennar oppgåve å syta for at det fungerar. Goffman skil mellom rolle og rolleutføring. Rolleutføring er det ein gjer i rolla. Mottaksleiar baud på kaffi. Det å by på mat eller drikke gjer me for at folk skal føle seg vel og velkomne. I tillegg gjeld dette ei gruppe med låg sosial status som iflg. Honneth har ein forventing om å verta handsama med respekt på same sett som alle andre, grunna erfaring av krenkelsar mot intuitive

---

<sup>278</sup> (Goffman 2004:194)

rettferdsoppfatningar.<sup>279</sup> Sånn vert det laga eit godt samarbeidsklima både mellom bebuarane og bebuarar og dei tilsette.

Ofte vert omgrepa deltaking og medverknad nytta saman, som å delta i politiske val. Eit lokalsamfunn med kjensle forutset at mange i samfunnet deltek i felles aktivitetar og dugnader. Men, kva slags form for deltaking er det å vere med i bebuarråd? Arnstein presenterer ein stige med åtte steg kor ho skildrar grad av deltaking.<sup>280</sup> I det nedste steget som han kallar manipulasjon vert borgarane plassert inn i komitear og styrer i den hensikt å læra dei opp eller bruka dei som ”gissel” for å få gjennomført saker. Dersom mottaksleiar hadde fortalt bebuarane at dei skulle vera med på marknad i staden for å spørja dei, hadde bebuarrådet vore på det steget. I det andre steget som vert kalla behandling vert ikkje ressurssvake menneske tekne på alvor, men i staden plassert i grupper med terapi. Ingen av desse to trinna innehold deltaking av borgarane. I det tredje steget som vert kalla informering vert borgarane informerte om sine rettar og plikter. Her vert grad av deltaking målt etter kor mange som deltek på informasjonsmøte, tar med seg brosjyrar eller svarer på eit spørjeskjema. I det fjerde steget som vert kalla konsultering vert borgarane innbydde til å komme med behov og ynskje. Det er på dette steget eg meiner at bebuarrådet er. Stega fire, fem og seks er alle symbolistiske eller ”liksomdeltaking”. Dei kan òg vere legitime skritt mot reell deltaking. I steg fem som heiter blidgjering vert gjerne nokre få handplukka til å vere med i ulike styre. I det sjette steget som heiter partnarskap vert makt fordelt gjennom forhandling mellom borgarane og makthavarane. I det sjuande steget har borgarane høve til å avgjera spesielle planar eller program. Det åttande steget som vert kalla borgarkontroll trur eg korkje Utlandingsdirektoratet eller politikarar ynskjer at bebuarrådet skal ha. Men, det å ha eit bebuarråd er ei form for deltaking av bebuarar på asylmottak. Mange tidlegare asylsøkarar som no er tilsett på mottak har tidlegare vore med i bebuarråd. På lang sikt kan det vera viktig, men på kort sikt er det ikkje mange som syns det. Deltaking føreset at ein er fysisk til stades og at ein skal kunne yta det beste for fellesskapet som igjen yter det beste for den einskilde. Freire kallar førestellinga om eit skilje mellom tilveret og mennesket for *bank-oppfatning*. Då er ein tilskodar og ikkje *gjen-skapar*.<sup>281</sup> Dersom ein er ein tilskodar registrerer ein berre det

---

<sup>279</sup> (Honneth 2009)

<sup>280</sup> (Arnstein 1969)

<sup>281</sup> (Freire 1974:59)

som skjer. Skjervheim seier at ein ikkje kan objektivera seg sjølve. Me er i verda og då deltar me og er engasjerte.<sup>282</sup>

## ***Samvær, samarbeid, samtale, samhald***

I dette essayet har eg synt korleis ein kan forstå fellesskap ut frå dei ulike banda som kvinnene har felles, som språk, heimland og tru, i tillegg til dei ulike gjeremåla kvinnene gjer saman, som matlaging og pass av born og sjuke. I tillegg har eg synt kor viktig det er med nykelpersonar i fellesskap. Til tross for at bebuarane ikkje ser nytta av bebuarråd kan det fungera som eit fellesskap dersom det vert gjeve dei rette vilkåra.

Det er gjennom dei daglege gjeremåla som kvinnene gjer saman at praten går og alliansar skapas på same vis som bornepassarane som vart oppmoda av arbeidsgjevarane til å ta borna med ut i West Los Angeles Park.<sup>283</sup> Der møtte dei andre i same ærend og utvikla etter kvart eit fellesskap kor dei tok ansvar for kvarandre og kvarandre sine barn i tillegg til at dei gav kvarandre gode råd vedrørande arbeidstakars rettar. På same vis var det med sjølvordskandidatane kor fellesskapet på bussen gjorde at sjølvordskandidatane fann livsgnist og heller ville leva enn å døy.<sup>284</sup> Det var gjennom dialog og handling at sjølvordskandidatane og bornepassarane var med på å betra tilhøvet for kvarandre på same vis som nokre av fellesskapa eg fann på dei ulike asylmottaka.

---

<sup>282</sup> (Skjervheim 1996)

<sup>283</sup> (Armenta 2009)

<sup>284</sup> (Paasilinna 2008)

## Tilvisinger

- Alver, Bente Gullveig, and Ørjar Øyen. 1997. *Forskingsetikk i forskerhverdag: vurderinger og praksis*. [Oslo]: Tano Aschehoug.
- Andersson, Mette. 2007. Migrasjon som utfordring. Kritikk av metodologisk nasjonalisme. In *Grenser for kultur?*, edited by Ø. F. o. T. H. Eriksen. Oslo: Pax Forlag.
- Armenta, A. 2009. Creating Community: Latina Nannies in a West Los Angeles Park. *Qualitative Sociology* 32 (3):279-292.
- Arnstein, S. R. 1969. A ladder of citizen participation. *Journal of the American Planning Association* 35 (4):216-224.
- Askheim, Ole Petter. 2007. Empowerment - ulike tilnærmingar. In *Empowerment i teori og praksis*, edited by O. P. A. o. B. Starrin. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A.S.
- Auerbach, C.F., and L.B. Silverstein. 2003. *Qualitative data: An introduction to coding and analysis*: NYU press.
- Barvik, Geir. 2010. *Integrering i distriktskommunar*. IMDI 2010 [cited 1-11-2010 2010]. Available from <http://www.imdi.no/no/Kunnskapsbasen/Innholdstyper/Rapporter/2010/IMDI-rapport-7-2010-Integrering-i-distriktskommunar/>.
- Bauman, Zygmunt, and Tim May. 2004. *Å tenke sosiologisk*. Oslo: Abstrakt forlag as.
- Bech-Karlsen, Jo. 2003. *Gode fagtekster: essayskriving for begynnere*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berg, B. 2010. Eksilets stoppesteder, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Norges teknisk-naturvitenskapelig universitet, Trondheim.
- Bibelen. 2003.
- Bourdieu, P, and R Nice. 1984. *Distinction: A social critique of the judgement of taste*: Harvard Univ Pr.
- Bracht, N., L. Kingsbury, and C. Rissel. 1999. A five-stage community organization model for health promotion: empowerment and partnership strategies. *Health Promotion at the Community Level* 2:83-104.
- Bratlie, Knut. 2003. *Lov om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven) av 14. 04.2000 nr. 31, Arbeidsnotater*. Drammen, Hønefoss, Kongsberg: Høgskolen.
- Brekke Jan-Paul, Aarset Five Monica, Liden Hilde, Andenæs Kristian. 2010. Innvandring og flukt til Norge. edited by I. R. (2010:002). Oslo: Institutt for samfunnfsforskning.
- Brekke, JP. 2004. While we are waiting. *Uncertainty and empowerment among asylum-seekers in Sweden*. Oslo: Institute for Social Research 2004:10.
- Brekke, JP, and V Vevstad. 2007. Reception conditions for asylum seekers in Norway and the EU. Oslo: Institute for Social Research.
- Butler, J. 1988. Performative acts and gender constitution: An essay in phenomenology and feminist theory. *Theatre Journal*:519-531.
- committee, UDHR drafting. 2011. *The Universal Declaration of Human Rights*. United Nations 1948 [cited 01-08 2011]. Available from <http://www.un.org/en/documents/udhr/>.
- Cornwall, A. 2008. Unpacking 'Participation': models, meanings and practices. *Community Development Journal*.
- Day, G. 2006. *Community and everyday life*: Psychology Press.
- Dirdal, K. 2002. Fortsatt på Flukt.

- Douglas, Mary. 1997. *Rent og urent: en analyse av forestillinger omkring urenhet og tabu*. Oslo: Pax.
- Drangsland Karianne Klovholt, Fugleseth Bente Beckstrøm. 2009. Asylmottak som nærmiljø. edited by B.-r. 01/09. Bergen: Senter for byøkologi.
- Eia, Harald, and Ole-Martin Ihle. 2010. *Født sånn eller blitt sånn?: utro kvinner, sjalu menn og hvorfor oppdragelse ikke virker*. [Oslo]: Gyldendal.
- Ellingsen, Arnfinn. 1998. *Det er bruk for alle: styrking av folkehelsearbeidet i kommunene : utredning fra et utvalg oppnevnt av Sosial- og helsedepartementet 16. juli 1997 : avgitt til Sosial- og helsedepartementet 17. november 1998*. Oslo: Statens forvaltningstjeneste, Statens trykning.
- Engesland, Bents. 2011. *Asylsøknader fordelt på statsborgerskap*. Utlendingsdirektoratet 2011 [cited 26.03 2011]. Available from <http://www.udi.no/Oversiktsider/Statistikk-og-analyse/Statistikk-/Asyl/Asylsøknader-fordelt-pa-statsborgerskap/Asylsøknader-fordelt-pa-statsborgerskap-2010/>.
- Eriksen, Thomas Hylland. 2001. *Flerkulturell forståelse*. Oslo: Universitetsforl.
- Eriksen, Thomas Hylland, and Torunn Arntsen Sørheim. 2006. *Kulturforskjeller i praksis: perspektiver på det flerkulturelle Norge*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Fangen, Katrine. 2004. *Deltagende observasjon*. Bergen: Fagbokforl.
- Fisher, Robert. 2007. Social Action Community Organizing: Proliferation, Persistence, Roots, and Prospects. In *Community Organizing and Community Building for Health*, edited by M. Minkler. New Brunswick: Rutgers University Press.
- Flyktningehjelpen. 2011. *Verdens flyktningesituasjon*. NRC Flyktningehjelpen 2011 [cited 28-01-2011 2011]. Available from <http://www.flyktninghjelpen.no/?aid=9079309>.
- Folkestad, H. 2003. Institusjonalisert hverdagsliv. En studie av samhandling mellom personale og beboere i bofellesskap for personer med utviklingshemming.
- Fosse, Jon. 1993. *Stengd gitar: roman*. Oslo: Samlaget.
- Frankl, Viktor E. 1993. *Kjempende livstro*. Oslo: Aventura.
- Freire, Paulo. 1974. *De undertryktes pedagogikk*. Oslo: Gyldendal.
- Fuchs, S. 2001. Beyond agency. *Sociological Theory* 19 (1):24-40.
- Gadamer, Hans-Georg, and Helge Jordheim. 2003. *Forståelsens filosofi: utvalgte hermeneutiske skrifter*. Oslo: Cappelen.
- Garsjø, Olav. 2008. *Institusjonssosiologi: perspektiver på helse- og omsorgsinstitusjoner*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Gieryn, T. F. 2000. A space for place in sociology. *Annual Review of Sociology* 26 (1):463-496.
- Gilje, Nils, and Harald Grimen. 1993. *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger: innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Goffman, E. 1983. The interaction order: American Sociological Association, 1982 presidential address. *American Sociological Review*:1-17.
- Goffman, Erving. 1967. *Anstalt og menneske: den totale institution socialt set*. [København]: Paludan.
- . 1969. *The presentation of self in everyday life*. London: Penguin.
- . 1992. *Vårt rollespill til daglig: en studie i hverdagslivets dramatikk*. Oslo: Pax.
- . 2000. *Stigma: om afvigerens sociale identitet*. Oslo: Pensumtjenesten.
- . 2004. *Social samhandling og mikrosociologi*. København: Gyldendals bogklubber.
- Gray, John. 1992. *Menn er fra Mars, kvinner er fra Venus: kunsten å forstå det motsatte kjønn*. Oslo: Hjemmet.

- Grimen, H. 2007. *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter*. 3. utgave ed. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grimsø, Ingeborg. 2010. *Asylmottak*. Utledningsdirektoratet, 06.10.2008 2008 [cited 27-1-2010 2010]. Available from <http://www.udi.no/Sentrale-tema/Asylmottak/>.
- . 2010. *Asylprosessen*. Utledningsdirektoratet, 08.01.2010 2010 [cited 1-11-2010 2010]. Available from <http://www.udi.no/Sentrale-tema/beskyttelse/Behandlingen-av-asylsaker/>.
- Grønmo, Sigmund. 2004. *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforl.
- Gullestad, Marianne. 2002. *Det norske sett med nye øyne: kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Heidegger, Martin. 2000. *Sproget og ordet*. København: Hans Reitzel.
- Heidegger, Martin, and Lars Holm-Hansen. 2007. *Væren og tid*. Oslo: Pax.
- Helsedirektoratet. 2010. *Hva er nøkkelhullet*. Mattilsynet 2010 [cited 18-3-2010 2010]. Available from [http://www.nokkelhullsmerket.no/nokkelhull/Hva\\_era\\_n\\_kkelhullet/](http://www.nokkelhullsmerket.no/nokkelhull/Hva_era_n_kkelhullet/).
- Henriksen, Kristin. 2010. *Innvandring og innvandrere*. SSB 2010 [cited 1-11-2010 2010]. Available from <http://www.ssb.no/flyktninger/>.
- Hoijer, B. 2008. Ontological assumptions and generalizations in qualitative (Audience) research. *European Journal of Communication* 23 (3):275.
- Honneth, Axel. 2009. Foraktens sosiale dynamikk. *Agora* 4:140-158.
- . 2009. Mellom Aristoteles og Kant. Skisse til anerkjennelsens moral. *Agora* 4:159-176.
- . 2009. Moralbevissthet og sosialt klasseherredømme. *Agora* 4:177-194.
- Honneth, Axel, and Lars Holm-Hansen. 2008. *Kamp om anerkjennelse: om de sosiale konfliktenes moralske grammatikk*. Oslo: Pax.
- Huseby, H. G. 2008. Mellom barten og veden. En antropologisk studie av ansatte ved to norske asylmottak og deres håndtering av ulike rolleforventninger.
- Hutchinson, Gunn Strand. 1999. *Samfunnsarbeid i sosialt arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Høgkommisæren. 2010. *Guidelines for Gender-based Violence Interventions in Humanitarian Settings*. Høgkommisæren for flyktningar 2005 [cited 15-02-2010 2010]. Available from <http://www.unhcr.org/cgi-bin/texis/vtx/search?page=search&docid=453492294&>.
- . 2008. *Convention and Protocol*. Media Relation and Public Information Service 2007 [cited 20-10 2008]. Available from <http://www.unhcr.org/protect/PROTECTION/3b66c2aa10.pdf>.
- Håvamål. 2010. Heimskringla [cited 18-02-2010 2010]. Available from <http://www.heimskringla.no/wiki/H%C3%A5vam%C3%A5l>.
- Haavind, Hanne. 2000. *Kjønn og fortolkende metode: metodiske muligheter i kvalitativ forskning*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Ibsen, Henrik. 1991. *Et dukkehjem: skuespill i tre akter*. Oslo: Gyldental.
- IMDI. 201+0. *Bosetting*. IMDI 2010 [cited 1-11-2010 201+0]. Available from <http://www.imdi.no/no/Bosetting/>.
- Jensen, Johan T. 2011. *Dublin-konvensjonen*. Utenriksdepartementet 2011 [cited 25.03.2011 2011]. Available from <http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/dok/regpubl/stppr/20002001/Stppr-nr-38-2000-2001-/4/1.html?id=204258>.
- Kari Anne Klovholt Drangsland. 2010. *Kulturell veving*. Senter for byøkologi 2010 [cited 1-12-2010 2010]. Available from <http://kulturellveving.no/>.

- Karlsen, Gunnar. 2009. *Språk og argumentasjon for samfunnsvitere*. Bergen: Fagbokforl.
- Kinnes, Tormod. 2011. *Håvamål* Tormod Kinnes 2007-2011 [cited 12-08-2011 2011]. Available from <http://oaks.nvg.org/havamal.html#41f>.
- Kleiva, Rønnaug. 2009. *Vegen heim fra Sarajevo*. Oslo: Samlaget.
- Klepsvik, Tove. 2011. *Saman*. Tove Klepsvik 2011 [cited 20.06.2011 2011]. Available from <http://alleme-saman.blogspot.com/>.
- Kløvstad, Helene C., and Karen Jacobsen. 1961. *Verden er stor: for annen halvdel av tredje skoleår*. Vol. 4, *Thorbjørn Egners lesebøker*. Oslo: Cappelen.
- Kretzmann, John L. McKnight and John P. 2007. Mapping Community Capacity. In *Community Organizing and Community Building for Health*, edited by M. Minkler. New Brunswick: Rutgers University Press
- Ledwith, Margaret. 2005. Community development: a critical approach. edited by J. Campling and M. Ledwith. Bristol, UK: Policy Press.
- Levinas, E. 2004. *Den annens humanisme [Humanism of the Other]*, Emmanuel Levinas. Skien: Digibok A/S.
- Low, SM. 2009. Towards an anthropological theory of space and place. *Semiotica* 2009 (175):21-37.
- Lubbers, Ruud. 2011. *Sexual and Gender-Based Violence against Refugees, Returnees and Internally Displaced Persons*. United Nations High Commissioner for Refugees 2003 [cited 10.01.2011 2011]. Available from <http://www.unhcr.org/cgi-bin/texis/vtx/search?page=search&docid=3f696bcc4&query=women%20violence>.
- Lyngstad, Rolv. 2003. *Makt og avmakt i kommunepolitikken: rammer, aktørar og ideologi i det lokale folkestyret*. Bergen: Fagbokforl.
- Málstöð, Íslensk. 2009. *Orðabanki*. Íslensk Málstöð 1997 [cited 10-05 2009]. Available from <http://www.ismal.hi.is/ob/birta/index.cgi>.
- Malterud, K. 2002. Kvalitative metoder i medisinsk forskning-forutsetninger, muligheter og begrensninger. *TIDSSKRIFT-NORSKE LAEGEFORENING* 122 (25):2468-2472.
- Martin, P. Y. 2003. Gender as Social Institution. *Social Forces* 82:1249.
- . 2004. Gender as Social Institution. *Social Forces* 82 (4).
- Martinsen, Kari. 1989. *Omsorg, sykepleie og medisin: historisk-filosofiske essays*. [Oslo]: TANO.
- Martinussen, Willy. 1991. *Sosiologisk analyse: en innføring*. Oslo: Universitetsforl.
- Mathisen, T. 2007. Tittel: En verden i miniatyr Undertittel:-en mikrososiologisk studie av samhandling mellom beboere i asylmottak Publisert år: 2007 Dokumenttype: Masteroppgave Språk: Norsk Bokmål.
- Mauss, Marcel. 1995. *Gaven: utvekslingens form og årsak i arkaiske samfunn*. [Oslo]: Cappelen akademisk forl.
- Mortensen, Ellen. 2008. *Kjønnsteori*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Mortensen, Frode. 2011. *Krav til bemanning og kompetanse i ordinære statlige mottak*. Utlandingsdirektoratet 2010 [cited 02.07.2011 2011]. Available from <http://www.udiregelsverk.no/sitecore/content/Home/Rettssilder/UDI%20rundskriv/RS%202010-084%20Krav%20til%20bemanning%20og%20kompetanse%20i%20ordin%C3%A6re%20statlige%20mottak.aspx>.

- . 2011. *Rutiner og satser for økonomiske yteler til beboere i statlige mottak*. Utledningsdirektoratet, 28.06.2011 2011 [cited 01.07.2011 2011]. Available from <http://www.udiregelverk.no/default.aspx?path={28623EAB-BF6E-4BC3-BEAC-242061A35AEA}>.
- . 2011. *Satsingsområde for statlige mottak*. Utledningsdirektoratet 2011 [cited 02-05-2011 2011]. Available from <http://www.udiregelverk.no/sitecore/content/Home/Rettssilder/UDI%20rundskriv/RS%202011-001%20Satsingsomr%C3%A5der%20for%20statlige%20mottak%20i%202011.aspx>.
- Nafstad, Hilde Eileen, Rolv Mikkel Blakar, and Arne Johan Vetlesen. 2009. *Fellesskap og individualisme*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Neumann, Thomas Hylland Eriksen og Iver B. 2011. Norsk idetitet og Europa. In *Europautredningen*. Oslo: Europautredningen.
- Norberg-Schulz, Christian. 1992. *Mellom jord og himmel: en bok om steder og hus*. Oslo: Pax.
- NOU. 1999. *NOU 1999:13: Kvinners helse i Norge* Oslo: Statens forvaltningstjeneste.
- Opsal, Jan. 1994. *Lydighetens vei: islams veier til vår tid*. Oslo: Universitetsforl.
- Per-Ivar Nikolaisen, Elin Skogøy. 2010. *Den glemte volden i asylmottakene*. Amnesty International Norge 2008 [cited 15-2-2010 2010]. Available from <http://www.amnesty.no/web.nsf/pages/6065AEC537B4443EC1257508004323F5>.
- Prieur, Annick, Carsten Sestoft, Kim Esmark, and Lennart Rosenlund. 2006. *Pierre Bourdieu: en introduktion*. København: Reitzel.
- Paasilinna, Arto. 2008. *Kollektivt selvmord*. Oslo: Achehoug.
- Ramnefjell, Geir. 2011. Vil ikke være "kvinnelig artist". *Dagbladet,no Kultur*.
- Rasmussen, Elisabeth. 2009. *Flyktningregnskapet*. Oslo: Flyktningehjelpen.
- Shilling, C. 1999. Towards an embodied understanding of the structure/agency relationship. *British Journal of Sociology* 50 (4):543-562.
- Sivertsen, HB. 2007. Barn i asylmottak: en kvalitativ studie.
- Skirbekk, Gunnar. 2005. *Den filosofiske uroa: i spenninga mellom tvil og tru*. Oslo: Universitetsforl.
- Skjelsbæk, I. 1997. *Gendered Battlefields: A Gender Analysis of Peace and Conflict*: International Peace Research Institute.
- Skjervheim, Hans. 1996. *Deltakar og tilskodar og andre essays*. Oslo: Aschehoug.
- Språkrådet. 2009. *På godt norsk – avløserord*. Språkrådet, 09-03-2009 2009 [cited 10-05 2009]. Available from <http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Raad/Norsk-for-engelsk/>.
- Steinbeck, John. 1972. *Dagdrivergjengen*. [Oslo]: Den Norske bokklubben.
- Stoknes, M. 2007. "Oss" og "dei Andre" på Bømlo. Ein studie av representasjonar og diskursar i det rurale rom.
- Sudmann, TT. 2009. (En) gendering body politics. Physiotherapy as a window on health and illness.
- Sudmann TT og Henriksbø K. 2010. *Hva kan samfunnsarbeid være i 2009?* Nordiske Sosialhøgskoles komite, 6-8 august 2009 2009 [cited 18-11 2010]. Available from <https://files.itslearning.com/data/hib/30028/Samfunnsarbeid.pdf>.
- Sveen, Karin. 2005. *Frokost med fremmede: ei bok om tilhørighet*. Oslo: Oktober.
- Theil, Rolf, Hanne Gram Simonsen, and Andreas Sveen. 2000. *Innføring i lingvistikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Thesen, J. 2005. From oppression towards empowerment in clinical practice—offering doctors a model for reflection. *Scandinavian Journal of Public Health* 33 (66 suppl):47.
- Tiller, Carl Frode. 2007. *Innsirkling*. Oslo: Aschehoug.
- Tiller, Carl Frode, and Anderz Eide. 2010. *Innsirkling*, 2. [Melhus]: Lydbokforl.
- Turner, V. 1979. Frame, flow and reflection: Ritual and drama as public liminality. *Japanese Journal of Religious Studies* 614:465.
- Turunen, Paivi. 2004. Samhallsarbete i Norden. Diskurser och praktiker i omvandling. Vaxjo: Vaxjo University Press.
- Twelvetrees, Alan. 2008. *Community work*. London: Palgrave.
- UN. 2010. *Convention on the Elimination of All Forms of Discrimination against Women*. UN 1979 [cited 25-01-2010 2010]. Available from <http://www2.ohchr.org/english/law/cedaw.htm>.
- UNHCR. 2008. *Convention and Protocol*. Media Relation and Public Information Service 2007 [cited 20-10 2008]. Available from <http://www.unhcr.org/protect/PROTECTION/3b66c2aa10.pdf>.
- Utlendingsdirektoratet. 2010. *Adresselister asylmottak*
- Utlendingsdirektoratet 2008 [cited 24-3-2010 2010]. Available from <http://www.udi.no/Sentrale-tema/beskyttelse/Nyttig-informasjon/Adresselister-asylmottak/>.
- . 2010. *Hva er et desentralisert mottak?* UDI, 25-06-2008 2008 [cited 05-02-2010 2010]. Available from <http://www.udi.no/Nyheter/2008/Hva-er-et-desentralisert-mottak-/>.
- . 2010. *Satsingsområde for statlige mottak*. UDI 2008 [cited 22-02-2010 2010]. Available from <http://www.udiregelverk.no/sitecore/content/Home/Rettssilder/UDI%20rundskriv/RS%202008-057%20Satsingsomr%C3%A5der%20for%20statlige%20mottak%20i%202009.aspx>.
- . 2010. *969 asylsøkere i august*. UDI 2010 [cited 09.09.2010 2010]. Available from <http://www.udi.no/Nyheter/2010/969-asylsokere-i-august/>.
- . 2010. *UDI regelverk*. UDI 2010 [cited 29-01-2010 2010]. Available from [http://udiregelverk.no/default.aspx?path={A7969A83-03DB-46E1-8D7F-70FFE3015904}#\\_Toc206904560](http://udiregelverk.no/default.aspx?path={A7969A83-03DB-46E1-8D7F-70FFE3015904}#_Toc206904560).
- . 2010. *Veileder i beboermedvirkning*. Utlendingsdirektoratet 2010 [cited 1-12-2010 2010]. Available from <http://www.udiregelverk.no/default.aspx?path={056D2E11-EE40-4D0F-97CC-62DA14175B73}>.
- Utne, Ivar. 2010. *Etiopiske navn*. UIB 2007 [cited 18-09 2010]. Available from <http://folk.uib.no/hnoiu/navn/freg/lister/etiopisk.htm>.
- van Dijk, R, J Bala, F Öry, and S Kramer. 2002. Now we have lost everything. *Asylum seekers and their experiences with health care*. *Medische Antropologie* 13:284-301.
- Vesaas, Halldis Moren. 1945. *Tung tids tale: dikt*. Oslo: Aschehoug.
- Vesaas, Tarjei. 1997. *Fuglane: roman*. [Oslo]: Gyldental.
- Vetlesen, Arne Johan. 2009. Fellesskap i individualismens tidsalder. In *Fellesskap og individualisme*, edited by H. E. N. o. R. M. Blakar. Oslo: Gyldental Norsk Forlag AS.
- Viggen, Marit. 2010. *Mens de venter. En kartlegging av informasjon til beboere i asylmottak*. Direktoratet for forvaltning og IKT 2009 [cited 18-4 2010].

- Available from <http://www.difi.no/artikkel/2009/11/informasjonsarbeid-i-asylmottak>.
- Wadel, C. 1987. *Now, Whose Fault is That, The Struggle for Self-Esteem in the Face of Chronic Unemployment*: Memorial University of Newfoundland.
- Wadel, Cato. 1991. *Feltarbeid i egen kultur: en innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*. Flekkefjord: SEEK.
- Wallerstein, Meredith Minkler and Nina. 2007. Improving Health through Community Organization and Community Building. In *Community Organizing and Community Building for Health*, edited by M. Minkler. New Brunswick: Rutgers University Press.
- Walton, Stephen. 2006. Språkleg normalitet. In *Normalitet*, edited by T. H. E. o. J. K. Breivik. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- WHO. 2009. *Health Promotion Glossary*. WHO 1998 [cited 01032009 2009]. Available from <http://www.who.int/healthpromotion/about/HPR%20Glossary%201998.pdf>.
- Wiborg, A. 2004. Place, nature and migration: Students' attachment to their rural home places. *Sociologia Ruralis* 44 (4):416-432.
- Wirth, L. 1938. Urbanism as a Way of Life. *American journal of sociology* 44 (1):1-24.
- Wittgenstein, Ludwig. 1997. *Filosofiske undersøkelser*. Oslo: Pax.
- Wollebæk, Dag, and Per Selle. 2002. *Det nye organisasjonssamfunnet: demokrati i omforming*. Bergen: Fagbokforl.
- Østberg, Sissel. 2010. *Mangfold og mestring: flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringssystemet :utredning fra utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 24. oktober 2008 : avgitt til Kunnskapsdepartementet 1. juni 2010, Norges offentlige utredninger*. Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.
- Aakvaag, Gunnar C. 2008. *Moderne sosiologisk teori*. Oslo: Abstrakt forl.
- Aase, Tor Halfdan, and Erik Fossåskaret. 2007. *Skapte virkeligheter: kvalitativt orientert metode*. Oslo: Universitetsforl.

## **Vedlegg**

- Vedlegg 1 Tiltråding frå NSD.
- Vedlegg 2 Vedlegg i e-post til dei forespurte asylmottaka.
- Vedlegg 3 Informasjonsskriv til beburane. Forespørrel om deltaking.
- Vedlegg 4 Information letter. Question regarding participation.

Vedlegg 1

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Kjell Henriksbø  
Avdeling for helse- og sosialfag  
Høgskolen i Bergen  
Postboks 7030  
5020 BERGEN

Harald Hårfagres gate 29  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel: +47-55 58 21 17  
Fax: +47-55 58 96 50  
[nsd@nsd.uib.no](mailto:nsd@nsd.uib.no)  
[www.nsd.uib.no](http://www.nsd.uib.no)  
Org.nr. 985 321 884

Kjell Henriksbø  
Avdeling for helse- og sosialfag  
Høgskolen i Bergen  
Postboks 7030  
5020 BERGEN

Vår dato: 20.07.2010

Vår ref: 24576 / 3 / LMR

Deres dato:

Deres ref:

## TILRÅDING AV BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 19.06.2010. Meldingen gjelder prosjektet:

24576 Fellesskap  
Behandlingsansvarlig Høgskolen i Bergen, ved institusjonens øverste leder  
Daglig ansvarlig Kjell Henriksen  
Student Tove Klepsvik

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.

Personvernombudets tilråding forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, vedlagte prosjektvurdering - kommentarer samt personopplysningsloven/-helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, [http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk\\_stud/skjema.html](http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html). Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 25.06.2011, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen  
Bjørn Henrichsen

Kontaktperson: Linn-Merethe Rød tlf: 55 58 89 11  
Vedlegg: Prosjektvurdering  
Kopi: Tove Klepsvik, Sandal, 5281 VALESTRANDSFOSSEN

Avdelingskontorer / District Offices:  
Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@ui.no  
kapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyrr.e.svarva@sv.ntnu.no  
etet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmaa@sv.uit.no

## Vedlegg 2

Eg er masterstudent i samfunnsarbeid ved høgskulen i Bergen og tek til med masteroppgåva i haust, 2010. I samband med det lurer eg på om eg kan få gjere feltarbeid på dykkar asylmottak i perioden september, oktober 2010?

For tida arbeider eg som miljøarbeidar på Arna asylmottak. Mi oppgåve er å skipa i stand aktivitetar. I samråd med bebuarane set me opp ein plan med dei aktivitetane dei vil ha, likevel er det få som kjem. Det er og vanskeleg å rekna med dei på informasjonsmøte og bebuarråd. Bebuarane er i hovudsak opptekne av handsaminga av asylsøknaden. Det same syner tidlegare forsking som er gjort på asylmottak.

Tidlegare forsking syner og at det trengs meir kunnskap om samhandling mellom bebuarane på mottak og med lokalmiljø.

I samfunnsarbeid er me opptekne av kollektivt endringsarbeid og då må det finnas eit kollektiv/ fellesskap. Eg legg til grunn at menneske er sosiale vesen som søker samhandling med andre. Korleis bebuarane gjer det på eller utanfor mottaket er det eg vil forske på og har foreløpig fylgjande problemstilling: Korleis lagar bebuarar på eit asylmottak fellesskap?

Eg vil nytta deltagande observasjon som metode ved å vere tilstades med bebuarane i samhandlingssituasjonar både i og utanfor asylmottaket. Feltnotata som er skrive for hand vil eg oppbevara i eit låst skap og dei som er skrive på data vil eg berre lagra på høgskulen sin database. Det er berre eg og veiledaren min på høgskulen som vil ha tilgang til desse. Opplysningane vert handsama konfidensielt, og ingen enkeltpersonar vil kunne kjenna seg att i den ferdige oppgåva som skal vere avslutta våren 2011. Det er frivillig å vere med og ein kan trekka seg når som helst, då vert dei innsamla opplysningane anonymisert.

Med helsing Tove Klepsvik

Vedlegg 3

Informasjonsskriv.

Forespørsel om deltaking.

Eg er masterstudent i samfunnsarbeid ved høgskulen i Bergen og tek til med masteroppgåva i haust, 2010 medan eg arbeider som miljøarbeidar på Arna asylmottak.

Eg legg til grunn at menneske er sosiale vesen som søker samhandling med andre.

Korleis bebuarane gjer det på eller utanfor mottaket er det eg vil forske på og har foreløpig fylgjande problemstilling: Korleis lagar bebuarar på eit asylmottak fellesskap?

Eg vil nytta deltakande observasjon som metode ved å vere tilstades med bebuarane i samhandlingssituasjonar både i og utanfor asylmottaket. Felnotata som er skrive for hand vil eg oppbevara i eit låst skap og dei som er skrive på data vil eg berre lagra på høgskulen sin database. Det er berre eg og veiledaren min på høgskulen som vil ha tilgang til desse. Opplysningane vert handsama konfidensielt, og ingen enkelpersonar vil kunne kjenna seg att i den ferdige oppgåva som skal vere avslutta våren 2011. Det er frivillig å vere med og ein kan trekka seg når som helst, då vert dei innsamla opplysningane anonymisert.

Med helsing Tove Klepsvik

#### Vedlegg 4

Information letter.

Question regarding participation.

I am a master student in community work at Høyskolen i Bergen (Bergen University College) and are going to write my master theses this autumn 2010 while I work at Arna Reception Center.

I believe that people are social and want to interact with other people. I want to study how asylum seekers do that at the reception center and outside the reception center. My work title is: How do asylumseekers make community?

I want to use participated observation as a method by beeing together with the asylum seekers at the reception center and outside . The fieldnotes that are handwritten I will keep locked and those written on the computer I will keep at the database that belongs to the school. It is only my tutor and I that will have access to them. All information will be confidential and no one will be recogniced. It is voluntary to be a part of this and one can refuse to participate any time, in which case the information will be removed.

Tove Klepsvik